



**INDRE SOGN
SPAREBANK**

Ekte lokalbank ved di side

ÅRSMELDING & REKNESKAP

2018



INNHOLD

| | |
|------------|--|
| 3 | Året 2018 |
| 4 | Årsmelding 2018 |
| 24 | Eigarstyring og selskapsleiing |
| 30 | Stadfesting frå styret og dagleg leiar 2018 |
| 32 | Resultat- og balanserekneskap |
| 35 | Eigenkapitaloppstilling |
| 38 | Kontantstraumoppstilling |
| 40 | Rekneskapsprinsipp |
| 54 | Notar |
| 113 | Revisjonsmelding for 2018 |
| 119 | Temasider |
| 130 | Forholdstal |
| 132 | Tillitsvalde i Indre Sogn Sparebank |

ÅRET 2018

Norsk økonomi hadde eit uvanleg godt år, men auka sysselsetting og fall i arbeidsløysa.


Året 2018 var òg eit godt og svært spennande år for Indre Sogn Sparebank. Saman med lokalbankane Aurland Sparebank og Vik Sparebank, vart det semje om å fusjonera dei tre bankane til Sogn Sparebank frå 1. april 2019. Ein slik fusjon av lokale bankar i Sogn har vore eit mål for Indre Sogn Sparebank i fleire år.

Trass i hard konkurranse, auka banken forretningsvolumet mykje òg i 2018, og banken fekk eit historisk godt totalresultat. Banken har gjennomført både nedbemanning og kostnadsprogram i 2018 som har vore krevande for både dei tilsette og leiinga.

Av årsmeldinga og rekneskapet til styret, går det fram at 2018 har vore eit aktivt år med mange utfordringar.

Når vi no ser framover mot 2019, der Indre Sogn Sparebank blir ein del av lokalbanken Sogn Sparebank, er det med forventning og ei tru på at den nye Sogn Sparebank skal bli endå betre til å tena kundane våre, næringslivet og yting av gåver og sponsormidlar til lokalsamfunna våre.

Året 2019 vil bli både spennande og eit krevande arbeidsår.



Egon M. Moen
Adm. banksjef



The background image shows a panoramic view of a fjord town, likely Tromsø, Norway. In the foreground, there's a rocky outcrop. The town below is built on a hillside, with numerous houses and buildings. A winding road leads up the hill towards the town. The water of the fjord is a vibrant turquoise color. In the background, there are several large, green, forested mountains under a sky filled with dramatic, white and grey clouds.

ÅRSMELDING 2018

1. BANKEN OG VERKSEMADA

HISTORIKK

Lærdal Sparebank, skipa i 1860, Årdal Sparebank, skipa i 1906, og Borgund Sparebank skipa i 1915, vart samde om å fusjonera i 1971. Som ei følgje av dette, vart Indre Sogn Sparebank etablert i 1972.

Indre Sogn Sparebank har kontor i Øvre Årdal, Lærdal, Sogndal og Bergen. Hovudkontoret er lokalisert på Årdalstangen.

Den 18. desember 2018 vedtok generalsamlingane i Indre Sogn Sparebank, Aurland Sparebank og Vik Sparebank å fusjonera til Sogn Sparebank.

Banken har kjerneområdet sitt i personkundemarknaden, men skal òg vera ein bank for små

og mellomstore bedrifter og offentleg sektor i Indre Sogn. Banken har mange personkundar utanfor primærørdrådet. Desse kundane er viktige for vekst og utvikling av banken. Dei aller fleste av låna til personkundane i banken har pant i bustadar. I tillegg til utlån på eiga bok, har banken formidla 675 lån til personkundar gjennom Eika Boligkreditt AS (EBK) til finansiering av bustadar på til saman MNOK 1.092,65, ein reduksjon på MNOK 49,06 i høve til same periode i fjar.

Over 85,93 % av utlåna som er ytt på eiga bok og via Eika Boligkreditt AS, er no til personkundar.

VISJON

Indre Sogn Sparebank – ekte lokalbank ved di side.

FORRETNINGSIDÉ

Banken sin forretningsidé støttar opp om denne visjonen ved å tilby produkt og rådgjevings-tjenester tilpassa kundane sine behov til konkurransedyktige vilkår. Gjennom

verdiskapinga vår skal me utvisa eit samfunnsengasjement som vert opplevd som meirverdi for kundane våre, og medverkar til å gjera oss til eit naturleg val som banksamarbeid.

FORRETNINGSMESSIGE MÅL OG STRATEGIAR

Kapitaldekning

Indre Sogn Sparebank skal ha ei konsolidert kapitaldekning på minst 20,0 %, og rein konsolidert kjernekapital skal vera minst 15,8 % pr. 31.12.2018. Konsolidert kapitaldekning var 19,43 % og rein konsolidert kjernekapital var 14,74 %.

Eigenkapitalrentabilitet¹

Indre Sogn Sparebank sin eigenkapital-rentabilitet før skatt bør minst vera 8,50 %. Pr. 31.12.2018 var eigenkapitalrentabiliteten 5,04 %.

¹ Viser til notat «alternativ resultatmål i Indre Sogn Sparebank pr. 31.12.2018».



Kostnadsprosent²

Det er eit mål at kostnadene i Indre Sogn Sparebank, målt opp mot inntekter, ikkje skal vera høgare enn 60 %. Pr. 31.12.2018 var kostnadsprosenten 70,34 %.

Personalpolitikk

Personalpolitikken for Indre Sogn Sparebank sine medarbeidarar skal føra til ei effektiv organisering, trivsel, kompetanseheving og salsorientering.

Utbtepoltikk

Resultatet i Indre Sogn Sparebank vert delt høvesvis mellom sparebanken sitt fond og eigenkapitalbeviskapitalen.

Banken nytta inngåande balanse for eigenkapitalbevis med tillegg av utjamningsfond ved utrekning av eigenkapitalbevisbrøken. Indre Sogn Sparebank har som mål at 50 % av resultatet etter eigenkapitalbevisbrøken vert utbetalt som utbyte, resten vert lagt til utjamningsfondet. Kvart år vurderer styret og generalforsamlinga behov for overføring til gavefondet.

I vurderinga av utdeling av årsoverskotet til utbyte og gåver, vil det bli lagt vekt på at eigenkapitalbevisigarane sin del av samla eigenkapital, eigarbrøken, bør haldast stabil.

Samarbeid

Indre Sogn Sparebank ynskjer å vera ein lokal

styrt bank. Som ein reiskap i dette arbeidet, ynskjer banken å vidareutvikla medlemskapen i Eika Gruppen AS. I tillegg vil banken utvida samarbeidet med dei sjølvstendige sparebankane i distriktet.

Verksemda

Verksemda til Indre Sogn Sparebank er særmerkt av å vera ein lokalbank for kommunane i Indre Sogn. Nærleik til kunden, rask sakshandsaming, effektive avgjelder, og god lokalkunnskap kjenneteiknar banken. Saman med fagleg kompetanse skal dette gjera verksemda effektiv, konkurransedyktig og fleksibel.

Indre Sogn Sparebank er forvaltar av midlane til kundane i banken og skal framstå som ein ærleg, solid og truverdig samarbeidspartner overfor kundar og andre forretningssamband. Som bank er me avhengige av tillit frå omverda. Kundar, offentlege styresmakter og andre finansinstitusjonar må til alle tider ha tillit til banken sin profesjonalitet og integritet. Det inneber eit krav om at den einskilde tilsette og tillitsvalde har ei plikt til å oppdre og handla etisk forsvarleg.

Største finansielle aktør i Indre Sogn

Indre Sogn Sparebank er totalleverandør av tenester innan områda finansiering, innskot, plassering, betalingsformidling, økonomisk rådgjeving, formuesforvaltning, forsikring og eigedomsmekling.

EIKA ALLIANSEN

Indre Sogn Sparebank er aksjonær i Eika Gruppen AS. Eika Alliansen består av 68 lokalbankar, Eika Gruppen og Eika Boligkreditt AS. Eika Alliansen har ein samla forvaltningskapital på over 440 milliardar kroner, nær ein million kundar og meir enn 3.000 tilsette. Dette gjer Eika Alliansen til ein av dei største aktørane i den norske bankmarknaden, og ein av dei mest viktige aktørane for norske lokalsamfunn. Med 200 bankkontor i 148 kommunar representerer lokalbankane i Eika ein viktig

aktør i norsk finansnæring og bidreg til næringslivet si verdiskaping og mange arbeidsplassar i norske lokalsamfunn.

Den 9. januar 2018 sa 11 bankar opp alle avtalane med Eika Gruppen og datterselskapa. Avtalane går ut når dei respektive oppseiingsfristane går ut, dei fleste med tre kalenderårs frist gjeldande frå 31.12.2018. Dei i dag 10 utmelde bankane (etter fusjon av Harstad Sparebank og Lofoten Sparebank) er: Askim og

² Viser til notat «alternativt resultatmål i Indre Sogn Sparebank pr. 31.12.2018».



Spydeberg, Aasen, Drangedal, Klæbu, Harstad, Lofoten, Selbu, Sparebanken DIN, Stadsbygd, Tolga-Os og Ørland.

Lokalbanken ved di side

Lokalbankane har bidrege til økonomisk utvikling og tryggleik for privatkundar og lokalt næringsliv i norske lokalsamfunn.

Fysisk nærligheit og rådgivarar som har eit personleg engasjement for den enkelte personkunden og det lokale næringslivet gir unike kundeoppleveingar saman med den digitale hverdagsbanken. Det er kundeopplevinga som er lokalbanken sitt viktigste konkurransefortrinn og som har gjort at lokalbankene i Eika Alliansen har blant landet mest tilfredse kundar både i personmarknaden og i bedriftsmarknaden.

Eika styrkar lokalbanken

Dei viktigaste kundegruppene til lokalbankane er personkundar og det lokale næringslivet. Eika Gruppen AS styrkar lokalbankane ved å

utvikla og levera konkurransedyktige tenester og produkt, som dekkar lokalbankane og lokalbankkundane sine behov. I ein stadig meir digitalisert kvardag ynskjer kundane tilgang til endå fleire digitale tenester. Ein aukande del av tenester flyttar seg difor frå fysiske lokale til digitale plattformar. Eika Gruppen AS har eit profesjonalisert prosjekt- og utviklingsmiljø som investerer store ressursar i utvikling av nye, digitale løysingar. Løysingar som ivaretak lokalbanken sin nærligheit til, og omsorg for kunden – der kunden er.

Produktselskapa i Eika Gruppen; Eika Forsikring, Eika Kredittbank, Eika Kapitalforvaltning og Aktiv Eiendomsmegling, leverer et breitt spekter av finansielle produkt, kommersielle løysingar og kompetansehevande tenester.

Styret ser samarbeidet som særstakt viktig for utviklinga til Indre Sogn Sparebank. Ei vidare tilknyting til Eika Gruppen AS, er etter styret si mening, eit viktig strategisk val for å kunne halda fram som ein lokal styrt bank.



2. HOVUDTAL³ FOR INDRE SOGN SPAREBANK

KONSERNTAL FRÅ 2018 TIL 2014

i 1.000 kr.

| | 2018 | 2017 | 2016 | 2015 | 2014 |
|---|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|
| Forvaltningskapital | 3 746 803 | 3 512 025 | 3 326 474 | 3 300 804 | 3 538 531 |
| Tap på utlån | 4 596 | 3 898 | 1 131 | 919 | 4 327 |
| Resultat etter skatt | 20 229 | 24 973 | 18 388 | 19 454 | 24 499 |
| Totalresultat | 29 402 | 16 788 | 20 574 | 28 034 | 29 234 |
| Brutto utlån ¹ | 3 077 554 | 2 845 840 | 2 782 122 | 2 621 345 | 2 647 534 |
| Eika Boligkreditt AS ² | 1 092 653 | 1 141 709 | 1 071 270 | 983 106 | 930 809 |
| Total utlån ³ | 4 170 207 | 3 987 549 | 3 853 392 | 3 588 637 | 3 578 343 |
| Innskot frå kundar | 2 853 512 | 2 703 240 | 2 446 698 | 2 395 250 | 2 402 901 |
| Netto renteinntekter | 63 184 | 60 207 | 59 900 | 54 968 | 59 070 |
| Kostnadsprosent | 70,34 % | 68,27 % | 74,45 % | 68,40 % | 66,48 % |
| Eigenkapitalandel | 10,79 % | 10,70 % | 10,80 % | 10,42 % | 9,05 % |
| Eigenkapitalrentabilitet | 5,04 % | 7,04 % | 5,30 % | 6,03 % | 8,42 % |
| Kapitaldekning, morbank | 19,87 % | 18,96 % | 17,64 % | 16,97 % | 15,98 % |
| Kjernekapital, morbank | 17,20 % | 16,63 % | 15,92 % | 15,72 % | 14,37 % |
| Rein kjernekapital, morbank | 15,06 % | 14,86 % | 14,78 % | 15,04 % | 13,73 % |
| Rein kjernekapital, konsolidert | 14,74 % | | | | |
| Utbyte på eigenkapitalbevis i NOK, morbank | 2,00 | 0,00 | 3,00 | 4,00 | 3,25 |
| Bokført EK pr. EK bevis, morbank | 185,30 | 171,26 | 165,58 | 158,39 | 149,60 |
| Kurs på eigenkapitalbevis pr. 31.12. | 104,00 | 81,50 | 77,25 | 69,50 | 70,75 |

¹⁺²⁺³ Viser til notat «alternative resultatmål i Indre Sogn Sparebank pr. 31.12.2018».

Fra 1. januar 2017 har banken teke i bruk nytt rekneskapsprinsipp for bokføring av fondsobligasjon. Det inneber at rentekostnader som før var bokført som rentekostnader, blir ført direkte mot eigenkapitalen etter nytt prinsipp. Tal og forholdstal for åra 2013 – 2016 i tabellen er omarbeida etter nytt rekneskapsprinsipp.

³ Viser til notat «alternative resultatmål i Indre Sogn Sparebank pr. 31.12.2018».



3. PERSONALE OG ARBEIDSMILJØ

PERSONALE

Ved utgangen av 2018 hadde konsernet Indre Sogn Sparebank 34,4 årsverk. Morbanken hadde ved årsskiftet 30,4 årsverk og ein lærling. I 2018 slutta to tilsette i konsernet og fem tilsette avtalte sluttpakkar i samband med gjennomføring av banken sitt kostnads- og effektiviseringsprogram i konsernet i 2018.

Tabell nr. 1: Utvikling tal årsverk 2018 til 2014 (morbank).

| 2018 | 2017 | 2016 | 2015 | 2014 |
|---------|---------|---------|---------|---------|
| 30,40 % | 34,05 % | 36,10 % | 38,75 % | 38,75 % |

Indre Sogn Sparebank er ei lærlingbedrift, og banken har ein lærling innan faget sal og service.

Morbanken har to pensjonsordningar: Ein innskotsbasert ordning og AFP-ordning. Den innskotsbaserte ordninga gjeld for alle tilsette. Privat avtalefesta pensjon (AFP) er ei tariff-basert pensjonsordning for tilsette i privat sektor. Ytinga er livsvarig og kan bli teken ut frå fylte 62 år, under føresetnad av at vilkåra i AFP-vedtektena er stetta. Det er avtalt eigen pensjonsavtale for adm. banksjef frå fylte 62 år. Yrkesskadeforsikring, reise- og gruppeliv-forsikring er dekkja gjennom Eika forsikring.

FORSKINGS- OG UTVIKLINGSAKTIVITETAR

Banken har ikkje hatt forskningsaktivitetar i 2018, og har heller ikkje planar om dette i 2019. Utviklingsaktivitetar skjer gjennom samarbeid i Eika Gruppen AS.

HELSE, MILJØ OG TRYGGLEIK

Det er etablert eit internkontrollsysteem for helse, miljø og tryggleik (HMT).

I tillegg er det etablert eit system for varsling av kritikkverdige forhold på arbeidsplassen.

Banken føl opp sjukefråveret mellom anna ved å leggja til rette arbeidet for personar som har redusert arbeidsyting i periodar. Det er utarbeidd ein livsfasepolitikk for banken som skal gi dei tilsette meir fleksibilitet. Det som eit tiltak for å auka trivsel og førebyggja sjukefråvær.

Indre Sogn Sparebank hadde eit sjukefråvær på 1,71 % i 2018. Målet for banken er å halda seg innanfor 4 % sjukefråvær. Sjukefråværet

har gått ned med 1,53 % i 2018. Sjukefråværet er innanfor banken sitt mål og er det lågaste banken har registrert. Banken har ei god oppfølging av sjukefråværet.

Tabell nr. 2: Sjukefråværet i Indre Sogn Sparebank (morbank). Fråvær i prosent.

| 2018 | 2017 | 2016 | 2015 | 2014 |
|--------|--------|--------|--------|--------|
| 1,71 % | 3,24 % | 5,10 % | 4,20 % | 6,40 % |

Dei tilsette sine tillitsvalde og leiinga har jamlege møte. Samarbeidet har vore konstruktivt og godt, og har bidrige positivt til drifta av banken i 2018. Det har i 2018 ikkje skjedd ulukker eller skadar på arbeidsplassen.



LIKESTILLING

Indre Sogn Sparebank har ikkje utvikla ein eigen likestillingsplan. I styret er 60 % av medlemane kvinner. Dette er innanfor dei måla som er sett av styresmaktene.

I leiargruppa er 50 % av medlemane kvinner. Styret ser på kjønnsfordelinga som akseptabel, men banken arbeider likevel kontinuerleg med å oppretthalda og betra kjønnsfordelinga i leiande stillingar.

4. REKNESKAPET FOR 2018

Indre Sogn Sparebank legg fram både konsern- og morbankrekneskap i samsvar med den internasjonale rekneskapsstandarden International Financial Reporting Standards (IFRS). Rekneskapa viser eitt års samanlikningstal.

Årsrekneskapet er lagt fram under føresetnad av framleis drift. Styret kjenner ikkje til at det er vesentleg usikkerheit knytt til årsrekneskapet, og kjenner heller ikkje til ekstraordinære tilhøve som har innverknad på vurderinga av banken sitt rekneskap. Det har ikkje skjedd tilhøve etter slutten av rekneskapsåret som har verknad på vurdering av rekneskapet.

RESULTAT

I 2018 auka Indre Sogn Sparebank innteninga betydeleg. Dette trass i at konsernet har hatt omstillings- og fusjonskostander på MNOK 3,80 i 2018. Betre resultat skuldast kursvinst, auka rentenetto, auka provisjonsinntekter og lågare kostnader hensynteke ekstraordinære kostnader.

Konsernet fekk eit resultat før skatt på MNOK 25,14. Det er ein reduksjon på MNOK 4,77 i høve 2017.

Banken sitt totalresultat vart MNOK 29,40, som er historisk høgt, og var MNOK 12,61 høgare enn i 2017. Auken i totalresultatet er verdiendring og sal av finansielle eigendalar hovudsak relatert til verdiauke og nedsal av aksjane i Eika Gruppen AS.

Banken hadde netto andre driftsinntekter på MNOK 33,95 i 2018 mot MNOK 38,53 i 2017. Resultat av ordinær bankdrift (driftsresultat før skatt – kursvinst/tap på verdipapir og valuta) pr. 31.12.2018 var MNOK 23,82, mot MNOK 26,89 pr. 31.12.2017.

Tabell nr. 3: Ordinært resultat etter skatt i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Resultat etter skatt i 1.000 kr. Utvikling 2014–2018.

| 2018 | 2017 | 2016 | 2015 | 2014 | 2013 |
|--------|--------|--------|--------|--------|--------|
| 20 229 | 24 973 | 18 388 | 19 454 | 24 499 | 27 052 |
| 0,55 % | 0,72 % | 0,55 % | 0,57 % | 0,70 % | 0,79 % |

Netto rente- og provisjonsinntekter

Netto renteinntekter var MNOK 63,18 i 2018 mot MNOK 60,21 i 2017. Auken på MNOK 2,98 skuldast auka utlånsvolum, og stabil rentenettoen på 1,72% gjennom året.

Netto provisjonsinntekter var MNOK 18,40 i 2018, ein auke på MNOK 0,55. Auka inntekter frå forsikring, kort og fond har i 2018 gitt betra resultat. I tillegg har inntektene på Eika Boligkreditt AS (EBK) auka med MNOK 0,50. Styret forventar at provisjonsinntektene aukar også i 2019.

Driftskostnader

Driftskostnadene vart MNOK 67,40 mot MNOK 64,92 på same tid i fjor. Auken i



driftskostnadane skuldast omstilling-kostnader i samband med nedbemanning på MNOK 2,50, fusjonskostnader på MNOK 1,30 og eigen pensjonsavtale til adm. banksjef på MNOK 2,88. Tek banken omsyn til det, har ordinære driftskostnader gått mykje ned i 2018.

Kostnadsprosenten pr. 31.12.2018 er 70,34 %.

Målet til styret er ein stabil kostnadsprosent på 60 %. I 2018 gjennomførte banken nye kostnadstiltak mellom anna frivillige slutt-pakkar. Fem tilsette i konsernet tok i mot frivillege sluttpakkar i 2018.

Styret forventar vidare nedgang i tal tilsette i banken framover på grunn av krav til effektivisering og forventningar om sterke digitalisering og automatisering.

Tap

Banken har gått gjennom låne- og garantiporteføljen, og vurdert han i samsvar med retningslinjer fra Finanstilsynet.

Handtering av tap kjem fram i kapittelet om rekneskapsprinsipp.

Etter styret si vurdering er det etablert gode rutinar for oppfølging av tapsutsette engasjement.

Banken sine netto tapskostnader var MNOK 4,60 mot MNOK 3,90 i 2017. Av tapskostnaden var MNOK 3,24 auke i individuelle ned-skrivningar, medan forventa kredittap (ECL) etter IFRS 9 er redusert med MNOK 0,01.

Individuelle nedskrivningar og forventa kredittap (ECL) etter IFRS 9 var totalt MNOK 9,83, ein auke på MNOK 1,21.

Tabell nr. 4: Tap på utlån i perioden 2018 – 2014 i 1.000 kr.

| 2018 | 2017 | 2016 | 2015 | 2014 | 2013 |
|-------|-------|-------|------|-------|-------|
| 4 596 | 3 898 | 1 131 | 919 | 4 327 | 9 286 |

Resultat etter skatt

Resultatet etter skatt er MNOK 20,23.



Disponering av årsresultat

Styret vil på generalforsamlinga 28.03.2019 tilrå generalforsamlinga å disponera årsresultatet 2018 som følgjer:

| | I NOK 1.000 |
|--|---------------|
| | 2018 |
| FORDELING OVERSKOT | |
| Driftsresultat før skatt | 24 027 |
| Skattekostnad | -4 659 |
| Resultat etter skatt | 19 368 |
| Utvida resultat: | |
| Finansielle eigendeler tilgjengeleg for sal | 9 173 |
| Totalresultat for rekneskapsåret | 28 541 |
| Korrigert for resultatpostar ført direkte mot eigenkapital: | |
| Realiserte gevinstar overført frå fond for urealiserte gevinstar | -1 106 |
| Realiserte gevinstar overført til sparebankens fond | 1 106 |
| Overgang til IFRS 9 (netto etter skatt) | 1 356 |
| Renter på fondsobligasjon | -2 484 |
| Resultat til disposisjon | 27 413 |
| Disponeringar: | |
| Utbute på eigenkapitalbevis | 1 265 |
| Overført til sparebankens fond | 13 324 |
| Overført til utjamningsfondet | 5 385 |
| Overført til fond for urealiserte gevinstar | 9 173 |
| Realiserte gevinstar overført frå fond for urealiserte gevinstar | -1 106 |
| Overført frå sparebankens fond | -762 |
| Overført frå utjamningsfondet | -366 |
| Overført til gåvefondet | 500 |
| Sum disponert | 27 413 |

Denne disponeringa gir ei avsetning på NOK 7,93 pr. eigenkapitalbevis til utjamningsfondet. Styret vil tilrå generalforsamlinga å betala ut NOK 2,00 i utbyte pr. eigenkapitalbevis for 2018.

BALANSEN

Forvaltningskapital

Ved utgangen av 2018 var forvaltningskapitalen i konsernet MNOK 3.746,80 mot MNOK 3.512,03 i 2017. Ved det teke omsyn til at konsernet har formidla lån gjennom Eika Boligkreditt AS på til saman MNOK 1.092,65, er forvaltningskapitalen i morbank pr. 31.12.2018 MNOK 4.839,46, ein auke på MNOK 185,72 siste år.

Tabell nr. 5: Forvaltningskapitalen 2018 – 2014 i mill. kr.

| 2018 | 2017 | 2016 | 2015 | 2014 |
|---------|---------|---------|---------|---------|
| 3 746,8 | 3 512,0 | 3 326,5 | 3 300,8 | 3 538,5 |

Innskot

Innskota i konsernet pr. 31.12.2018 var MNOK 2.853,51 ein auke på MNOK 150,27 frå 31.12.2017. Innskota i morbank var ved årsskiftet MNOK 2.865,53. Innskot frå personkundar i morbank har i 2018 auka med MNOK



79,09 medan innskot frå næringslivskundar har auka med MNOK 70,60. Innskotsdekninga i morbank pr. 31.12.2018 er 93,11 %.

Utlån

Ved utgangen av 2018 var brutto utlån til kundar i konsernet MNOK 3.077,55 ein auke i 2018 på MNOK 231,71 frå 31.12.2017. Det er ein auke på 8,14 %. Utlån til personkundar i morbank har i 2018 auka med MNOK 193,75,

medan utlån til næringslivet er auka med MNOK 37,96. I tillegg formidla konsernet MNOK 1.092,65 i lån til banken sine personkundar via Eika Boligkreditt AS. I 2018 var det ein minke i porteføljen på MNOK 49,06. Sett i samanheng med Eika Boligkreditt AS hadde morbank totalt ein auke i utlåna på MNOK 182,66 eller 4,58 % i 2018, mot MNOK 134,15 eller 3,48 % i 2017.

Tabell nr. 6: Utvikling lån i perioden 2018 – 2014 i 1.000 kr.

| ÅR | 2018 | 2017 | 2016 | 2015 | 2014 |
|----------------------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|
| Brutto utlån | 3 077 554 | 2 845 840 | 2 782 122 | 2 621 345 | 2 647 534 |
| Eika Boligkreditt AS | 1 092 653 | 1 141 709 | 1 071 270 | 983 106 | 930 809 |
| Total utlån | 4 170 207 | 3 987 549 | 3 853 392 | 3 588 637 | 3 578 343 |

Verdipapir

Verdien på konsernet sine verdipapir til verkeleg verdi over resultatet var ved årsskiftet MNOK 195,28. Verdipapir til verkeleg verdi

over utvida resultat var MNOK 114,11. Dei same postane i 2017 var MNOK 156,32 og MNOK 130,31.

5. KONSERN OG TILKNYTT SELSKAP

Indre Sogn Sparebank har datterselskap Indre Sogn Sparebank Eigedomsmekling AS og ISSB Eigedom AS. Selskapet ISSB Forsikring AS er tilknytt selskap. Samtige selskap gjekk med solide overskot i 2018.

DOTTERSELSKAP

Indre Sogn Sparebank Eigedomsmekling AS

Indre Sogn Sparebank Eigedomsmekling AS er 100 % eigd av banken. Selskapet marknadsfører seg under namnet Aktiv Sogn, og meklarkontora er samlokalisert med ISSB i Øvre Årdal og Sogndal. Selskapet har pr. 31.12.2018 tre tilsette.

Selskapet omsette for MNOK 5,91 pr. 31.12.2018, mot MNOK 5,22 pr. 31.12.2017. Overskotet før skatt pr. 31.12.2018 er MNOK

0,56 mot eit underskot før skatt pr. 31.12.2017 på MNOK 0,49. Eigenkapitalen er MNOK 1,33 pr. 31.12.2018 mot MNOK 0,77 pr. 31.12.2017.

Indre Sogn Sparebank Eigedomsmekling AS hadde rekordresultat i 2018, og i tillegg til dette selde selskapet flest eigedomar av alle eigedomsmeklarselskapa i Sogn i 2018.

ISSB Eigedom AS

Indre Sogn Sparebank eig 65 % av ISSB eigedom AS som eig lokala Indre Sogn Sparebank leiger i sentrum av Sogndal.

Selskapet omsette for MNOK 0,92 pr. 31.12.2018 mot MNOK 0,61 pr. 31.12.2017. Overskot før skatt pr. 31.12.2018 er MNOK 0,77 mot MNOK 0,34 pr. 31.12.2017. Eigenkapitalen er MNOK 3,14 pr. 31.12.2018 mot MNOK 2,38 pr. 31.12.2017.



TILKNYTT SELSKAP

Indre Sogn Sparebank eig 35 % av ISSB Forsikring AS. Forsikringsselskapet er samlokalisert med ISSB i Bergen, og skal selja Eika Gruppen AS sine forsikringsprodukt særleg mot næringslivet. Selskapet har pr. 31.12.2018 to tilsette.

Selskapet omsette for MNOK 2,38 pr. 31.12.2018, mot MNOK 2,30 pr. 31.12.2017. Overskot før skatt pr. 31.12.2018 er MNOK

0,19 mot MNOK 0,21 pr. 31.12.2017. Eigenkapitalen er MNOK 0,61 pr. 31.12.2018 mot MNOK 0,50 pr. 31.12.2017.

Selskapet har i løpet av eit par år bygd opp ein forsikringsportefølje fra 0 til MNOK 11 i Bergen, og har skaffa store provisjonsinntekter til Indre Sogn Sparebank. Som ei følgje av dette var banken best på sal av næringsforsikring i Eika Gruppen i 2018.

6. EIGENKAPITALBEVIS

Banken har skrive ut 632.500 eigenkapitalbevis pålydande NOK 50. Eigenkapitalbeviset er eigenkapitalinstrumentet til sparebankvesenet. Utviklinga over tid syner at eigenkapitalbeviset har gjeve betre avkasting enn aksjeindeksane på Oslo Børs.

Eigenkapitalbevisa i Indre Sogn Sparebank er noterte på Oslo Børs. Kurs pr. 31.12.2018 var NOK 104,00 pr. eigenkapitalbevis mot NOK 81,50 pr. 31.12.2017. Det er ein auke på 28,5 % i 2018 medan Oslo Børs hadde ein nedgang på 1,84 %

Indre Sogn Sparebank sitt eigenkapitalbevis hadde mest verdiauke av alle noterte eigenkapitalbevis på Oslo Børs i 2018.

Det vart i 2018 ikkje betalt utbyte for år 2017.

Grunna låg rein kjernekapital og elles i samsvar med utbytepolitikken i banken har styret gjort framlegg om å utbeta NOK 2,00 i utbyte pr. eigenkapitalbevis for 2018. NOK 7,93 pr. eigenkapitalbevis blir tilført utjamningsfondet.

7. EIGARSTYRING OG SELSKAPSLEIING (CORPORATE GOVERNANCE)

Eigarstyring og selskapsleiing i Indre Sogn Sparebank omfattar dei mål og overordna prinsipp som konsernet vert styrt og kontrollert etter, for å sikra eigenkapitalbeviseigarane, kundar og andre grupper sine interesser i konsernet.

Verksemdstyringa skal sikra ei forsvarleg formuesforvaltning, og gi auka tryggleik for at kommuniserte mål og strategiar blir nådd og realisert.

Banken har følgjande hovudprinsipp for eigarstyring og selskapsleiing:

- Verdiskaping for eigenkapitalbeviseigarane og andre interesseggrupper
- Ein struktur som sikrar målretta og uavhengig styring og kontroll
- Ein effektiv risikostyring
- Oversiktleg, lett forståeleg og rett informasjon
- Likehandsaming av eigenkapitalbeviseigarane
- Halda lover, reglar og etiske standardar



For å ivareta interessene til eigarane med mindre andelar så finst det i vedtekten ei stemmebegrensing som inneber at ingen på møte for eigenkapitalbeviset eigarane kan avgje stemme for eigenkapitalbevis som representerer meir enn 10 % av Indre Sogn Sparebank sine totale utsteda eigenkapitalbevis.

Styret er ikkje kjend med avtalar mellom eigenkapitalbeviseigarar som avgrensar høve til å omsetja eller utøva stemmerett for eigenkapitalbevisa, utover dei avgrensingane som lovverket set for finansinstitusjonar som Indre Sogn Sparebank og banken sine vedtekter.

Indre Sogn Sparebank har ingen eigenkapitalbevisordningar for tilsette og har heller ingen planar om å innføra det.

Banken sine prinsipp for eigarstyring og selskapsleiring byggjer på «Norsk anbefaling for eierstyring og selskapsledelse». Ei nærmare utgreiing for prinsippa og praksis for føretaksstyring i samsvar rekneskapslova § 3-3b, ligg ved i årsrapporten.

8. RISIKOEKSPONERING OG INTERNKONTROLL

PRINSIPP

Drifta av banken er bunden av ei rekke tilhøve. Særleg innverknad har rente- og kredittrisiko. Andre større risikoar er likviditets- og kursrisiko i verdipapir. Bankverksemda medfører òg ein operasjonell risiko.

Styret har fastsett rutinar for rapportering til styret om utviklinga på risikoområda, og det er vedteken ein eigen finansstrategi. Det er òg utvikla eit eige internkontrollsysten for den totale bankverksemda. Styret har òg fastsett retningslinjer og prinsipp for internkontroll. Administrasjonen har ansvar for å følgja opp den daglege risikostyringa.

Indre Sogn Sparebank har dei siste åra hatt god balanse i utlåns- og innskotsveksten. Styret er merksam på risikoen ved høg utlånsvekst, og kva dette kan bety for kapitaldekninga i banken. I tillegg er styret kjend med risikoen ved å vera meir avhengig av å henta finansiering i kapitalmarknaden. Styret har difor sett mål både for kapitaldekninga og likviditeten i banken, og vil gjera tiltak dersom kapitaldekninga og likviditeten kjem under desse måla.

KREDITTRISIKO

Styret har fastsett rammer for risiko innan kredittgjeving. Kredittrisikoen vert overvaka ved misleghaldsrapportering, risikoklassifisering og bransjeanalyser.

Ein stor del av utlåna i banken er løyvd mot pant i bustad.

I primærrområdet for banken har bustadprisane i 2018 vore stabile.

Indre Sogn Sparebank har pr. 31.12.2018 ein portefølje på MNOK 1.092,65 i Eika Boligkreditt AS. Alle låna er innanfor 60 % av takst/omsetningsverdi, og styret vurderer kredittrisikoen med låna i Eika Boligkreditt AS som liten.

Utlån til næringsverksemd fører til større kredittrisiko enn utlån mot pant i bustad. Indre Sogn Sparebank har få store



næringslivsengasjement som er spreidde på fleire bransjar. Medarbeidarane i banken har god lokalkunnskap om næringslivsengasjement, og det er fastsett interne rutinar for sakshandsaming, oppfølging og tapsvurdering av engasjementa. Næringslivsengasjementa vert systematisk risikoklassifiserte. Banken har to konsoliderte engasjement over 10 % av ansvarleg kapital, det same som 2017.

I 2018 vart utlåna i morbank til næringslivet auka med MNOK 37,96. Individuelle nedskrivingar og forventa kredittap (ECL) etter IFRS 9 var totalt MNOK 9,83, ein auke på MNOK 1,21.

Sum individuelle nedskrivingar og forventa kredittap (ECL) etter IFRS 9 i morbank utgjer

0,32 % av brutto utlån pr. 31.12.2018, mot 0,30 % pr. 31.12.2017. Styret vurderer desse avsetjingane som store nok til å dekka kredittrisiko i banken. Gjennomgangen syner at næringslivsporteføljen til banken er sunn. Styret trur at kredittrisiko i næringslivsporteføljen vil vera uendra i tida framover.

Styret meiner at kvaliteten på utlånsmassen i dag er god. Styret trur likevel at det ikkje vil vera urealistisk å rekna med eit tap i storleiken 0,2 % til 0,4 % på utlån i tida framover. Det har vore ei tid med låge tap i banken, men over tid vil dette truleg jamna seg ut. Styret trur likevel at misleghaldet og tapa i 2019 ikkje vil endra seg vesentleg i høve til 2018.

MARKNADSRISIKO

Styret har fastsett rammer for risiko innan handel med verdipapir og for renterisiko.

Kursrisiko

Plassering i aksjemarknaden er i all hovudsak retta mot børsnoterte selskap og fond. Ved årsskiftet hadde banken bokført verdipapir til verkeleg verdi over resultatet på MNOK 195,28 mot MNOK 156,32 i 2017. Styret vurderer kursrisikoen i banken sine verdipapir til verkeleg verdi over resultatet som moderat. Målet til styret er å ha ei stabil langsiktig avkasting med minimal kursrisiko på banken sin portefølje.

Valutarisiko

Valutaeksponeringa i banken er moderat. Banken har ikkje valutalån på eiga bok. Valutalån vert formidla gjennom DNB Bank ASA, og Indre Sogn Sparebank stiller garanti for låna mot ordinær garantiprovisjon.

Banken garanterte ved årsskiftet for 11 valutalån med til saman motverdien av MNOK 34,38 fordelt på 9 låntakrar. Berre ein av lånekundane var næringskunde og hadde ein garanti på MNOK 2,50.

Alle garantiane er sikra med pant i fast eigedom, bustad og/eller fritidseigedom. Alle kundane med valutalån har lang erfaring med slike lån.

Denne kredittrisikoen, som følgje av valutarisikoen, vurderer styret som moderat.

Renterisiko

Renterisikoen er primært knytt til behaldninga av renteberande verdipapir. Alle fastrenteinnskot i banken har forfall før 31.12, og kundane må eventuelt fornya desse. Det er soleis ingen renterisiko knytt til fastrenteinnskot.

Indre Sogn Sparebank har ei obligasjonsportefølje pr. 31.12.2018 på MNOK 90,20. Renterisikoen er redusert ved at alle obligasjonane er knytt opp mot tre mnd. Nibor. Sett i samanheng med andre balansepostar med rentebinding, har banken likevel ein viss renterisiko.

Styret har sett opp interne rammer for renterisiko. Banken ligg godt innanfor desse rammene.




LIKVIDITETSRIKO

Skilnaden på vekst i innskot og utlån har gjort banken mindre avhengig av ekstern finansiering. Banken har pr. 31.12.2018 totalt lånt MNOK 400,59 frå pengemarknaden, ein auke på MNOK 50,38 i høve til 31.12.2017. Bakgrunnen for at innlåna har gått opp er utlånsauke på eiga bok. Styret har bygd ned innlånsporteføljen over fleire år. Likviditetsrisikoen i banken er innanfor fastsette mål. Banken har lagt vekt på at likviditetsrisikoen skal vera moderat.

Med bakgrunn i dette har banken bygd opp ein stor likviditetsreserve som pr. 31.12.2018 var MNOK 446,55 fordelt på kontantar, innskot i finansinstitusjonar, sentralbankar og unytta trekkrettar i oppgjersbanken. Banken har ein LCR⁴ (Liquidity Coverage Ratio = likvide eigendelar) pr. 31.12.2018 på 107.

Innlånsporteføljen er systematisk bygd opp med langsiktige og kortsiktige forfall.

Figur 2. Forfallsstruktur – langsiktig finansiering 2019 – 2021.



Innskotsdekninga i morbank pr. 31.12.2018 er 93,11 %, som er ein reduksjon på 2,32 % i høve til 31.12.2017. Styret har sett som mål at Indre Sogn Sparebank skal ha ei innskotsdekning på minimum 80 % av utlåna. Styret meiner innskotsdekninga og likviditetsrisikoen i banken er god og under kontroll.

KONTANTSTRAUM

Banken har utarbeidd ei kontantstraumsoppstilling. Likviditetsbehaldninga i oppstillinga tek med kontantar og fordringar på sentralbanken, og den delen av sum utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar som gjeld reine plasseringar i kredittinstitusjonar. Banken si kontantstraumoppstilling syner korleis

morbanken og konsernet har fått tilført likvide midlar, og korleis desse er brukta.

Likviditetsbehaldninga i konsernet har gått ned frå MNOK 334,89 pr. 31.12.2017 til MNOK 326,83 pr. 31.12.2018.

⁴ LCR, eller Liquidity Ratio, er eit minimumskrav til likvide aktiva i høve utrekna negativ cash flow under eit definert stressa likviditetsscenario.



OPERASJONELL RISIKO OG INTERNKONTROLL

Styret og leiringa er merksame på risiko for tap knytt til den daglege drifta av banken. Dette gjeld svikt i datakommunikasjon, system og rutinar. Feil kan også oppstå på grunn av manglende kontroll, kompetansesvikt og menneskelege feil. For å ivareta desse viktige områda, er det etablert eit system for internkontroll. Internkontrollsystemet i banken byggjer på forskrift om internkontroll fastsett av Finanstilsynet.

Adm. banksjef gir styret ei totalvurdering av internkontrollen i banken med basis i rapportar. Styret vurderer den operasjonelle risikoen som akseptabel.

Rammevilkåra for verksemda til banken er relativt stabile, og styret meiner at så vel intern som ekstern risiko er under kontroll.

9. EIGENKAPITAL OG KAPITALSTYRING

EIGENKAPITAL

Eigenkapitalen i konsern er pr. 31.12.2018 MNOK 404,12 ein auke på MNOK 28,20 frå 31.12.2017. Auken i eigenkapitalen er det største banken har hatt nokon gong på eitt år ved eigen inntjening. Eigenkapitalen i 2018 i morbanken er MNOK 400,84. Netto ansvarleg kapital i morbank er MNOK 372,30, ein auke på MNOK 42,11 samanlikna med 31.12.2017.

Eigenkapitalen utgjer 10,79 % av balansen til banken. Det er ein auke på 0,09 prosentpoeng i høve til same periode i fjar.

Tabell nr. 5: Eigenkapital Utvikling 2018 – 2014 i mill. kr.

| 2018 | 2017 | 2016 | 2015 | 2014 | 2013 |
|--------|--------|--------|--------|--------|--------|
| 404,12 | 375,92 | 359,38 | 344,07 | 320,28 | 393,64 |

Eigenkapitalen i morbanken for 2014–2015 er ikkje omrekna etter nytt rekneskapsprinsipp for bokføring av renter fondsobligasjon.

KAPITALSTYRING

Kapitalstyringa skal sikra at banken har ein ynskt storleik på eigenkapitalen vurdert ut frå selskapet sin storleik, risiko og kapitalkrav. God styring skal sikra ein optimal og effektiv bruk av eigenkapitalen.

I den årlege ICAAP-prosessen ser banken framover og gjer ulike framskrivingar på kapitalbehovet.

Styret har vedteke ei målsetting for konsolidert kapitaldekning på minst 20,0 % og ein rein kjernekapital på 15,8 % pr. 31.12.2018.

Pr. 31.12.2018 var morbank si kapital-dekning 19,87 % mot 18,96 % pr. 31.12.2017. Utrekningsgrunnlaget er auka frå MNOK 1.741,05 pr. 31.12.2017 til MNOK 1.873,97 pr. 31.12.2018. Rein kjernekapitaldekning i morbank var 15,06 % pr. 31.12.2018 mot 14,86 % pr. 31.12.2017. Rein konsolidert kapitaldekning er 14,74 %. Eigenkapitalen til morbanken har auka frå MNOK 373,50 pr. 31.12.2017 til MNOK 400,84 pr. 31.12.2018.

Banken ligg marginalt over kapitalkravet på 15,0 % i rein kjernekapital i morbanken pr. 31.12.2018.



Den 1. april 2019 vil Indre Sogn Sparebank fusjonera med Aurland Sparebank og Vik

Sparebank. Rein kjernekapital i den nye banken vil vera over 21 % ved fusjonsdatoen.

Tabell nr. 6: Kapitaldekning. Utvikling 2018-2014

| | 2018 | 2017 | 2016 | 2015 | 2014 |
|--------------------|--------|--------|--------|--------|--------|
| Kapitaldekning | 19,87% | 18,96% | 17,64% | 16,97% | 15,98% |
| Kjernekapital | 17,20% | 16,63% | 15,92% | 15,72% | 14,37% |
| Rein kjernekapital | 15,06% | 14,86% | 14,78% | 15,04% | 13,73% |

10. SAMFUNNSANSVAR

Indre Sogn Sparebank har i samband med årsmeldinga for 2018 teke utgangspunkt i rekneskapslova §3-3 c om utgreiing om samfunnsansvar.

Indre Sogn Sparebank skal skapa verdiar for den regionen me er ein del av. Det er sjølv fundamentet i verksemda vår. Utlån av kapital til både næringsutvikling og bustadbygging er den viktigaste samfunnoppgåva vår. Banken har lånt ut pengar sidan 1860, og det vil banken halde fram med gjennom fusjonen Sogn Sparebank.

DET YTRE MILJØ

Banken har ingen klar strategi på området, men det er ein viktig del av samfunnsansvaret vårt å vera bevisst på kva påverknad me har på naturen, klimaet og miljøet rundt oss.

Banken sine CO₂-utslepp er minimale. Banken har ikkje etablert eit eige klimarekneskap for verksemda grunna dei svært små CO₂-utsleppa banken har, men har dette under forløpende vurdering.

LOKALSAMFUNN

Banken har teke ei bevisst haldning til samfunnsansvar ved å oppretta eit gave-institutt med tildeling av midlar til ulike føremål etter søknad i kommunane Årdal, Lærdal og Sogndal. Banken syner også samfunnsansvar gjennom det etiske reglementet som regulerer forholdet til tilsette, kundar, konkurrentar, leverandørar, media og samfunnet generelt.

Styret meiner at Indre Sogn Sparebank skal vera ei av drivkraftene for utviklinga av næringslivet i Indre Sogn. Banken er budd på å ta del i eit slikt ansvar, men vil halda seg innanfor forretningsmessige vurderingar.

I 2018 nytta morbanken MNOK 0,65 til marknadsførings- og sponsormidlar i primær-området. I tillegg har banken etablert «gaveinstituttet» som styrer det meste av gaveverksemda.

Dersom me ser bort frå kommunane, er Indre Sogn Sparebank den viktigaste medspelaren til lag og organisasjoner i distriktet vårt. Styret har tru på at lokalsamfunna ser positivt på engasjementet til banken, og at slike tiltak er med på å styrka konkurranseevna i primærrområdet.



Banken viser med denne sponsorverksemda og gåvetildelingane eit tydeleg samfunnsengasjement, og ansvar i dei områda banken

er etablert. Dette engasjementet vil banken halda fram med.

ARBEID MOT ORGANISERT KRIMINALITET OG KORRUPSJON

Indre Sogn Sparebank er forplikta til å støtta innsats for å kjempa mot organisert kriminalitet og terrorisme. Banken har rutinar og arbeid som sikrar at banken oppfyller pliktene etter kvitvaskingslova, jamfør kapittel fire og fem, slik at kundeforhold og transaksjonar med tilknyting til utbyte av straffbare handlingar eller med tilknyting til terrorhandlingar, blir førebygd og avdekt. Dette arbeidet vert gjort for mellom anna å sikra at

midlar frå illegale kjelder ikkje kan kvitvaskast gjennom banksystemet, og deretter nyttast på lovleg vis. Arbeid med antikvitask er ei dagleg oppgåve i banken.

Banken har etablert etiske retningslinjer som årleg blir revidert. Tilsette må skriva under på at dei har gått gjennom desse. Arbeidet er ein del av banken sin antikorrupsjonspolitikk. Dette er eit arbeid som vil vera prioritert framover.

MENNESKERETTAR

Menneskerettar blir meir og meir viktig i det internasjonale forretningslivet. Indre Sogn Sparebank er ein regional bank med få internasjonale kundar. Banken er likevel bevisst på dette, og har til dømes som policy å ikkje

investera i selskap eller fond som bryt menneskerettane, inkludert born sine rettar. Banken vil arbeida meir med å inkludera menneskerettsaspektet i banken sitt samfunnsansvar.

ARBEIDSTAKARRETTAR OG SOSIALE FORHOLD

Indre Sogn Sparebank ynskjer å vera ein attraktiv arbeidsplass, som møter utfordringane med ei positiv haldning. Banken legg vekt på utvikling av banken sine medarbeidarar både fagleg og personleg, slik at dei tilsette er oppdatert på utviklinga og dei forventningar kundar og samarbeidspartar har. Banken ser det som viktig at kvar medarbeidar tek ansvar for

eiga utvikling og kompetanse. Samstundes legg banken til rette for det gjennom medarbeidersamtalar, utdanning, utvikling, sosiale arrangement og tilrettelegging.

Banken gjennomfører fortløpende sertifisering av tilsette innan fagområde der det krevst.



11. FRAMTIDSUTSIKTER

INTERNASJONALT

Verdsøkonomien viste i 2018 klare teikn på auka optimisme og sterke vekst. Aktiviteten hjå fleire av Noreg sine sentrale handelspartnerar tok seg opp og arbeidsløysa fall i fleire land til lågare nivå enn i perioden før finanskrisa. I tillegg såg ein høgare investeringsvekst og framleis sterkt vekst i forbruket. Utviklinga har vore støtta av ein svært ekspansiv pengepolitikk som har inkludert utradisjonelle tiltak, i form av verdi-papirkjøp i mange land. Det låge rentenivået

må sjåast i samanheng med ein prisvekst som har halde seg låg. I takt med at aktiviteten har auka, har sentralbankane i fleire land starta utfasinga av dei ekstraordinære tiltaka, og styringsrenta er òg heva enkelte stader.

Situasjonen i framveksande økonomiar tok seg opp òg gjennom fjaråret. Veksten enda samla sett på 4,5 prosent.

NASJONALT

Sysselsettinga auka med om lag 55 000 i løpet av 2018, i det som var eit unormalt godt år for norsk økonomi. Handelsbalansen enda med overskot på 288 milliardar kroner, godt hjelpt av relativt høge oljeprisar, og ein sterkt amerikansk dollar det meste av året. Arbeidsløysa målt ved arbeidskraftundersøkinga (AKU) til Statistisk sentralbyrå fall til 4,0 % mot slutten av året, ned fra 4,2 % i 2017.

BNP for Fastlands-Noreg dei 11 første månadane i 2018 var 2,4 %, det same som for tislvarande månader i 2017.

Konsumprisveksten i 2018 var 2,6 % omlag det same som lønsveksten, som er venta å bli 2,7 % i følgje siste pengepolitiske rapport frå Noregs Bank. Den importvegde kronekurs-

indeksen, i-44, endte omlag uendra frå 2017 til 2018, etter store svingingar gjennom året.

Bustadprisane, målt ved Eiendom Norge sin indeks, steig i 2018 med 0,8 % i same periode. Kredittveksten var avtagande gjennom året, med ein 12-månaders vekst for hushalda på 5,4 % i året til november, ned frå ein vekstrate på 6,1 % ved inngangen til året.

Noregs Bank auka foliorenta si frå 0,5 % til 0,75 % i september. Rentene på nye nedbetalingslån med pant i bustad auka med 0,11 prosentpoeng i oktober, til 2,54 %, etter å ha vore uendra sidan desember 2017.

Tal konkursar gikk opp 12 % i dei tre første kvartala i 2018, samanlikna med same periode året før.

REGIONALT

Lokalt i Sogn hevda Indre Sogn Sparebank seg godt i 2018 i den sterke konkurransen. Banken hadde god utlånsvekst og god vekst i banken sine kjerneprodukt.

Indre Sogn Sparebank er lokal styrt, noko styret trur det er ei stor føremon for distriktet og kundane.

Indre Sogn Sparebank har kompetanse til å handtera dei fleste store næringslivskundane i nærområdet.

I 2019 vil Indre Sogn Sparebank fusjonera med Aurland Sparebank og Vik Sparebank til Sogn Sparebank. Sogn Sparebank vil vera lokalt styrd, og Sogn Sparebank vil etter styret sitt



syn, skape enno større mulegheiter til ei å veksa og bidra til utvikling av næringslivet og yta gåver i regionen vår.

Styret trur at 2019 òg kan bli eit bra år for næringslivet i primærområdet til banken. Både

reiselivet, og den eksportretta næringsverksemda i regionen viser god utvikling og vilje til å satsa i regionen.

12. AVSLUTNING

Styret meiner at det framlagde årsrekneskapet saman med notar og styret si årsmelding gir eit korrekt bilet av banken si økonomiske og finansielle stilling.

Årsrekneskapet for 2018 er avgjort under føresetnad om framleis drift. Til grunn for dette ligg banken si langsigtigheit, strategiske plan, og resultatprognosar for dei nærmaste åra. Banken har ei sunn økonomisk og finansiell stilling. I 2019 vil Indre Sogn Sparebank bli samanslått med Aurland Sparebank og Vik Sparebank til Sogn Sparebank. Sogn Sparebank vil vera svært solid og gje nye mulegheiter for vidare vekst.

For disponering av resultatet syner styret til eigenkapitaloppstillinga.



13. TAKK

Styret vil takka kundane for god og lojal oppslutnad om banken i 2018. Vidare takkar styret alle tilsette og tillitsvalde for god innsats og godt samarbeid i året som gjekk.

Årdalstangen den 06. mars 2019.

Morten Kristiansen (s.)
Styreleiar

Jorunn Irene A. Nilssen (s.)

Torgeir Strypet (s.)

Anette Huun Jevnaker (s.)

Siv Enerstvedt (s.)

Egon M. Moen (s.)
Adm. banksjef



EIGARSTYRING OG SELSKAPSLEIING



EIGARSTYRING OG SELSKAPSLEIING

GENERELT

Styret skal sjå til at Indre Sogn Sparebank har god eigarstyring og selskapsleiing.
Styret skal i årsmeldinga gi ei samla utgreiing om banken si eigarstyring og selskapsleiing.

Norsk utval for eigarstyring og selskapsleiing (NUES) utarbeidar tilråding for eigarstyring og selskapsleiing. Tilrådinga skal bidra til å klargjera rollefordelinga mellom aksjeeigarar, styre og dagleg leiing utover det som føl av lovgivinga. Oslo Børs krev at noterte selskap årleg skal gje ei samla utgreiing for banken si eigarstyring og selskapsleiing i høve til tilrådinga frå NUES. Indre Sogn Sparebank føl

NUES si tilråding av 17.10.2018 Indre Sogn Sparebank har utforma policy for eigarstyring og selskapsleiing som vert vedteken av styret og blir revidert jamleg.

Policyen skal sikra at verksemdstyringa er i tråd med ålmenne, kjende oppfatningar og standardarar, og lov og føreskrift.

I samsvar med punkt ein i Norsk anbefaling, føl utgreiing om banken si etterleving av punkta i tilrådinga. Utgreiinga skal òg dekka opplysningskrava i reknesakslova §3-3b.

VERKSEMDA

Indre Sogn Sparebank er eit konsern som er morbank og datterselskapa Indre Sogn Sparebank Eigedomsmekling AS og ISSB Eigedom AS.

Verksemda til Indre Sogn Sparebank går fram av vedtekten til banken. Sparebanken har til formål å fremja sparing ved å ta imot innskot frå ein ubestemt krins av innskytarar, og å forvalta på trygg måte den midelen han rår

over i samsvar med dei lover som gjeld for sparebankar. Indre Sogn Sparebank kan utføra alle vanlege bankforretningar og banktenester i samsvar med gjeldande lovgiving. Indre Sogn Sparebank er totalleverandør av tenester innan områda finansiering, innskot, plassering, betalingsformidling, økonomisk rådgjeving, formuesforvaltning, forsikring og eigedomsmekling.

SELSKAPSSTRUKTUR OG UTBYTE

Banken skal ha ein eigenkapital som er tilpassa mål, strategi og risikoprofil. Indre Sogn Sparebank hadde pr. 31.12.2018 ein eigenkapital på MNOK 404,12.

Styret har utarbeidd ein klar og tydeleg utbytepolitikk som grunnlag for dei utbyteframlegga som vert fremja for generalforsamlinga. Utbytepolitikken er gjort kjent

gjennom årsmeldinga, og i banken sine kvartalsrapportar til marknaden og Oslo Børs.

Styret si fullmakt til å gjera kapitalhøgding skal avgrensast til definerte føremål. Fullmakta til styret bør ikkje gjevast for eit tidsrom lengre enn fram til neste ordinære møte i generalforsamlinga. Tilsvarande gjeld fullmakt til styret til kjøp av eigne eigenkapitalbevis.



LIKEHANDSAMING AV AKSJONÆRAR OG TRANSAKSJONAR MED NÆRSTÅANDE

Indre Sogn Sparebank er oppteken av å utvikla eit gjensidig tillitsforhold mellom dei viktigaste interessegruppene våre. Det vert difor lagt vekt på stor openheit overfor interessentane i marknaden, både til dei som yter banken eigenkapital og finansiering, men òg andre med relasjonar til banken. Alle eigenkapitalbevis-eigarane skal handsamast likt, og ha same høve til påverknad.

Eigenkapitalsbevisa til banken er sett i ein klasse, og skal vera fritt omsettelege.

Einaste avgrensing er lovmessige krav som for tida fastset at erverv av kvalifisert del av eigenkapitalbevisa, 10 % eller meir, krev samtykke frå Finanstilsynet.

For å ivareta interessene til eigarane med mindre andelar, så er det i vedtekten ei stemmebegrensning som inneber at ingen på møte for eigenkapitalbeviset kan avgje stemme for eigenkapitalbevis som

representerer meir enn 10 % av Indre Sogn Sparebank sine totale utsteda eigenkapitalbevis.

Dersom fortrinnsretten til eksisterande eigenkapitalbeviset eigarar vert fråviken ved kapital-høgdingar, skal det grunngjenvært.

Banken skal ha retningslinjer som sikrar at styremedlemer og leiande tilsette melder frå til styret dersom dei direkte eller indirekte har ei vesentleg interesse i ein avtale som vert inngått av banken.

Styret skal klargjera banken sitt verdigrunnlag, og har i samsvar med dette utforma etiske retningsliner for etikk- og samfunnsansvar.

Banken skal ha retningslinjer for korleis verksemda «integrerer med omverdenen» i verdiskapinga, herunder tilhøve som gjeld menneskerettar, arbeidstakarrettar, det ytre miljø, bekjemping av korruption, arbeidsmiljø og likestilling.

GENERALFORSAMLING

Ein sparebank er i utgangspunktet ein sjølveigd institusjon der styringsstrukturen og samansetninga av styringsorgana skil seg frå aksjeselskapet, jf. § 7 i aksjelova om kva for organ ein sparebank skal ha.

Generalforsamlinga er øvste organ i Indre Sogn Sparebank, og er forankra i banken sine vedteker kapittel 3. Generalforsamlinga har tolv medlemmar og åtte varamedlemmar. Generalforsamlinga er sett saman av fire grupper representantar. Ein fjerdedel av representantane er valde av innskytarane, ein fjerdedel av representantane er valde av kommunane, ein fjerdedel av representantane er valde av dei tilsette og ein fjerdedel av representantane er valde av eigenkapitalbeviset eigarane.

Det er generalforsamlinga som fastset banken sine vedteker, vel styremedlemer, vedtektsårsrekneskapet og disponerer årsresultatet.

Banken sender innkalling til rekneskaps- og valmøte til medlemene og varamedlemene i generalforsamlinga seinast 21 dagar før møtet skal haldast. Styremedlemene, og revisor vert også kalla inn til møta.

Innkallingar til møte i generalforsamlinga vert også sende Oslo Børs i samsvar med krav til offentleggjering av møta. Alle sakspapir vert sende ut med innkallinga. Møta vert leia av leiar i generalforsamlinga, med ein tilsett frå banken i møtesekretariatet. Underskriven møteprotokoll vert oppbevarte i eigen protokoll og kopi vert sendt Finanstilsynet.



VALNEMND

Valnemnda er vedtaksfesta i § 5-1 i banken sine vedtekter, og har fire medlemar og to varamedlemar. Valnemnda skal ha representantar frå alle grupper som er representert i generalforsamlinga.

Valnemnda sine arbeidsoppgåver går fram av banken sine vedtekter § 5-2, og instruks for valnemnda gitt av generalforsamlinga. Valnemnda kjem med framlegg om val av medlemar og varamedlemar til kundevalde-forstandarar, styremedlemer, eigenkapitalbevis-eigarar og valnemnda.

Valnemnda si innstilling skal grunngjevast, og skal innehalda relevant informasjon om kandidaten, med mellom anna kompetanse, kapasitet og uavhengigheit. I tillegg skal valnemnda orientera om arbeidet sitt.

Medlemmene i valnemnda vert valde for to år om gongen.

Indre Sogn Sparebank informerer i årsmeldinga om tillitsvalde i dei ulike organa.

STYRET, SAMANSETNAD OG UAVHENGIGHEIT

Styret er forankra i § 4-1 i banken sine vedtekter, og er sett saman av fem medlemar med tre varamedlemar valde av generalforsamlinga. Generalforsamlinga vel styreleiar og nestleiar. Nestleiar leiar styret sitt arbeid i styreleiar sitt fråvær, eller når styreleiar er kjend inhabil.

Kriterium for styret sine medlemar er kvalifikasjonar, kjønn, kapasitet og uavhengigheit. Styret skal setjast saman slik at det vert sett på som uavhengig av den daglege leiinga.

Styremedlemene, leiar og nestleiar vert valde for to år på valmøtet i generalforsamlinga. Styremedlemene vert av banken oppmoda til å eiga eigenkapitalbevis i banken. Styret utarbeider ein møteplan og finansiell kalender. Styret skal ha ei strategidrøfting knytt til mål, strategiar og gjennomføring minst ein gong i året.

Banken har utarbeidd ein eigen styreinstruks. Instruksen til adm. banksjef er godkjend av styre. Styret ser til at banken har god intern kontroll i samsvar med dei føresetnader som gjeld for verksemda, mellom anna banken sitt verdigrunnlag og etiske retningslinjer.

Styret skal syta for at styremedlemer og leiande tilsette skal gjere selskapet kjend med vesentlege interesser dei måtte ha i saker som styret skal handsama.

Styret har ti til tolv faste møte i året. Styret skal utarbeida klare mål, strategiar og risikoprofil for verksemda, i tillegg til at styret sikrar å handsama lovpålagde saker eller handsama saker som vedtekten/mandatet har krav om. Styret skal evaluera mål, strategiar og risikoprofil årleg.

Styret skal årleg gå gjennom banken sine viktigaste område og intern kontroll. Styret informerer i årsmeldinga om korleis internkontrollen er organisert.

På desembermøtet kvart år skal styret i eiga sak vurdere arbeidet sitt og kompetansen sin. Godtgjersle til styremedlemene skal fremjast av styret og godkjennast av generalforsamlinga. Styregodtgjersle vert elles vurdert mot styregodtgjersle hjå børsnoterte selskap, og justert etter dette. Styremedlemer, eller selskap som dei er knytte til, skal som hovudregel ikkje ta på seg særskilte oppgåver for selskapet i tillegg til styrevervet. Dersom det blir gjeve unntak skal heile styret vera informert. Honorar for slike oppgåver skal godkjennast av styret.

Det vert i årsmeldinga informert om alle godtgjersler til styremedlemene. Dersom det har vore gjeve godtgjersle utover vanleg styrehonorar, skal det spesifiserast.

Retningslinjer for godtgjersle til adm. banksjef skal fastsettast i avtale mellom partane og



godkjennast av generalforsamlinga. Anna godtgjersle til leiande personale er fastsett i avtale mellom tilsette og leiring. Styret skal informerast om honoreringsprinsipp for leiande personale.

Fastsetting av godtgjersle til adm. banksjef skal gjerast av det samla styret.

Samla godtgjersle til adm. banksjef og andre leiande tilsette skal gå fram av årsmeldinga.

REVISJONS- OG RISIKOUTVAL

Banken har etablert eige revisjons- og risiko-utval som er forankra i § 4-2 i banken sine vedtekter. Det samla styret utgjer revisjons- og risikoutval.

Oppgåvene til revisjons- og risikoutvalet er å førebu styret si oppfølging av rekneskapsrapporteringsprosessen og overvaka systema for intern kontroll og risikostyring.

Revisjons- og risikoutvalet skal ha løpende kontakt med banken sin valde revisor om revisjon av årsrekneskapet, vurdera og overvaka revisor si uavhengigheit, jf. revisorlova kapittel fire. Utvalet skal også vurdera i kva grad andre tenester enn revisjon som er levert av revisor eller revisjonsselskapet utgjer ein trussel mot uavhengigheita til revisor.

RISIKOSTYRING OG INTERNKONTROLL

Indre Sogn Sparebank har saman med Voss Veksels- og Landmandsbank ASA, Aurland Sparebank og Vik Sparebank tilsett ein Risk and Compliance Manager. Indre Sogn Sparebank er vertsbank. Dette fører til at banken har styrka risikostyringa og internkontrollen i desse bankane. Indre Sogn Sparebank har fokus på risiko- og kapitalstyring, og det er ein integrert del av styret sitt arbeid. Konsernet sin overordna risikoeksponering og risikoutvikling vert følgd opp gjennom periodiske risikorapportar til styret.

Banken si risiko- og kapitalstyring er knytt opp mot fire hovudområde:

- Kreditrisiko
- Marknadsrisiko
- Likviditetsrisiko
- Operasjonell risiko

Committee of European Banking Supervisors (CEBS) har utarbeidd retningslinjer for prosessar for styring av risiko og kapitalbehov i form av ICAAP. Styret har ansvaret for å initiera ICAAP-prosessen og kapitalplanlegginga i banken og set mål for eit kapitalnivå som er tilpassa banken sin risikoprofil og forretningsmessige rammevilkår. ICAAP-prosessen er ein integrert del av banken si samla risiko- og kapitalstyring. Minst ein gong i året skal ICAAP-prosessen med risikoområda til banken vurderast og handsamast i styret. Dette

arbeidet vert vidare lagt fram for revisor for gjennomgang.

Adm. banksjef er ansvarleg for at banken si risiko- og kapitalstyring vert følgd opp etter rammer vedtekne av styret.

Styret fastset risikoprofilen til konsernet, overordna rammer, fullmakter og retningslinjer for risikostyring i konsernet. Styret ser til at konsernet har ein ansvarleg kapital som er forsvarleg ut frå risikoprofilen til banken og krav frå styresmaktene.

På grunnlag av datamateriell produsert av Skandinavisk Data Center A/S, heretter kalla SDC og Eika Gruppen AS, utarbeider administrasjonen i banken i samarbeid med Eika Økonomiservice finansiell rapportering for Indre Sogn Sparebank. Styret fører tilsyn med at rapporteringa skjer i samsvar med gjeldande lovgiving, rekneskapsstandarar, fastsette rekneskapsprinsipp og etter styret sine retningslinjer.

Indre Sogn Sparebank har etablert ein policy for internkontroll som fastset målsetjingar, organisering og gjennomføring av internkontrollarbeidet.

Indre Sogn Sparebank skal ha årleg gjennomgang av risiko og internkontroll.



FINANSIELL INFORMASJON OG KOMMUNIKASJON

Styret har fastsett retningslinjer for rapportering av finansiell og annan informasjon. Retningslinjene er basert på openheit og teknologi til kravet om likebehandling av aktørane i verdipapirmarknaden og krav til informasjon til eigenkapitalbeviseigarane.

På banken si heimeside og Oslo Børs offentleggjer banken ein årleg oversikt, ein finansiell kalender, over datoar for viktige hendingar som forstandarskapsmøte, offentleggjering av års- og delårsrapportar og utbetaling av eventuelt utbytte.

Års- og kvartalsrapportar er tilgjengelege på

banken si heimeside og Oslo Børs.

Informasjon til marknaden elles vert formidla på banken si heimeside, på Oslo Børs og gjennom pressemeldingar.

Det er vedteke eigne retningslinjer for tilsette og tillitsvalde i banken som handlar med eigenkapitalbevis. Alle som skal kjøpa eller selja eigenkapitalbevis må søka om klarering frå adm. banksjef for å sikra likebehandling av alle eigara av eigenkapitalbevis. Ingen kan kjøpa eller selja eigenkapitalbevis dersom dei sit med kurssensitiv informasjon.

OVERTAKING

Indre Sogn Sparebank er ein sjølveigd institusjon som ikkje kan bli overtaken av andre gjennom oppkjøp. Pr. 31.12.2018 eig eigenkapitalbeviseigarane 32,48 % av eigenkapitalen i banken. Den resterande delen er kapitalfondet i banken. Ved kjøp av meir enn 10 % av eigenkapitalbevisa i banken, må kjøpar søka løyve frå Finanstilsynet. Ved oppkjøp frå banken si side vert det lagt vekt på å ivareta alle interessene på ein tilfredsstillande måte.

EKSTERN REVISOR

Revisor skal årleg leggja fram for styret og revisjonsutvalet hovudtrekka i ein plan for gjennomføring av revisjonsarbeidet.

Revisor deltek i styremøte som handsamar årsrekneskapet. I møta skal revisor gå gjennom eventuelle vesentlege endringar i rekneskapsprinsippa til banken. Dessutan skal revisor vurdera vesentlege rekneskapsestimat, og alle vesentlege forhold der det har vore usemje mellom revisor og administrasjonen. Revisor skal minst ein gong i året gå gjennom internkontrollen i banken med styret og revisjonsutvalet, identifisera svakheiter og koma med forslag til forbeteringar.

Styret og revisor skal ha minst eitt møte i året utan at adm. banksjef eller andre frå den daglege leiinga er til stades. Revisjonsutvalet skal godkjenna bruk av revisor til andre tenester enn revisjon utover det som kjem fram i den årlege revisjonsplanen. Revisjonsplanen vert lagt fram for styret og der kjem det fram kva som er revisjonsarbeid og kva som er anna arbeid.

I ordinært rekneskapsmøte i generalforsamlinga skal styret orientera om godtgjersla til revisor, fordelt på revisjon og andre tenester.

Utbytepolitikk

Resultatet i Indre Sogn Sparebank vert delt høvesvis mellom sparebanken sitt fond og eigenkapitalbeviskapitalen.

Banken nyttar inngåande balanse for eigenkapitalbevis med tillegg av utjamningsfond ved utrekning av eigenkapitalbevisbrøken. Indre Sogn Sparebank har som mål at 50 % av resultatet etter eigenkapitalbevisbrøken vert utbetalt som utbytte, resten vert lagt til utjamningsfondet. Kvart år vurderer styret og generalforsamlinga behov for overføring til gavefondet.

I vurderinga av utdeling av årsoverskotet til utbytte og gaver, vil det bli lagt vekt på at eigenkapitalbeviseigarane sin del av samla eigenkapital, eigarbrøken, bør haldast stabil.





STADFESTING FRÅ STYRET OG DAGLEG LEIAR 2018

STADFESTING FRÅ STYRET OG DAGLEG LEIAR 2018

Me erklærer etter beste overtyding at årsrekneskapet 2018 er utarbeida i samsvar med gjeldande rekneskapsstandardar og at opplysningane i rekneskapet gir eit rett bilet av banken sine eigedalar, gjeld, finansielle stilling og resultat som heilskap.

Me erklærer òg at årsmeldinga gir ei rett oversikt over utviklinga, resultat og stillinga til banken og ei vurdering av dei mest sentrale usikre forhold og risikofaktorar banken sto overfor i 2018.

Årdalstangen den 06. mars 2019.

Morten Kristiansen (s.)

Styreleiar

Jorunn Irene A. Nilssen (s.)

Torgeir Strypet (s.)

Anette Huun Jevnaker (s.)

Siv Enerstvedt (s.)

Egon M. Moen (s.)

Adm. banksjef





RESULTAT- OG BALANSEREKNESKAP

i 1.000 kr.

| RESULTAT (i 1.000 kr) | Note | Morbank | | Konsern | |
|--|--------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| | | 2018 | 2017 | 2018 | 2017 |
| Renteinntekter - amortisert kost | | 94 201 | 89 932 | 94 164 | 89 906 |
| Renteinntekter - verkeleg verdi | | 1 066 | 1 084 | 1 066 | 1 084 |
| Rentekostnader | | 32 045 | 30 783 | 32 045 | 30 783 |
| Netto renteinntekter | 3, 10 | 63 221 | 60 233 | 63 184 | 60 207 |
| Utbyte | 4 | 8 011 | 7 310 | 8 011 | 7 310 |
| Provisjonsinntekter m.v. | 5 | 22 668 | 22 059 | 22 668 | 22 059 |
| Provisjonskostnader m.v. | 6 | 4 264 | 4 201 | 4 264 | 4 201 |
| Netto vinst/tap på finansielle instrument | 7 | 1 321 | 4 648 | 1 321 | 3 028 |
| Resultatandel investering i tilknytt selskap | | 0 | 0 | 49 | 52 |
| Andre driftsinntekter | 8 | 408 | 1 926 | 6 166 | 10 285 |
| Netto andre driftsinntekter | | 28 144 | 31 742 | 33 951 | 38 533 |
| Løn og personalkostnader | 9, 12 | 30 734 | 28 353 | 33 528 | 31 380 |
| Avskrivinger på driftsmidler og nedskrivning goodwill | 11, 23 | 2 677 | 3 151 | 2 631 | 3 754 |
| Andre driftskostnader | 13 | 29 332 | 27 704 | 31 237 | 29 790 |
| Sum driftskostnader før tap på utlån | | 62 743 | 59 208 | 67 396 | 64 924 |
| Tap på utlån | 18 | 4 596 | 3 898 | 4 596 | 3 898 |
| Driftsresultat før skatt | 10,11 | 24 027 | 28 870 | 25 144 | 29 919 |
| Skattekostnad | 14,22 | 4 659 | 4 988 | 4 916 | 4 946 |
| Resultat etter skatt | 10,11 | 19 368 | 23 882 | 20 229 | 24 973 |
| Utvila resultat | | | | | |
| Postar som ikke vil bli reversert i ordinært resultat | | | | | |
| Verdiendring på finansielle eigendeler over utvila resultat | 7,21 | 9 174 | 0 | 9 174 | 0 |
| Postar som kan bli reversert i ordinært resultat | | | | | |
| Finansielle eigendeler tilgjengeleg for sal | 7,21 | 0 | -5 676 | 0 | -8 185 |
| Utvila resultat etter skatt | | 9 174 | -5 676 | 9 174 | -8 185 |
| Totalresultat | | 28 541 | 18 206 | 29 402 | 16 788 |
| Resultat per eigenkapitalbevis | 15 | 8,67 | 11,29 | 9,11 | 11,85 |
| Resultat etter skatt: | | | | | |
| Majoriteten sin andel av resultatet i perioden etter skatt | | | | 20 046 | 24 924 |
| Minoriteten sin andel av resultatet i perioden etter skatt | | | | 183 | 49 |
| Totalresultat: | | | | | |
| Majoriteten sin andel av totalresultatet i perioden | | | | 29 220 | 16 739 |
| Minoriteten sin andel av totalresultatet i perioden | | | | 183 | 49 |



i 1.000 kr.

| BALANSE | | Morbank | | Konsern | |
|--|----------|------------------|------------------|------------------|------------------|
| Eigendelar | Note | 2018 | 2017 | 2018 | 2017 |
| Kontantar og fordringar på sentralbankar | 16, 20 | 251 270 | 185 337 | 251 270 | 185 337 |
| Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar | 17, 20 | 75 281 | 149 559 | 75 569 | 149 559 |
| Utlån til kundar | 18, 20 | 3 067 723 | 2 837 224 | 3 067 723 | 2 837 224 |
| Verdipapir til verkeleg verdi over resultatet | 19, 20 | 195 280 | 156 323 | 195 280 | 156 323 |
| Verdipapir tilgjengeleg for sal | 20, 21 | 0 | 130 314 | 0 | 130 314 |
| Verdipapir til verkeleg verdi over utvida resultat | 20, 21 | 114 110 | 0 | 114 110 | 0 |
| Investering i dotterselskap | 10,11,21 | 8 429 | 8 429 | 0 | 0 |
| Investering i tilknytta selskap | 21 | 135 | 135 | 240 | 191 |
| Goodwill | 11 | 0 | 0 | 113 | 113 |
| Utsett skattefordel | 22 | 2 641 | 633 | 2 144 | 0 |
| Varige driftsmidlar | 23 | 19 012 | 25 379 | 30 855 | 37 177 |
| Overtekne og andre eigendelar | 24 | 7 329 | 13 366 | 9 499 | 15 787 |
| Sum eigendelar | | 3 741 210 | 3 506 699 | 3 746 803 | 3 512 025 |
| <hr/> | | | | | |
| Gjeld og eigenkapital | | 2018 | 2017 | 2018 | 2017 |
| Gjeld til kredittinstitusjonar | 20, 25 | 0 | 0 | 552 | 789 |
| Innskot frå kundar | 11,20,26 | 2 865 534 | 2 715 848 | 2 853 512 | 2 703 240 |
| Gjeld ved utsteda verdipapir | 20,27 | 400 586 | 350 211 | 400 586 | 350 211 |
| Anna gjeld | 28 | 23 903 | 16 427 | 37 689 | 31 152 |
| Ansvarleg lånekapital | 20, 30 | 50 349 | 50 716 | 50 349 | 50 716 |
| Sum gjeld | | 3 340 372 | 3 133 201 | 3 342 688 | 3 136 107 |
| Opptent eigenkapital | 32 | 296 401 | 269 061 | 296 023 | 268 008 |
| Innskoten eigenkapital | 31,32 | 104 437 | 104 437 | 104 437 | 104 437 |
| Minoritet | | 0 | 0 | 3 655 | 3 472 |
| Sum eigenkapital | | 400 837 | 373 498 | 404 115 | 375 917 |
| Sum gjeld og eigenkapital | | 3 741 210 | 3 506 699 | 3 746 803 | 3 512 025 |
| Postar til nominell verdi: | | | | | |
| Garantiar | 33 | 100 946 | 79 304 | 100 946 | 79 304 |
| Garanti Eika Boligkredit AS | 33 | 10 927 | 12 794 | 10 927 | 12 794 |

Årdalstangen 31.12.2018

Årdalstangen 06.03.2019

Morten Kristiansen (s.)
Styreleiar

Jorunn Irene A. Nilssen (s.)

Torgeir Strypet
Torgeir Strypet (s.)

Anette Huun Jevnaker (s.)

Siv Enerstvedt (s.)

Egon M. Moen (s.)
Adm. banksjef



The background image shows a wide-angle landscape of a fjord. In the foreground, there's a rocky, uneven terrain. Below the town, a winding road leads towards the water. The town itself is built on a hillside, with numerous houses and buildings. The water of the fjord is a vibrant turquoise color. The surrounding mountains are covered in lush green forests. The sky above is filled with large, white, billowing clouds.

EIGENKAPITAL- OPPSTILLING

EIGENKAPITALOPPSTILLING KONSERN PR. 31.12.2018

| | Innskoten | | | Opptent eigenkapital | | | | i 1.000 kr. | |
|--|-----------------------------|-------------------|----------------------|-------------------------------|--------------------------|---------------|--------------------------------------|--------------|--------------------------|
| | Eigen- kapital- bevis | Overkurs- fond | Fonds- obligasjon | Spare- banken sitt fond | Ut- jamnings- fond | Gåvefond | Fond for urealiserte gevinster | Minoritet | Sum eigen- kapital |
| Eigenkapital 01.01.2017 | 31 625 | 32 812 | 39 895 | 169 474 | 30 433 | 23 890 | 31 257 | 0 | 359 380 |
| Resultat etter skatt | | | | 16 824 | 8 100 | | | 49 | 24 973 |
| Verdiendring tilgjengeleg for sal portefølje | | | | | | | -8 185 | | -8 185 |
| Totalresultat 31.12.2017 | 0 | 0 | 0 | 16 824 | 8 100 | 0 | -8 185 | 49 | 16 788 |
| <i>Transaksjonar med eigarane</i> | | | | | | | | | |
| Utbetalt utbyte for 2016 | | | | | | -1 898 | | | -1 898 |
| Utbetalt frå gåvefond | | | | | | -400 | | | -400 |
| Tilgang minoritet | | | | 427 | | | | 3 423 | 3 850 |
| Fondsobligasjon | | | 105 | -1 289 | -620 | | | | -1 804 |
| Eigenkapital 31.12.2017 | 31 625 | 32 812 | 40 000 | 185 436 | 36 015 | 23 490 | 23 072 | 3 472 | 375 917 |
| Eigenkapital 01.01.2018 | 31 625 | 32 812 | 40 000 | 185 436 | 36 015 | 23 490 | 23 072 | 3 472 | 375 917 |
| Overgang til IFRS 9 | | | | 915 | 441 | | | | 1 356 |
| Omarbeida eigenkapital 01.01.2018 | 31 625 | 32 812 | 40 000 | 186 351 | 36 456 | 23 490 | 23 072 | 3 472 | 377 273 |
| Resultat etter skatt | | | | 13 031 | 6 515 | 500 | | 183 | 20 229 |
| Verdiendring på finansielle eigendeler | | | | | | | 9 174 | | 9 174 |
| over utvida resultat | | | | | | | | | |
| Totalresultat 31.12.2018 | 0 | 0 | 0 | 13 031 | 6 515 | 500 | 9 174 | 183 | 29 402 |
| Tilbakebetaling av fondsobligasjon | | | | -40 000 | | | | | -40 000 |
| Oppnak av fondsobligasjon | | | | 40 000 | | | | | 40 000 |
| Utbetalt frå gåvefond | | | | | | -73 | | | -73 |
| Realisert gevinst/tap omfordelt frå utvida | | | | | | | | | |
| resultat | | | | 747 | 360 | | -1 106 | | 0 |
| Fondsobligasjon | | | | -1 677 | -807 | | | | -2 484 |
| Eigenkapital 31.12.2018 | 31 625 | 32 812 | 40 000 | 198 452 | 42 523 | 23 917 | 31 139 | 3 655 | 404 118 |



EIGENKAPITALOPPSTILLING MORBANK PR. 31.12.2018

| | Innskoten | | | Opptent eigenkapital | | | | i 1.000 kr. | |
|--|-----------------------------|-------------------|----------------------|-------------------------------|--------------------------|---------------|--------------------------------------|-------------|--------------------------|
| | Eigen- kapital- bevis | Overkurs- fond | Fonds- obligasjon | Spare- banken sitt fond | Ut- jamnings- fond | Gåvefond | Fond for urealiserte gevinster | | Sum eigen- kapital |
| Eigenkapital 01.01.2017 | 31 625 | 32 812 | 39 895 | 169 776 | 30 434 | 23 890 | 30 959 | 0 | 359 393 |
| Resultat etter skatt | | | | 16 120 | 7 761 | | | | 23 882 |
| Verdiendring tilgjengeleg for sal portefølje | | | | | | | -5 676 | | -5 676 |
| Totalresultat 31.12.2017 | 0 | 0 | 0 | 16 120 | 7 761 | 0 | -5 676 | 0 | 18 206 |
| <i>Transaksjonar med eigarane</i> | | | | | | | | | |
| Utbetalt utbyte for 2016 | | | | | -1 898 | | | | -1 898 |
| <i>Andre eigenkapitaltransaksjonar</i> | | | | | | | | | |
| Utbetalt frå gåvefond | | | | | | -400 | | | -400 |
| Fondsobligasjon | | | 105 | -1 289 | -620 | | | | -1 804 |
| Eigenkapital 31.12.2017 | 31 625 | 32 812 | 40 000 | 184 608 | 35 677 | 23 490 | 25 283 | 0 | 373 497 |
| Eigenkapital 01.01.2018 | 31 625 | 32 812 | 40 000 | 184 608 | 35 677 | 23 490 | 25 283 | 0 | 373 497 |
| Overgang til IFRS 9 | | | | 915 | 441 | | | | 1 356 |
| Omarbeida eigenkapital 01.01.2018 | 31 625 | 32 812 | 40 000 | 185 523 | 36 118 | 23 490 | 25 283 | 0 | 374 852 |
| Resultat etter skatt | | | | 12 577 | 6 291 | 500 | | 0 | 19 368 |
| Verdiendring på finansielle eigendeler | | | | | | | 9 174 | | 9 174 |
| over utvida resultat | | | | | | | | | |
| Totalresultat 31.12.2018 | 0 | 0 | 0 | 12 577 | 6 291 | 500 | 9 174 | 0 | 28 541 |
| Tilbakebetaling av fondsobligasjon | | | | -40 000 | | | | | -40 000 |
| Opptak av fondsobligasjon | | | | 40 000 | | | | | 40 000 |
| Utbetalt frå gåvefond | | | | | | -73 | | | -73 |
| Realisert gevinst/tap omfordelt frå utvida | | | | | | | | | |
| resultat | | | | 747 | 360 | | -1 106 | | 0 |
| Fondsobligasjon | | | | -1 677 | -807 | | | | -2 484 |
| Eigenkapital 31.12.2018 | 31 625 | 32 812 | 40 000 | 197 170 | 41 961 | 23 917 | 33 350 | 0 | 400 837 |



KONTANTSTRAUM- OPPSTILLING



KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

i 1.000 kr.

| | Morbank | | Konsern | |
|---|----------------|-----------------|----------------|-----------------|
| Note | 2018 | 2017 | 2018 | 2017 |
| Kontantstraumar frå operasjonelle aktivitetar | | | | |
| Endring utlån til kundar | -232 460 | -72 739 | -232 460 | -70 902 |
| Renteinnbetalingar på utlån til kundar | 91 041 | 87 816 | 91 004 | 87 791 |
| Overtekne eigendelar | 98 | -4 248 | 98 | -4 248 |
| Endring innskot frå kundar | 149 723 | 253 591 | 150 309 | 256 564 |
| Renteutbetalingar på innskot frå kundar | -23 115 | -20 651 | -23 115 | -20 651 |
| Endring fordringar og gjeld på kredittinstitusjonar | 13 | 274 | -223 | 1 063 |
| Renter på fordringar og gjeld til kredittinstitusjonar | 1 976 | 1 542 | 1 976 | 1 542 |
| Endring sertifikat og obligasjoner | -35 027 | 39 624 | -35 027 | 39 624 |
| Renteinnbetalingar på sertifikat og obligasjoner | 1 007 | 1 167 | 1 007 | 1 167 |
| Netto provisjonsinnbetalingar | 18 403 | 19 187 | 18 403 | 19 187 |
| Verdiendring finansielle instrument og valuta | 150 | 667 | 150 | 667 |
| Omsetning kortsiktige investeringar i aksjar | 141 | -41 902 | 141 | -41 902 |
| Utbetalinger til drift | -56 382 | -57 108 | -56 270 | -62 638 |
| Betalt skatt | -3 783 | -3 163 | -3 919 | -3 207 |
| Utbetalte gåver av overskot | -50 | -400 | -50 | -400 |
| Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar | -88 264 | 203 658 | -87 976 | 203 657 |
| Kontantstraum frå investeringsaktivitetar | | | | |
| Investering i varige driftsmidlar | 0 | -344 | 0 | -426 |
| Innbetaling frå sal av varige driftsmidlar | 3 691 | 5 450 | 3 691 | 5 450 |
| Langsiktige investeringar i aksjar | 22 | -11 116 | -11 312 | -11 116 |
| Innbetaling frå sal langsiktige investeringar i aksjar | 22 | 40 391 | 2 654 | 40 391 |
| Utbyte frå langsiktige investeringar i aksjar | 4 | 8 011 | 7 310 | 8 011 |
| Netto utbetaling ved investering i datterselskap | 0 | 0 | 0 | -6 289 |
| Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar | 40 977 | 3 759 | 40 977 | 3 760 |
| Kontantstraumar frå finansieringsaktivitetar | | | | |
| Opptak av gjeld stifta ved utsteding av verdipapir | 100 000 | 100 000 | 100 000 | 100 000 |
| Tilbakebetaling - utsteding av verdipapir | -50 000 | -189 500 | -50 000 | -189 500 |
| Renteutbetalingar på gjeld stifta ved utsteding av verdipapir | -8 574 | -10 262 | -8 574 | -10 262 |
| Utbyte fondsobligasjon | -2 484 | -2 545 | -2 484 | -2 545 |
| Opptak av fondsobligasjon | 40 000 | 0 | 40 000 | 0 |
| Tilbakebetaling av fondsobligasjon | -40 000 | | -40 000 | |
| Utbyte til eigenkapitalbevisigarane | 0 | -1 898 | 0 | -1 898 |
| Netto kontantstraumar frå finansieringsaktivitetar | 38 942 | -104 205 | 38 942 | -104 205 |
| Netto kontantstraum for perioden | -8 345 | 103 212 | -8 057 | 103 212 |
| Kontantar og kontantekvivalentar ved byrjinga av perioden | 334 896 | 231 684 | 334 896 | 231 684 |
| Kontantar og kontantekvivalentar ved slutten av perioden | 326 551 | 334 896 | 326 839 | 334 896 |
| Denne er sett saman av: | | | | |
| Kontantar og fordringar på sentralbankar | 251 270 | 185 337 | 251 270 | 185 337 |
| Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar | 75 281 | 149 559 | 75 569 | 149 559 |



REKNESKAPSPrINSIPP



GENERELL INFORMASJON

Indre Sogn Sparebank er ein ekte lokalbank ved di side. Banken er sjølvstendig og tilbyr banktenester, forsikring og verdipapirhandel. Gjennom Indre Sogn Sparebank Egedomsmekling AS tilbyr banken egedomsmekling. Banken tilbyr primært banktenestene sine til person- og næringslivskundar i Indre Sogn, men har òg avdeling i Bergen og har elles kundar ut over kommunegrensene. Indre Sogn Sparebank er registrert og heimehøyrande i Noreg med hovudkontor på Årdalstangen. Banken har postadresse:
Statsråd Evensensveg 8, 6885 Årdalstangen

Indre Sogn Sparebank er notert på Oslo Børs med eigenkapitalbevis.

Rekneskapet gjeld for perioden 01.01.2018 til 31.12.2018. Alle tal er presenterte i norske kroner og i heile tusen, med mindre anna er spesifisert i notane. Rekneskapet vart vedteke av styret den 06. mars 2019 og av generalforsamlinga den 28. mars 2019.

Alle tal som er kommentert gjeld for konsernet om ikkje anna er oppgjeve. Konsernet vart danna 01.05.2013.

PRINSIPP FOR KONSOLIDERING OG REKNEKAPSMESSIG HANDSAMING AV TILKNYTT SELSKAP

I konsernrekneskapet for Indre Sogn Sparebank inngår Indre Sogn Sparebank (mor), Indre Sogn Sparebank Egedomsekling AS (dotter), Indre Sogn Sparebank Egedom AS (dotter) og ISSB Forsikring AS (tilknytt selskap).

Konsolidering

Konsernrekneskapet er utarbeidd som om konsernet var ei økonomisk eining. Det er brukt einsarta rekneskapsprinsipp for selskap som inngår i konsernrekneskapet. Alle vesentlege konserninterne transaksjonar, mellomverande og urealiserte vinstar og tap på transaksjonar mellom selskap som inngår i konsernet, er eliminert ved konsolidering av konsernrekneskapet.

Dotterselskap

Dotterselskap er alle einingar (inkludert strukturerte einingar) som konsernet har kontroll over. Kontroll over ei eining oppstår når konsernet er utsett for variabilitet i avkastinga fra eininga og har evna til å påverke denne avkastinga gjennom makta si over eininga. Dotterselskap blir konsolidert frå den dagen kontroll oppstår, og blir dekonsolidert når kontroll opphører.

Ved oppkjøp av verksemd vert oppkjøpsmetoden nytta. Vederlaget som er ytt blir målt til verkeleg verdi av overførte eigendalar, pådregne forpliktingar og utsteda

eigenkapitalinstrument. Inkludert i vederlaget er òg verkeleg verdi av alle eigendalar eller forpliktingar som følgje av avtale om betinga vederlag. Identifiserbare eigendalar, gjeld og betinga forpliktingar blir reknekapsført til verkeleg verdi på oppkjøpstidspunktet. Ikkje-kontrollerande eigarinteresser i det oppkjøpte føretaket blir målt frå gong til gong enten til verkeleg verdi, eller til sin del av nettoeigendelane til det overtekne føretaket.

Utgifter knytt til oppkjøp blir kostnadsført når dei påløper.

Når oppkjøpet skjer i fleire trinn skal eigarandel frå tidlegare kjøp verdsetjast på nytt til verkeleg verdi på kontrolltidspunktet med resultatføring av verdiendringa.

Betinga vederlag blir målt til verkeleg verdi på oppkjøpstidspunktet. Etterfølgjande endringar i verkeleg verdi av det betinga vederlaget skal i henhold til IAS 39 resultatførast, eller førast som ei endring i det utvida resultatrekneskapet, dersom det betinga vederlaget blir klassifisert som ein eigendel eller gjeld.

Det blir ikkje føreteke ny verdimåling av betinga vederlag klassifisert som eigen kapital, og etterfølgjande oppgjer blir ført mot eigenkapitalen.



Konserninterne transaksjonar, mellomvære og urealisert vinst mellom konsernselskap blir eliminert. Urealisert tap blir òg eliminert. Rapporterte tal frå dotterselskapa blir omarbeidd om nødvendig for å oppnå samsvar med konsernet sine rekneskapsprinsipp.

Tilknytt selskap

Tilknytte selskap er selskap der konsernet har betydeleg innflytelse, men ikkje kontroll. Betydeleg innflytelse ligg føre normalt der

konsernet har mellom 20 og 50 % av stemmestettane. Investeringar i tilknytte selskap vert rekneskapsført etter eigenkapitalmetoden. Konsernet sin del av over- eller underskot i tilknytt selskap vert resultatført og blir lagt til balanseført verdi av investeringa. Konsernet sin del av utvida resultat i det tilknytte selskapet blir ført i utvida resultat i konsernet, og blir lagt til balanseført beløp. Balanseført beløp inkluderar eventuell implisitt goodwill identifisert på kjøpstidspunktet, redusert ved eventuelle seinare nedskrivningar.

SAMANDRAG AV DEI VIKTIGASTE REKNESKAPSPrINSIPPA

GRUNNLAG FOR UTARBEIDING AV ÅRSREKNESKAPET

Grunnlag for utarbeiding av årsrekneskapet
Konsernrekneskapet er utarbeida i samsvar med International Financial Reporting Standards (IFRS) som fastsett av EU, publisert av International Accounting Standards Board (IASB) og som er pliktige pr. 31. desember 2018.

Konsernrekneskapet legg til grunn prinsippa i eit historisk kost rekneskap, med unntak av følgjande rekneskapspostar: revaluering av tomtar, finansielle derivat, og finansielle eigendelar og forpliktingar vurdert til verkeleg verdi over resultatet. Konsernrekneskapet er utarbeida etter einsarta rekneskapsprinsipp for like transaksjonar og hendingar under elles like forhold.

Utarbeiding av rekneskap i samsvar med IFRS krev bruk av estimat. Vidare krev bruk av selskapet sine rekneskapsprinsipp at leininga må utøva skjøn. Område som i høg grad inneholder slike skjønsmessige vurderingar eller høg grad av kompleksitet, eller område der føresetnader og estimat er vesentlege for rekneskapet, vil bli gjort greie for i note i årsrekneskapet. Rekneskapet er avgjort under føresetnad om framleis drift.

Konsernet har i 2018 teke i bruk i følgjande nye standardar og endringar

IFRS 9

Banken har i 2018 implementert IFRS 9 Finansielle instrument som erstattar IAS 39 Finansielle instrument – innrekning og måling. Standarden er implementert retrospektivt. Retrospektiv bruk inneber at Indre Sogn Sparebank har laga opningsbalansen 01.01.2018 etter prinsippa i IFRS 9.

Effektane av nytt prinsipp i opningsbalansen for 2018 er ført mot eigenkapitalen. Det er høve til å unnlata å utarbeida samanlikningstal for historiske periodar, og banken valde å ikkje å utarbeida samanlikningstal.

For meir informasjon om effektane av IFRS 9, rekneskapsprinsipp og informasjon om rekneskapsestimat, viser banken til note 37 Rekneskapsprinsipp.

Samanlikningstala er ikkje omarbeida. For informasjon om prinsipp og tilleggsopplysningar om finansielle instrument i samanlikningstala vert det vist til årsmelding & rekneskap 2017 for Indre Sogn Sparebank.



Klassifisering av gjeldsinstrument på eigenandelssida er bestemt av banken sin forretningsmodell for handtering av dei finansielle eigenandelane og dei kontraktsfesta kontantstraumane. IFRS 9 angir to klassar: Amortisert kost og verkeleg verdi.

IFRS 15

Banken har i 2018 implementert IFRS 15 Driftsinntekter frå kontraktar med kundar som erstattar IAS 18 Driftsinntekter. IFRS 15 har ikkje påverka rekneskapet.

FINANSIELLE INSTRUMENT - KLAFFISERING

Ved første gongs rekneskapsføring blir finansielle instrument klassifisert i ein av dei følgjande kategoriane, avhengig av typen instrument og føremålet med investeringa:

Finansielle eigendalar klassifiserast i gruppene:

- Amortisert kost
- Verkeleg verdi med verdiendring over utvida resultat
- Verkeleg verdi med verdiendring over ordinært resultat

Finansielle forpliktingar klassifiserast som:

- Finansielle forpliktingar til verkeleg verdi med verdiendringar over resultat
- Andre finansielle forpliktingar målt til amortisert kost

Klassifisering og måling i høve til IFRS 9 krev at alle finansielle eigendalar som er pengekrav, blir klassifisert basert på ei vurdering av banken sin forretningsmodell og kontantstraumane knytt til dei ulike instrumenta. Utlån med flyttende og fast rente er klassifisert til amortisert kost. Banken nyttar ikkje fair value option på utlån med fast rente. Banken har høve til å overføra utlån med pant i bustadeigedom til Eika Boligkreditt som har belåningsgrad under 60 %. Banken overfører ikkje utlån frå eigen balanse. Banken har difor klassifisert utlån som kan overførast til Eika Boligkreditt til amortisert kost.

Likviditetsporteføljen til banken er klassifisert til verkeleg verdi over resultatet i høve til den forretningsmodellen som styrer forvaltninga av likviditetsporteføljen. Eigenkapitalinstrument som er strategiske investeringar, er klassifisert

til verkeleg verdi over utvida resultat utan resirkulering. Desse eigenkapitalinstrumenta er ikkje derivat eller haldne for handelsføremål.

Finansielle forpliktingar vert målt til amortisert kost ved bruk av effektiv rentes metode. Når tidshorisonten for den finansielle forpliktингa sitt forfallstidspunkt er relativt kort, vert den nominelle renta nytta ved berekning av amortisert kost. I kategorien finansielle forpliktingar til amortisert kost inngår klassane innskot frå og forpliktingar overfor kundar og renteberande forpliktingar som sertifikat- og obligasjonsgjeld.

Nedskriving av finansielle eigendalar

Under IFRS 9 skal tapsavsetningane innrekna basert på forventa kredittap. Den generelle modellen for nedskrivningar av finansielle eigendalar omfattar finansielle eigendalar som blir målt til amortisert kost eller til verkeleg verdi med verdiendringar over utvida resultat. I tillegg er òg lånetilsagn, finansielle garanti-kontraktar som ikkje blir målt til verkeleg verdi over resultatet og fordringar på leigeavtalar omfatta.

Ved førstegongs balanseføring skal det avsettast for tap tilsvarande 12-månaders forventa tap. 12-månaders forventa tap er det tapet som er forventa å inntreffa over levetida til instrumentet, men som kan knytast til misleghaldshendingar som inntrefft dei første 12 månadane.

Dersom kreditrisikoen for ein eigendel eller gruppe av eigendalar ser ut til å ha auka vesentleg sidan første gongs innrekning, skal det gjerast ei tapsavsetning tilsvarande heile den forventa levetida til eigendelen. Dersom det oppstår eit kredittap skal renteinntekter innrekna basert på bokført beløp etter justering for tapsavsetning.

Nedskrivingsmodell i banken

Eika har utvikla eigne modellar for berekning av sannsynlegheit for misleghald (PD) og tap ved misleghald (LGD). SDC har vidare utvikla løysing for eksponering ved misleghald (EAD), berekning av tap og modell for vurdering av om eit engasjement har hatt vesentleg auke sidan første gongs innrekning, som banken har vald



å nytta. Forventa kredittap (ECL) vert berekna som PD x LGD x EAD, neddiskontert med opprinnelag effektiv rente.

Beskriving av sannsynlegheit for misleghald (PD) - PD modellen

PD-modellen i Eika estimerer sannsynlegheit for misleghald ved å estimera statistiske samanhengar mellom misleghald og kunden si finansielle stilling, demografiske data og betalingsåtferd. Misleghald er definert som overtrekk på minimum 1.000 kroner i 90 dagar samanhengande, i tillegg til andre kvalitative indikatorar som tilseier at engasjementet er misleghalte. Andre kvalitative indikatorar til dømes svekka kredittverdigheit hjå kunden som medfører nedskriving, endringar i kunden sine vilkår som følgje av betalingsproblem og banken antek at verdien av kontantstraumen blir svekka med eit ikkje uvesentleg beløp, banken antek det vil bli opna gjeldsforhandling, konkurs eller offentleg administrasjon hjå kunden, eller at banken av andre grunnar antek at forpliktinga ikkje vil bli oppfylt.

Modellen skil mellom personkundar og bedriftskundar, og måler sannsynlegheit for misleghald for dei neste 12 månadar (PD). Personkundemodellen skil vidare på kundar med og utan bustadlån. Bedriftskundemodellen skil mellom eigedomsselskap, avgrensa personleg ansvar og uavgrensa personleg ansvar.

Betalingsåtferd krev 6 månadar med historikk før ho får påverknad i modellen. Det betyr at nye kundar vil ha 6 månadar med kun ekstern modell før intern modell blir nytta. Modellane blir årleg validert og rekalibrert ved behov. Ved forringing av modellane sin kvalitet blir det utvikla nye modellar.

Ved berekning av sannsynlegheit for misleghald over forventa levetid på engasjementet (PD-liv), blir det nytta ein migrasjonsbasert framskriving for å estimera forventa misleghald fram i tid, basert på utvikling i PD siste 12 månadar.

Vesentleg auke i kreditrisiko

Vesentleg auke i kreditrisiko blir målt basert på utvikling i PD. Banken har definert vesentleg auke i kreditrisiko som ein auke i

opprinnelag PD ved første gongs innrekning (PD-ini) for ulike nivå for at modellen skal fanga opp relativ utvikling i kreditrisiko.

For engasjement som hadde opprinnelag PD 12 mnd. mindre enn 1 % er vesentleg auke definert som:

PD 12 mnd. > PD 12 mnd. ini + 0,5 % og PD liv > PD rest liv ini *2

For engasjement som hadde opprinnelag PD 12 mnd. over eller lik 1 % er vesentleg auke definert som:

PD 12 mnd. > PD 12 mnd. ini + 2 % eller PD liv > PD rest liv ini *2

Berekning av tap ved misleghald (LGD)

Estimat for LGD er basert på historiske tap i alle Eika-bankar for intervall av sikkerheits-dekning. Eika-Gruppen vil kontinuerleg jobba med utvikling av LGD modellane etter kvart som datagrunnlaget aukar med tapshistorikk for nye periodar. Modellane skil mellom person- og bedriftskundar:

Personkundar

- Kundar utan registrert trygd
- Kundar med trygd i bustad
- Kundar med trygd i anna enn bustad

Bedriftsmarknad

- Kundar utan registrert trygd
- Kundar med registrert trygd

Verdien av trygda er basert på estimert realisasjonsverdi.

LGD-tala frå Eika vurderer banken som eit betre grunnlag for nedskriving i høve banken sine tidlegare nedskrivningsmodellar.

Eksponering ved misleghald (EAD)

EAD for avtalar i steg 1 består av uteståande fordring eller forplikting justert for kontantstraumar dei neste 12 månadarane, og for avtalar i steg 2 dei neddiskonerte kontantstraumane for den forventa levetida til avtalen.

For garantiar er EAD lik den uteståande forpliktinga på rapporteringsdatoen multiplisert med ein konverteringsfaktor på 1 eller 0,5 avhengig av type garanti. Unytta kredittar har EAD lik uteståande unytta kreditt på rapporteringstidspunktet.



Forventa levetid på ein avtale blir berekna ut frå liknande avtalar si historiske gjennomsnittlege levetid.

Forventa kredittap (ECL) basert på forventningar til framtidia

IFRS 9 krev at framoverskuande informasjon blir inkludert i vurdering av forventa kredittap. Forventningar til framtidia er uteia av ein makromodell der det blir teke omsyn til tre scenarioar – base case, best case

og worst case – for forventa makroøkonomisk utvikling, eitt til fire år fram i tid. Variablane arbeidsløyse, oljepris, hushald si endring i gjeldsgrad og bankane si utlånsrente inngår i modellen. Variablane er fordelt på fylke. Vektning av scenarioane blir gjort etter ei ekspertvurdering. Pr. 31.12.2018 og 01.01.2018 er det nytta følgjande vekter: Base case 2/3, best case 1/6 og worst case 1/6. I tillegg går tabellen over variablar/scenarioar inn under teksten.

Makrodato

| | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | Memo: |
|----------------------------------|--------|--------|-------|-------|---|
| Base case | | | | | |
| Arbeidsløyse (nivå) | 4,0 % | 4,0 % | 4,0 % | 4,0 % | |
| Endring i hushalda si gjeldsgrad | -1,6 % | -0,6 % | 0,0 % | 0,0 % | |
| Bankane si utlånsrente (nivå) | 3,0 % | 3,4 % | 4,0 % | 4,0 % | |
| Oljepris (USD pr. fat) | 58 | 60 | 61 | 63 | Det er lagt til grunn eit referansescenario for norsk økonomi, som dei fleste økonomar vil sei er trendvekst i økonomien og inflasjon. Ein BNP-vekst på vel 2 prosent og ein inflasjon litt mindre enn dette, vil gi stabil arbeidsløyse, låge tap i bankane og kun behov for små hevigår av rentene i Noregs Bank. |
| | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | Memo: |
| Worst case | | | | | |
| Arbeidsløyse (nivå) | 4,5 % | 5,1 % | 5,5 % | 5,5 % | |
| Endring i hushalda si gjeldsgrad | -2,0 % | -2,0 % | 0,0 % | 4,1 % | |
| Bankane si utlånsrente (nivå) | 2,6 % | 2,2 % | 1,8 % | 1,6 % | |
| Oljepris (USD pr. fat) | 55 | 53 | 51 | 49 | Worst case, eller stress-scenarioet, er basert på Finanstilsynet sin årlege stress-test frå sommaren 2018. Her blir norsk økonomi ramma av eit kraftig tilbakeslag i internasjonal varehandel, med høge renter mange stader. Oljeprisen fell tilbake, og arbeidsløysa stig markert. Ein forventar at bankane sitt mislighald skyt fart. |
| | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | Memo: |
| Best case | | | | | |
| Arbeidsløyse (nivå) | 3,8 % | 3,2 % | 2,9 % | 2,9 % | |
| Endring i hushalda si gjeldsgrad | 2,0 % | 2,0 % | 2,0 % | 2,0 % | |
| Bankane si utlånsrente (nivå) | 3,0 % | 3,5 % | 4,0 % | 4,6 % | |
| Oljepris (USD pr. fat) | 59 | 61 | 64 | 66 | Et boom-scenario der økonomien presterer betre enn forventa. Skal eit slikt scenario vedvara må ein tru på ein kombinasjon av god befolkningsvekst og høg produksjonsvekst per arbeidar (produktivtetsvekst). Alternativt blir det boom-bust, der økonomien kun midlertidig overraskar positivt. |

Konsernet har ikkje teke i bruk i følgjande nye standardar og endringar

Ei rekke nye standardar, endringar til standardane og fortolkingar er pliktige for framtidige årsrekneskap. Blant dei som konsernet har valt å ikkje bruka tidleg, er dei mest vesentlege opplyst om nedanfor.

IFRS 16 Leigeavtalar

Bakgrunn

IFRS 16 vil erstatta IAS 17 som banken brukar i dag. IFRS 16 gir prinsipp for innrekning, måling, presentasjon og opplysningar om leigeavtalar for høvesvis leigetakar og uteigar i ein leigeavtale. IFRS 16 krev at leigetakar reknar inn eigendalar og forpliktingar for de fleste leigeavtalar, noko som er ein vesentleg endring frå prinsippa som er i dag.

Rekneskapet for 2018 er avglat etter IAS 17. IFRS 16 trer i kraft for rekneskapsperiodar som tek til 1. januar 2019 eller seinare. Banken planlegg å bruka IFRS 16 når standarden trer i kraft frå 1. januar 2019.

Overgangsreglar

Indre Sogn Sparebank skal laga opningsbalansen 01.01.2019 etter prinsippa i IFRS 16. Det er høve til å unnlata å utarbeida samanlikningstal for historiske periodar, og banken har vald å ikkje utarbeida samanlikningstal. Effektane av nye prinsipp i opningsbalansen for 2019 vert ført mot eigenkapitalen.

Overgangseffektar

Leigerettane til banken er i vesentleg grad leigde eigendomar i Øvre Årdal, Sogndal og Bergen.



Effekt av IFRS 16 for banken er utrekna ei balanseføring av leigerett med MNOK 12,0 og tilsvarande auka balanseført leigeforplikting

på MNOK 12,0. Eigenkapitalen vil ikke bli påverka. Implementering av IFRS 16 vil ha uvesentleg påverknad på banken sin soliditet.

SEGMENTINFORMASJON

I balansen har banken splitta utlån og innskot etter geografi, sektor og næring. Det vert vist til note 18 og 26 for utlån og innskot. Morbanken rapporterer i segmenta, privatmarknad (PM) og bedriftsmarknad (BM), og følgjeleg er resultat og balanse splitta i desse to segmenta, sjå note 10.

FOR 2018: INNTEKTS- OG KOSTNADSFØRING

INNTEKTSFØRING

Inntekter vert resultatført som følgjer:

Sal av tenester

Sal av tenester vert resultatført i den perioden tenesta vert utført.

Renteinntekter

Renteinntekter blir inntektsført ved bruk av effektiv rentemetode. Dette inneber løpende inntektsføring av renter med tillegg av amortisering av etableringsgebyr. Den effektive renta blir fastsett ved diskontering av kontraktsfesta kontantstraumar innanfor forventa løpetid. Kontantstraumane inkluderer etableringsgebyr, og eventuelt restverdi ved utløpet av forventa løpetid.

Inntektsføring av renter etter effektiv rentemetode blir nytta for balansepostar som blir vurdert til amortisert kost. For rentebærande balansepostar som blir vurdert til verkeleg verdi over resultatet blir den nominelle renta løpende inntektsført, medan verdiendringar blir rekneskapsført ved periodeslutt. Renteinntekter på nedskrivne engasjement blir berekna som effektiv rente av nedskrivne verdi.

Renteinntekter på finansielle instrument

klassifisert som utlån er inkludert på linja for netto renteinntekter.

Gebyr og provisjonar

Gebyr og provisjonar blir resultatført etter kvart som tenesta blir ytt. Gebyr for etablering av låneavtalar inngår i kontantstraumane ved berekning av amortisert kost og blir inntektsføret under netto renteinntekter etter effektiv rentemetode. I andre driftsinntekter inngår blant anna gebyr og provisjonar knytt til betalingsformidling, kredittformidling og verdipapirtenester. Resultatføringa skjer når tenestene er levert.

Inntekt fra utbyte

Utbyte frå investeringar blir resultatført på tidspunktet som utbytet er vedteke på generalforsamlinga. Utbyte på eigenkapitalinstrument klassifisert til verkelig verdi over utvida resultat, blir ført over ordinært resultat når banken sin rett til utbyte er fastslått.

Leigeinntekter

Leigeinntekter blir inntektsførde løpende, etter kvart som dei blir opptente.

Andre inntekter

Forskotsbetalte inntekter ved slutten av året



vert periodiserte og førde som gjeld i balansen. Opprente, ikkje betalte inntekter ved slutten av året, vert inntektsførde og oppført som tilgodehavande i banken sin balanse.

Valuta

Fordringar og gjeld i valuta er rekna om til NOK

etter midtkursar frå Noregs Bank på balanse-dagen. Inntekter og kostnader i valuta er rekna om til NOK etter kursane på transaksjons-tidspunktet. Netto urealisert vinst eller tap på balansedagen vert resultatført.

FINANSIELLE INSTRUMENT – INNREKNING OG FRÅREKNING

Finansielle eigendelar og forpliktingar blir innrekna når banken blir part i instrumentet sine kontraktsmessige vilkår. Finansielle eigendelar blir frårekna når dei kontraktsmessige rettane til kontantstraumar frå dei finansielle eigendelane utløper, eller når føretaket overfører den finansielle eigendelen i ein transaksjon der all eller tilnærma all risiko og fortenestemulegheiter knytt til eigarskap av eigendelen blir overført.

Finansielle forpliktingar blir frårekna på det tidspunkt rettane til dei kontraktsmessige betingelsane er innfridd, kansellert eller utløpt.

Måling til verkeleg verdi

Verkeleg verdi av finansielle instrument som blir omsett i aktive marknader blir fastsett ved slutten av rapporteringsperioden med henvisning til noterte marknadsprisar eller kursar frå forhandlarar av finansielle instrument, uten frådrag for transaksjonskostnader. Marknaden er aktiv dersom det er muleg å framskaffa eksterne observerbare prisar, kursar eller renter og desse prisane representerer faktiske og hyppige marknadstransaksjonar.

For finansielle instrument som ikkje blir omsett i ein aktiv marknad, blir den verkelege verdien fastsett ved hjelp av ein ega-verdettingsmetode. Slike verdettingsmetodar omfattar bruk av nyleg føretekne marknads-transaksjonar på ei armlengd avstand mellom velinformerte og frivillige partar, dersom slike er tilgjengelege, henvising til løpende verkeleg verdi av eit anna instrument som er praktisk talt det same, diskontert kontantstraums-

berekning eller andre verdettingsmodellar. I den grad observerbare marknadsprisar er tilgjengeleg for variablar som inngår i verdsettelsesmodellar, så blir dei nytta.

Ein analyse av verkeleg verdi av finansielle instrument og ytterlegare detaljar om målinga av desse blir oppgis i eigen note i samband med avlegging av årsrekneskapet.

Måling til amortisert kost

Finansielle instrument som ikkje blir målt til verkeleg verdi, blir målt til amortisert kost, og inntektene blir berekna etter instrumentet si effektive rente. Den effektive renta blir fastsett ved diskontering av kontraktsfesta kontantstraumar innanfor forventa løpetid.

Kontantstraumane inkluderer etableringsgebyr og direkte, marginale transaksjonskostnader som ikkje direkte blir betalte av kunden, og eventuell restverdi ved utløpet av forventa løpetid. Amortisert kost er noverdien av slike kontantstraumar neddiskontert med den effektive renta.

Måling av finansielle garantiar

Utsteda finansielle garantiar blir vurderet til verkeleg verdi, som ved første gongs rekneskapsføring blir sett på som motteke vederlag for garantien. Ved etterfølgjande måling blir utstedte finansielle garantiar vurdert til det høgaste beløp av mottekne vederlag for garantien med frådrag for eventuelle resultatførde amortiseringar og beste estimat for vederlag ved eventuell innfriing av garantien.



INNLÅN OG INNSKOT FRÅ OG GJELD TIL KUNDAR

Innlån vert rekneskapsført til verkeleg verdi når utbetaling av innlånet finn stad, med frådrag for transaksjonskostnader. I etterfølgjande periodar vert innlån rekneskapsført til amortisert kost utrekna ved bruk av effektiv rente. Forskjellen mellom det utbetalte lånebeløpet (fråtrekt transaksjonskostnader) og innløysingsverdien, vert resultatført over løpetida til innlånet.

UTLÅN OG GARANTIAR

UTLÅNSPORTEFØLJE I BUSTADKREDITTSELSKAP

Indre Sogn Sparebank har ei portefølje av utlån som er plassert i bustadkredittselskapet Eika Boligkreditt AS (EBK). Rekneskapsmessig handsaming av desse låna kan delast inn i tre kategoriar etter partsstatus:

1. Formidla lån

Når banken formidlar eit lån i EBK, skjer dette ved at ei ny låneavtale vert oppretta der EBK er einaste långivar og part. Det vert utstedt nye lånedokument der det tydeleg går fram at EBK er långivar, og at rolla til banken er å vera ein lokal representant for EBK, mellom anna å ha kontakt mellom kunden og EBK. Banken har soleis ingen partsrolle i låneavtalen, og har aldri hatt ei slik rolle i det låneforholdet som er etablert. Det aktuelle lån har soleis aldri vore ein eigendel i balansen til banken, og frårekning er soleis ikkje ei problemstilling for banken si rekneskapsføring.

2. Formidla lån som innfirer lån i banken

Banken formidlar eit nytt lån i EBK, men heile eller delar av lånet vert nytta til å innfri eit lopande låneforhold i banken. Det forhold at

banken ikkje er part i låneavtalen, og heller ikkje har vore part i denne låneavtalen, talar for at slike tilfelle ikkje vert handsama annleis enn lån under kategori 1, og at det lånet som er innfritt i banken vert frårekna i banken sin balanse på vanleg måte.

3. Lopande lån som blir overført frå banken sin balanse til EBK

Dette er tilfelle der banken har eit lopande låneforhold med ein kunde, og overdreg (cesjon) dette låneforholdet til EBK. I desse tilfellene har banken vore part i ein låneavtale med kunden, og det er denne avtalen som blir overdregen til EBK. Det blir i desse tilfellene ikkje oppretta nye lånedokument, og EBK overtek banken sine rettar og plikter etter den gjeldande låneavtalen. Slike låneforhold kan gi grunnlag for ei nærmare vurdering med omsyn til om lånet kan fråreknnast.

Banken sin portefølje i EBK er sett saman av lån i kategori 1 og 2. Det er ikkje overført lån i kategori 3.



VARIGE DRIFTSIDLAR

Forretningsbygningane sin anskaffelseskost er dekomponert og blir avskrivne. Anskaffelseskost inkluderer kostnader som er direkte henførbare til anskaffinga av eigedomen. Bygningane vert avskrivne lineært over forventa brukstid. Tomtar er vurdert til revaluert verdi, basert på verdivurderinger utført av eksterne uavhengige takstmenn. Andre varige driftsmidlar vert rekneskapsført til anskaffelseskost, med frådrag for avskrivingar. Påfølgjande utgifter vert lagt til driftsmidla sin balanseførde verdi eller vert balanseført separat, når det er sannsynleg at framtidige økonomiske fordelar knytt til utgifta vil tilflyta banken, og utgifta kan målast påliteleg. Andre reparasjons- og vedlikehaldskostnader vert ført over resultatet i den perioden utgiftene blir pådregne. Ein auke i balanseført verdi som følge av revaluering av tomтар, vert rekneskapsførde i utvida resultat og spesifisert separat. Nedregulering av balanseført verdi ved revaluering som utliknar tidligare verdiauke av same driftsmiddel vert også ført mot verdisreguleringsreserve. Ytterlegare nedregulering som følge av revaluering vert resultatført. Kvart år blir differansen ført

mellom avskrivingar basert på driftsmidla sin revaluerte verdi, resultatførde avskrivingar, og avskrivingar basert på driftsmidla sin anskaffelseskost til opptent eigenkapital. Tomtar vert ikkje avskrivne. Andre driftsmidlar vert avskrivne etter den lineære metoden, slik at anleggsmidlane sin anskaffelseskost eller revaluert verdi, vert avskrive til restverdi over følgjande forventa utnyttbar levetid:

Bygningar 33 år
Inventar 10 år
Tekniske installasjonar 10 år
Edb-utstyr m.m. 5 år
Kontormaskiner og liknande 3 - 5 år

Driftsmidla si utnyttbare levetid og restverdi vert revurdert på kvar balansedag og vert endra dersom nødvendig. Når balanseført verdi på eit driftsmiddel er høgare enn estimert gjenvinnbart beløp vert verdien skiven ned til gjenvinnbart beløp. Vinst og tap ved avgang vert resultatført og utgjer forskjellen mellom salspris og balanseført verdi. Når revaluerte driftsmidlar vert selde vert revaluert beløp knytt til driftsmidlet overført til opptent eigenkapital.

VERDIFALL PÅ IKKJE-FINANSIELLE EIGENDELAR

Varige driftsmidlar med udefinert utnyttbar levetid vert ikkje avskrivne og vert årleg vurdert for verdifall. Varige driftsmidlar som vert avskrivne, vert vurdert for verdifall når det ligg føre indikatorar på at framtidige kontantstraumar ikkje kan forsvara balanseført verdi. Ei nedskriving vert resultatført med forskjellen mellom balanseført verdi og gjenvinnbart beløp. Gjenvinnbart beløp er det høgaste av verkeleg verdi med frådrag av salskostnader og bruksverdi. Ved vurdering av verdifall, vert anleggsmidla gruppert på det lågaste nivået der det er muleg å skilja ut uavhengige kontantstraumar (kontant-genererande einingar). Ved kvar rapporteringsdato vert høve til å reversera tidligare nedskrivingar på ikkje-finansielle eigendalar vurdert.



SKATT

Betalbar skatt for perioden vert utrekna i samsvar med dei skattemessige lover og reglar som er vedtekne, eller i hovudsak vedtekne av skattestyresmaktene på balansedagen. Det er lovverket i dei land der banken opererer og genererer skattepliktig inntekt som er gjeldande for utrekninga av skattepliktig inntekt. Leiinga vurderer dei standpunkta som er hevda i sjølvmeldingane der gjeldande skattelover er gjenstand for fortolking. Basert på vurderinga til leiinga vert det teke avsetjingar til forventa skatteinntekter der dette vert vurdert som naudsynt.

Det er utrekna utsett skatt på alle midlertidige forskjellar mellom skattemessige og rekneskapsmessige verdiar på eigendelar og gjeld.

KONTANTAR OG KONTANTEKVIVALENTAR

Kontantar og kontantekvivalentar er kontantar, innskot i Noregs Bank samt utlån og fordringar på andre kredittinstitusjonar.

PENSJONSKOSTNADER OG PENSJONSPLIKTER

PENSJONSFORPLIKTINGAR, BONUSORDNINGAR OG ANDRE KOMPENSASJONSORDNINGAR OVERFOR TILSETTE

Pensjonsforpliktingar

Banken si pensjonsordning oppfyller krava i lov om obligatorisk tenestepensjon.

Pensjonsordninga er generelt finansiert gjennom innbetalingar til forsikringsselskap basert på løna til dei tilsette og premiar vert kostnadsførde løpande over drift. Banken har to pensjonsordningar:

- Innskotsbasert ordning
- Gamal AFP-ordning

Den innskotsbaserte pensjonsordninga gjeld for alle tilsette i banken.

Adm. banksjef er medlem av ordinær kollektiv pensjonsavtale. I tillegg har adm. banksjef eigen pensjonsavtale. Adm. banksjef har forplikta seg til å stå i stillinga til fylte 62 år.

AFP-ordninga gjeld berre for dei pensjonistane som hadde rett til AFP etter gammal pensjonsordning.

BONUSPLANAR

Banken vedtek retningslinjer for utbetaling av bonus i starten på rekneskapsåret, vanlegvis i februar. I påfølgjande år når banken ser om dei tilsette har oppfylt krava til bonus, vert bonusen vedteken, utbetal og kostnadsført som regel i februar.



AVSETNINGAR

Banken rekneskapsfører avsetningar for rettslege krav når det eksisterer ein juridisk eller sjølv-pålagt forplikting som følgje av tidligare hendingar, det er sannsynlegheitsovervekt for at forpliktinga vil koma til oppgjer i form av ei overføring av økonomiske ressursar og storleiken på forpliktinga kan estimerast med tilstrekkeleg grad av truverde. I tilfelle der det ligg føre fleire forpliktingar av same natur, vert sannsynlegheita for at forpliktinga vil koma til oppgjer, fastsett ved å vurdera gruppa under eitt. Avsetning for gruppa vert rekneskapsført sjølv om sannsynlegheita for oppgjer knytt til gruppa sine enkeltelement kan vera låg. Avsetjingar vert målt til neverdien av forventa utbetalingar for å innfri forpliktinga. Det vert nytta ein diskonteringssats før skatt som reflekterer neverande marknadssituasjon og risiko spesifikk for forpliktinga. Auken i forpliktinga som følgje av endra tidsverdi vert ført som rentekostnad.

FOR 2017: INNTEKTS- OG KOSTNADSFØRING

INNTEKTSFØRING

Renteinntekter

Renteinntekter vert resultatført proporsjonalt over tid i samsvar med effektiv rentemetode. Effektiv rentemetode er ein måte å inntektsføra renteinntekt over relevant periode. Effektiv rente er den renta som nøyaktig neddiskonterer estimerte framtidige kontantstraumar over forventa levetid til den finansielle eigendelen. Kontantstraumen blir fastsett etter kontraktrettslege vilkår. Ved nedskriving av fordringar, vert fordringa sin balanseførde verdi redusert til gjenvinnbart beløp. Gjenvinnbart beløp er estimert framtidig kontantstraum diskontert med opprinnelag, eller for lån med variabel rente, sist fastsette effektive rente. Etter nedskriving, vert renteinntekter resultatførde basert på effektiv rentesats på tidspunktet for nedskrivinga.

Gebyr og provisjonar

Inntekt frå utbyte

Utbyteinntekter vert resultatført når rett til å ta i mot betaling oppstår.

Andre inntekter

Forskotsbetalte inntekter ved slutten av året vert periodiserte og førde som gjeld i balansen. Opprente, ikkje betalte inntekter ved slutten av året, vert inntektsførde og oppført som tilgodehavande i banken sin balanse. Gebyr som betaling for direkte utførte tenester vert inntektsført på det tidspunktet dei vert betalte. Provisjonar vert tekne inn og ført i resultatrekneskapet etter kvart som dei er opprente som inntekt eller er påløpne som kostnad.



FINANSIELLE INSTRUMENT – INNREKNING OG FRÅREKNING

KLASSIFISERING

Banken klassifiserer finansielle eigendelar i følgjande kategoriar:

- til verkeleg verdi over resultatet
- utlån og fordringar
- eigendelar tilgjengeleg for sal

Klassifiseringa er avhengig av føremålet med eigendelen. Banken klassifiserer finansielle eigendelar ved anskaffing.

Finansielle eigendelar til verkeleg verdi over resultatet

Denne kategorien har to underkategoriar:

- finansielle eigendelar haldne for handelsføremål
- finansielle eigendelar som leiinga initiaelt har valt å klassifisera til verkeleg verdi over resultatet

Ein finansiell eigendel vert klassifisert i denne kategorien dersom han primært er skaffa med føremål å gi forteneste frå kortesiktige prissvingingar, eller dersom leiinga vel å klassifisera han i denne kategorien. Eigendelen sin verkelege verdi på balansedagen vert nytta i finansrekneskapet for denne kategorien. Eigendelar frivillig klassifisert til verkeleg verdi, inngår i banken sin likviditetsbuffer og skal raskt kunna bli omsett. Renteinntekter knytt til verdipapir er inkludert i «Renteinntekter» og blir berekna basert på kontraktuell rente. Andre verdiendringar inngår i linja «Netto vinst /tap på finansielle

instrument». Banken har ingen finansielle eigendelar i kategorien haldne for handelsføremål. I den andre underkategorien inngår banken si portefølje av sertifikat, obligasjonar og den likvide delen av aksjeporteføljen.

Plassering av instrumenta er gjort i samsvar med marknadsstrategien til banken.

Utlån og fordringar

Utlån er ikkje-derivative finansielle eigendelar med faste eller bestembare betalingar som ikkje er omsett i ein aktiv marknad. Dei er ikkje definert som eigendelar vurdert til verkeleg verdi over resultat eller finansielle eigendelar tilgjengeleg for sal. Banken har klassifisert «Kontantar og fordringar til kreditteinstitusjonar», «Utlån og fordringar til kreditteinstitusjonar» og «Utlån og fordringar til kundar» i denne kategorien. Utlån vert bokført etter amortisert kost i finansrekneskapet.

Finansielle eigendelar tilgjengeleg for sal

Finansielle eigendelar tilgjengeleg for sal er ikkje-derivative finansielle eigendelar som banken vel å plassera i denne kategorien eller som ikkje er klassifisert i nokon annan kategori. Føremålet med desse eigendelane er å generera inntekter over ein lengre tidshorisont, eller strategiske plasseringar hjå samarbeidspartar. Eigendelen sin verkelege verdi på balansedagen vert nytta i finansrekneskapet for denne kategorien.

REKNESKAPSFØRING OG MÅLING

Vanlege kjøp og sal av investeringar vert rekneskapsført på transaksjonstidspunktet, som er den dagen banken forpliktar seg til å kjøpa eller selja eigendelen. Alle finansielle eigendelar som ikkje vert rekneskapsført til verkeleg verdi over resultatet, vert balanseført første gang til verkeleg verdi pluss transaksjonskostnader.

Finansielle eigendelar som vert ført til verkeleg verdi over resultatet, vert rekneskapsført ved anskaffinga til verkeleg verdi og transaksjonskostnader vert resultatført. Investeringar vert fjerna frå balansen når rettane til å ta i mot kontantstraumar frå investeringa opphører, eller når desse rettane er blitt overført og



banken i hovudsak har overført all risiko og heile gevinstpotensialet ved eigarskapet. Finansielle eigendelar tilgjengeleg for sal og finansielle eigendelar til verkeleg verdi over resultatet, vert vurdert til verkeleg verdi etter balanseføring første gong. Utlån og fordringar vert rekneskapsført til amortisert kost ved bruk av effektiv rentemetoden.

Vinst eller tap frå endringar i verkeleg verdi av eigendelar klassifisert som «finansielle eigendelar til verkeleg verdi over resultatet», vert tekne med i resultatrekneskapet under «Netto vinst/tap på finansielle instrument» i den perioden dei oppstår. Endring i amortisert kost vert resultatført. Urealisert vinst eller tap for finansielle eigendelar klassifisert til gjengeleg for sal, vert rekna inn i eigenkapitalen over utvida resultat, med unntak av nedskrivingar ved verdifall, som vert resultatført. Ved avhending, blir akkumulert verdiendring på det finansielle instrumentet som tidligare er rekneskapsført over utvida resultat reversert og verdiendring blir resultatført. Verkeleg verdi av børsnoterte investeringar er basert på gjeldande kjøpskurs. Viss marknaden for verdipapiret ikkje er aktivt, eller viss det

gjeld eit verdipapir som ikkje er børsnotert, brukar banken teknikkar for verdisetting, for å fastsetja den verkelege verdien. Desse omfattar nyleg gjennomførde transaksjonar til marknadsvilkår, henvising til andre instrument som i vesentleg grad er like, og bruk av diskontert kontantstraumanalyse. Teknikkane vektlegg marknadsinformasjon i størst mulig grad og i minst grad selskapsspesifik informasjon. På kvar balansedag vurderer banken om det finst objektive indikatorar som tyder på at verdien av enkelte eigendelar eller grupper av finansielle eigendelar er forringa. For eigenkapitalinstrument klassifisert som tilgjengeleg for sal, vil ein vesentleg eller ein langvarig reduksjon i verkeleg verdi av instrumentet under anskaffelseskost òg vera ein indikasjon på at eigendelen er utsett for verdifall. Dersom det ligg føre slike indikasjonar og verdireduksjonar tidligare har vore ført mot utvida resultat, skal det kumulative tapet som er rekna inn i utvida resultat omklassifiserast til banken sitt resultatrekneskap. Beløpet vert målt som differansen mellom anskaffelseskost og dagens verkelege verdi, med frådrag for tap ved verdifall som tidligare er resultatført.

UTLÅN OG GARANTIAR

UTLÅN OG GARANTIAR I BANKEN

Utlån er vurdert til amortisert kost i samsvar med IAS 39. Amortisert kost er definert som balanseførd verdi ved måling første gong, justert for mottekne avdrag, eventuelt akkumulert periodisering av gebyr, provisjonar og liknande, og eventuelt nedskriving for tap. Amortiseringa skal skje ved bruk av effektiv rentemetode. Effektiv rente er den renta som neddiskonterer den forventa framtidige kontantstraum til balanseført verdi av instrumentet.





NOTAR

INNHALDSLISTER NOTAR

1. Finansiell risikostyring
2. Viktige rekneskapsestimat og skjønsmessige vurderinger
3. Netto rente- og kreditprovisjonsinntekter
4. Utbyte
5. Provisjonsinntekter med vidare
6. Provisjonskostnader med vidare
7. Netto vinst/tap på finansielle instrument
8. Andre driftsinntekter
9. Løn- og personalkostnader
10. Segment
11. Transaksjonar med nærståande partar
12. Løn m.m. og lån til tilsette og tillitsvalde (morbak)
13. Andre driftskostnader
14. Skattekostnad
15. Resultat pr. eigenkapitalbevis
16. Kontantar og fordringar på sentralbanken (morbak)
17. Utlån til og fordringar på kreditinstitusjonar (morbak)
18. Utlån til kundar, kredittar, garantiar, tap på utlån og garantiar
19. Verdipapir til verkeleg verdi over resultatet
20. Finansielle eigendelar og forpliktingar
21. Spesifikasjon verdipapir til verkeleg verdi over utvida resultat
22. Utsett skattefordel
23. Varige driftsmidlar
24. Andre eigendelar
25. Gjeld til kreditinstitusjonar (morbak)
26. Innskot frå kundar
27. Gjeld ved utsteda verdipapir
28. Anna gjeld
29. Pensjonsforpliktingar
30. Ansvarleg lånekapital
31. Eigandelskapital og eigarstruktur
32. Ansvarleg kapital og kapitaldekning
33. Garantiansvar
34. Pantsetjingar og betinga forpliktingar, trekkrettar
35. Forfall av forpliktingar
36. Tid til avtalt/sannsynleg endring av rentevilkår
37. Rekneskapsprinsipp
38. Hending etter balansedag

1. FINANSIELL RISIKOSTYRING

Drifta av banken er bunden av ei rekke tilhøve. Særleg innverknad har rente- og kredittrisiko. Andre større risikoar er likviditets- og kursrisiko i verdipapir. Bankverksemda medfører òg ein operasjonell risiko.

Styret har fastsett rammer for risiko innan kredittgjeving, handel med verdipapir og for renterisiko. Det er fastsett rutinar for rapportering til styret om utviklinga på risikoområda og det er vedteke ein eigen finansstrategi. Det er òg utvikla eit eige internkontrollsysteem for den totale bankverksemda.

Det er fastsett retningslinjer og prinsipp for internkontroll. Administrasjonen har ansvar for å følgja opp den daglege risikostyringa.

Styret er merksam på risikoen ved høg utlånsvekst og kva verknad det kan ha for kapitaldekninga i banken. I tillegg er styret kjend med risikoen knytt til å vera meir avhengig av pengemarknaden. Styret har difor sett seg mål både på kapitaldekninga og likviditeten i banken, og vil treffa tiltak dersom kapitaldekninga og likviditeten kjem under desse måla.

KREDITTRISIKO

Kredittrisiko er risiko for tap som skuldast at kundar og motpartar ikkje oppfyller betalingsforpliktingane sine overfor banken. Kredittrisiko vedkjem alle fordringar på kundar, motpartar, utlån, kredittar, garantiar, uoppgjorte handlar, unytta kredittar og verdipapir, og motpartsrisiko som oppstår gjennom derivat. Kredittrisiko er avhengig av mellom anna storleiken på fordringa, tid for forfall, sannsynlegheit for misleghald og eventuelle verdi på trygda. Kredittap kan òg oppstå som følgje av operasjonelle feil. Banken sin mest vesentlege risiko, er kredittrisiko som hovudsakeleg er knytt til utlån.

Kredittrisiko vert styrd gjennom banken sin kreditstrategi. Det er utarbeidd kreditthandbøker med policyar, rutinar og administrativ fullmaksstruktur for styring av kredittrisiko. Kreditthandboka klargjer mellom anna krav til dokumentasjon og betjeningsevne for kundar som får innvilga kreditt og krav til trygd for engasjementa. Risiko i porteføljen blir kontinuerleg overvaka for å avdekka sannsynlegheit for misleghald, og for å kalkulera tap dersom misleghald inntreff.

Kredittrisikoen til banken er hovudsakeleg små enkeltrisikoar mot privat- og bedriftskunde marknaden. Etablert risikohandtering skal sikre at kredittrisiko er i samsvar med banken sin risikovilje.

Trygd

Verdien av deponert trygd skal vera tilstrekkeleg til å sikra engasjementet ved eventuell realisering, både på kort og lang sikt. Sikkerheitsobjekt som er ukjende for banken, skal dokumentera verdien sin gjennom offentleg takst der det er relevant.

Som trygd for banken si utlånsportefølje blir det hovudsakleg nytta:

- pant i fast eigedom
- registrerbart lausøyre, landbrukslausøyre og driftstilbehør
- fordringar og varelager
- pant i bankinnskot
- finansiell pant registrert i VPS, aksjar og obligasjonar
- kausjonistar

Generelt vert det kravd trygd for alle typar lån, med unntak av lønskontokreditt.

Konsentrationsrisiko

Banken er ikkje generelt eksponert mot få, store næringskundar. Eksponeringa er spreidd geografisk, teke omsyn til banken sin marknadsdel. For å sikra diversifisering, er det gitt rammer for eksponering i bransjar, fylke og per kunde. Sjå note 18 for talfesting av store engasjement.

Engasementsstorleik

Eit engasjement er definert som kunden sitt



utlån, garantiar og unytta trekkrammer. Det utgjer banken sin maksimale kredittrisiko. Totale engasjement kjem fram i note 18 fordelt på sektorane næring og privat. Store engasjement blir rapportert på eigne lister og rapportar til styret. Administrasjonen har ansvar for å følgja opp utviklinga i store engasjement. Banken si utlånsverksemd vert styrd av adm. banksjef.

Risikoklassifisering

Modellen

Indre Sogn Sparebank nyttar ein sannsynlegheitsbasert (PD – probability of default) risikoklassifiseringsmodell på alle kundar der det er risiko for tap for banken. Det betyr at alle kundar med lån, kreditt eller garanti blir risikoklassifisert, i tillegg til kundar med overtrekk over NOK 1.000,-. Risikoklassifiseringsmodellane er delt i to hovudmodellar – ein for personmarknad og ein for bedriftsmarknad.

Hovudmodellane er igjen delt i ulike undermodellar. Det vert òg gjort eit modellmessig skilje mellom eksisterande og nye kundar. Risikoklassifiseringsmodellen som banken nyttar bereknar sannsynlegheit for at kunden går i misleghald i løpet av dei neste 12 månadane.

Indre Sogn Sparebank si risikoklassifisering

Sannsynlegheit for misleghald i prosent

| Risikoklasse | Frå og med | Til |
|--------------|------------|--------|
| 1 | 0,01 | 0,10 |
| 2 | 0,10 | 0,25 |
| 3 | 0,25 | 0,50 |
| 4 | 0,50 | 0,75 |
| 5 | 0,75 | 1,25 |
| 6 | 1,25 | 2,00 |
| 7 | 2,00 | 3,00 |
| 8 | 3,00 | 5,00 |
| 9 | 5,00 | 8,00 |
| 10 | 8,00 | 100,00 |
| 11 | Misleghald | |
| 12 | Tapsutsett | |

Basert på risikoklassifiseringsystemet til Indre Sogn Sparebank der risikoklasse 1 representerer lågast og risikoklasse 12 høgst risiko. I risikoklasse 11 er alle kundar med misleghald over

NOK 1.000 i 90 dagar gruppert. I risikoklasse 12 er alle kundar som banken har vurdert som tapsutsett gruppert.

Misleghaldne og tapsutsette engasjement

Kredittrisiko på utlån og garantiar kjem som følgje av at engasjement vert misleghaldne eller det skjer hendingar som gjer det svært sannsynleg at engasjementet vil bli påført tap på eit seinare tidspunkt. Eit engasjement vert vurdert som misleghalde når kunden ikkje har betalt forfallen termin innan 90 dagar etter forfall, eller når overtrekk på rammekreditt ikkje er dekka inn innan 90 dagar etter at rammekreditten vart overtrekt. Misleghaldne engasjement blir gjennomgått og handsama fortløpande av administrasjonen i banken. Styret i banken får månadleg rapportar vedkomande utviklinga på misleghald. Sjå note 18 for opplysningar om misleghaldne og tapsutsette utlån og trygda for desse. Tapsutsette engasjement er engasjement som ikkje er misleghaldne, men der kunden sin økonomiske situasjon inneber ei stor sannsynlegheit for at eit allereie oppstått tap vil materialisera seg på eit seinare tidspunkt. Rentene på slike utlån løper som normalt inntil misleghaldet oppstår.

Nedskrivinger

2018 etter IFRS 9

Under IFRS 9 skal tapsavsetningane innrekna basert på forventa kredittap. Den generelle modellen for nedskrivinger av finansielle eigendelar omfattar finansielle eigendelar som blir målt til amortisert kost eller til verkeleg verdi med verdiendringar over utvida resultat. I tillegg er òg lånetilsagn, finansielle garanti-kontraktar som ikkje blir målt til verkeleg verdi over resultatet og fordringar på leigeavtalar omfatta.

Ved førstegongs balanseføring skal det avsettest for tap tilsvarande 12-månaders forventa tap. 12-månaders forventa tap er det tapet som er forventa å inntreffa over levetida til instrumentet, men som kan knytast til misleghaldshendingar som inntreff dei første 12 månadane.

Dersom kreditrisikoen for ein eigendel eller gruppe av eigendelar ser ut til å ha auka vesentleg sidan første gongs innrekning, skal det gjerast ei tapsavsetning tilsvarande heile



den forventa levetida til eigendelen. Dersom det oppstår eit kredittap skal renteinntekter innrekna basert på bokført beløp etter justering for tapsavsetning.

2017 etter IAS 39

Dersom det ligg føre objektive indikasjonar for tap på engasjement, blir engasjementet nedskrive til verdien av framtidige kontantstraumar neddiskontert basert på effektiv rente. Utlånsporteføljen er delt inn i grupper med tilnærma lik risikoprofil, og blir nedskriven dersom det ligg føre objektive indikasjonar for tap på grupper. Individuelt vurderte lån blir trekt ut av tilhøyrande gruppe og er ikkje med i grunnlaget for gruppemedskrivingar.

Banken gjennomgår portefølje av utlån og garantiar og føretak individuelle nedskrivingar. Gruppemedskrivingar på utlån og garantiar blir føreteke med basis i risikoklassifiseringa

og modellen for gruppemedskriving byggjer på bransjeinndeling av kundane, offentlege tilgjengelege konkurssannsynlegheiter og forventa restverdi på objekta.

Kreditrisiko på verdipapir

Kreditrisiko i obligasjonsportefølje kjem som følgje av konkurs, gjeldsforhandlingar eller makrohendingar. Som følgje av denne risikoen, vert det i rutina nytta rammer for plasseringar slik at banken fordeler risiko på mange selskap.

Banken ynskjer at porteføljen av finansielle instrument skal ha ein låg kreditrisikoprofil, og det fortrinnsvis blir investert i bankar, solide føretak og stat og statsgaranterte føretak. Kreditkvaliteten vert vurdert som tilfredstillande.

Banken har ikkje investeringar i verdipapir i framand valuta.

MARKNADSRISIKO

Marknadsrisiko er risikoen for tap og gevinst i marknadspараметrar som rente, valutakursar, aksje- eller råvarereprisar. Marknadsrisiko som banken står overfor, er hovudsakeleg renterisiko og inkluderer potensielle svingingar i verdien av fastrenteinstrument eller finansielle instrument knytt til ein marknadsbenchmark (NIBOR flytande pengemarknadsrente) som følgje av endringar i marknadsrenter, og i framtidige kontantstraumar for finansielle instrument til flytande rente. Prisrisiko kjem av endringar i marknadsprisar, enten som følgje spesifikke faktorar knytt til eit individuelt finansielt instrument eller utstedar, eller faktorar som påverkar alle instrument handla i ein marknad. Det kan til dømes handla om endringar i prisar eller volatilitet på aksjar eller aksjeindeksar. Rentepapir, aksjar og aksjefond er eksponert for denne risikoen. Det mest vesentlege av marknadsrisiko relaterer seg til verdipapirmarknaden representert ved eigne verdipapirbeholdninga. Hovudtyngda av porteføljen til banken er plassert i likvide obligasjonar med avgrensa risiko for store fall i marknadsverdien. Forvaltninga er underlagt rapporterings- og posisjonsrammer fastlagt av styret. Rammene skal avgrensa risikoen,

og desse rammene blir gjennomgått minst ein gong i året.

Prisrisiko

Banken sin samla marknadsrisiko blir vurdert ut i frå stressscenario utarbeidd i tråd med tilrådingar frå Finanstilsynet og Baselkomiteen.

Valutarisiko

Banken har ingen vesentleg valutaeksponering. Valutapostar er avgrensa til setlar i utanlandsk valuta (valutakasse) og garantiar for formidla lån i utanlandsk valuta. Kundane har stilt trygd i fast eigedom for valutålångsgarantiane og verdien av trygda er vesentleg høgare enn forpliktinga. Ved ei utvikling i valutakursen som medfører at låna til kunden blir høgare, vil banken stilla krav om tilleggstrygd.

Renterisiko

Banken er òg eksponert for renterisiko knytt til tap av rentenetto. Risikoen kjem fram som resultat av ulik rentebindingstid på ulike aktiva- og passivapostar i og utanfor balansen. Desse er obligasjonar, utlån til kundar, garantiar, innskot og verdipapirgjeld. Ei endring i marknadsrenta vil gi auke eller



reduksjon i banken sin rentenettsom følgje av det. Styret i banken har sett ramme for banken sin renterisiko og eksponering til MNOK 2 som maksimalt negativt utslag. Sjå note 36 for talfesting av sensitivitet ved 1 % renteendring. Renteberande verdipapirpllasseringar, utlån, innskot frå kundar, finansinstitusjonar og låneopptak i marknaden er alle knytt til

flytande rente. Utanom balansepostar, gjeld banken sitt løpende garantiansvar som er knytt til flytande rente. Renterisikoen blir månadleg rapportert til styret. Ulik rentebinding og referanserenter på utlån og innlån gir utslag på rentenetts i banken. Renterisiko blir redusert ved at innlån og utlån i høg grad blir tilpassa same rentevilkår.

LIKVIDITETSRIJKO

Likviditetsrisiko kan enkelt forklaraast som banken si evne til å gjera opp eiga gjeld ved forfall. Når banken sine lånekundar ynskjer ei langsiktig finansiering, og banken sine innskotskundar vil disponera innskota sine med kort varsling, har banken ein likviditetsrisiko. Finansiering av dette gapet er gjort ved at banken har teke opp lån i Noregs Bank, i den opne marknaden og avtalt trekkramme med DNB Bank ASA på MNOK 125. Banken har vedteke ein likviditetsstrategi der den

kortsiktige trekkretten skal vera minst 3 % av banken sin forvaltningskapital. Banken skal ikkje ha langsiktig trekkrett.

Likviditetssituasjonen for banken er vurdert tilfredsstillande. Utviklinga av likviditetsrisikoen blir månadleg rapportert til styret som karakteriserer risikoen som tilfredsstillande. Sjå årsmeldinga frå styret for beskriving av banken si styring av risiko og note 35 for talfesting av forfall på forpliktingar.

OPERASJONELL RISIKO

Den operasjonelle risikoen til banken er risiko for tap som følgje av utilstrekkelege eller sviktande prosessar eller system, menneskelege feil, eksterne hendingar og juridisk risiko. Denne type risiko og kjelder til tap ligg i den løpende drifta av banken. Banken har utarbeidd policyar, rutinar, fullmaktstrukturar

med vidare. Det saman med veldefinerte og klare ansvarsforhold, er tiltak som reduserer den operasjonelle risikoen. Det er vidare teikna formålstenlege forsikringsordningar, og utarbeidd relevante beredskapsplanar for å handtera krisesituasjonar.

KAPITALFORVALTNING

Målet til banken vedkomande kapitalforvaltning er å sikra framleis drift for å gi eigenkapitalbeviseigarane og kapitalfondet i banken ei god avkastning, og oppretthalda ein optimal kapitalstruktur for å redusera kapitalkostnadane. På denne måten kan banken gi utbyte på eigenkapitalbevis og bidra til utvikling av lokalsamfunna banken er ein del av.

Gjennom lovverket, er banken underlagt eit regelverk for minstekrav til kapitaldekning og soliditet. CEBS har utarbeidd retningslinjer for prosessar for styring av risiko og kapitalbehov i form av ICAAP. Styret har ansvaret for å initiera ICAAP-prosessen

og kapitalplanlegginga, og set mål for eit kapitalnivå som er tilpassa banken sin risikoprofil og forretningsmessige rammevilkår. ICAAP-prosessen er ein integrert del av banken si samla risikostyring.

Sjølv om Indre Sogn Sparebank prisar inn ein forventa tapskostnad, må banken ha kapitalreservar for å dekka uventa tap. Gjennom ICAAP vert risikojustert kapital utrekna for alle risikoområde, og banken gjennomfører stress-testing for å identifisera forhold som kan påverka risikobildet og kapitaldekninga i negativ retning. Risikojustert kapital angir kor stort tap som kan oppstå under ekstreme



forhold, og er ein sentral storleik i vurderinga av banken sitt behov for eigenkapital for å driva verksemda på ein forsvarleg måte. Den risikojusterte kapitalen og lovmessig minstekrav vert samanhalden mot banken sin faktiske eigenkapital.

Banken skal ha ein spreidd forfallsstruktur på innlåna sine.

Frå 31.12.2018 skal banken minst ha ein LCR⁵ lik 120 %. Banken sin LCR er 107 % ved årsskiftet. Kravet til LCR frå styresmaktene er 100 % pr. 31.12.2018.

Den ansvarlege kapitalen består av rein kjernekapital, anna kjernekapital (hybridkapital) og tilleggskapital (ansvarleg lånekapital). Kravet til kapitaldekninga er at den ansvarlege kapitalen skal minst utgjera 8 % av eit nærrare fastsett berekningsgrunnlag. I tillegg må banken møta bufferkrav og skal ha ei konsolidert kapitaldekning på minst 20,0 %, og rein kjernekapital skal vera minst 15,8 % pr. 31.12.2018.

Konsolidert kapitaldekning var 19,43 % og rein konsolidert kjernekapital var 14,74%.

| Pr. 31.12.2018 | Indre Sogn Sparebank | Krav frå styresmaktene |
|--------------------|----------------------|------------------------|
| Rein kjernekapital | 15,06 % | 15,0 % |
| Kjernekapital | 19,87 % | 18,5 % |

Resultatet til Indre Sogn Sparebank vert delt høvesvis mellom sparebanken sitt fond og eigenkapitalbeviskapitalen. Banken nyttar inngåande balanse for eigenkapitalbeviskapitalen med tillegg av utjamningsfond ved utrekning av eigarbrøken. Indre Sogn Sparebank tek sikte på at 50 % av resultatet i høve til eigarbrøken vert utbetalt som utbyte, resten vert lagt til utjamningsfondet og omlag 50 % av resultatet i høve eigarbrøken vert fordelt som gåver/overført til ei samfunnsnyttig stifting. I vurderinga av utdeling av overskotet i 2018 til utbyte og gåver, vil det bli lagt vekt på at eigenkapitalbevisigarane sin del av samla eigenkapital bør haldast stabil.

STRATEGISK RISIKO

Strategisk/forretningsmessig risiko er risikoen for at verdiane av gjeld og eigendelar vert endra på grunn av faktorar i marknaden. Dette krev ei kontinuerleg vurdering av konkurransesituasjonen, banken sine produkt og endringar i banken sine rammevilkår.

OMDØMERISIKO

Omdørerisiko er risiko for at banken kan bli påført tap eller kostnader ved svekka omdøme. Slik svekking av omdøme til dømes koma som ei følgje av manglande kontrollrutinar knytt til sal av banken sine produkt.

⁵ LCR, eller Liquidity Coverage Ratio, er eit minimumskrav til likvide aktiva i høve til utrekna negativ cash flow under eit definert stressa likviditetsscenario.

2. VIKTIGE REKNESKAPSESTIMAT OG SKJØNSMESSIGE VURDERINGER

Estimat og skjønsmessige vurderinger blir evaluert løpende og er basert på historisk erfaring og andre faktorar, inklusive forventningar om framtidige hendingar som er forventa å vera sannsynlege under noverande omstende. Banken forventar ingen endringar i nøkkelføresetnadene som vil føra til vesentlege endringar i bokførte verdiar av eigendelar og forpliktingar i løpet av neste år.

VIKTIGE REKNESKAPSESTIMAT OG FØRESETNADER

Banken utarbeidar estimat og føresetnader knytt til framtida. Dei rekneskapsestimata som føl av dette vil per definisjon sjeldan vera fullt ut i samsvar med det endelige utfalla. Estimat og føresetnader som representerer ein betydeleg risiko for vesentlege endringar i balanseført verdi på eigendelar og gjeld i løpet av neste rekneskapsår, vert drøfta nedanfor.

a) Verkeleg verdi på finansielle instrument
For verdipapir som ikkje er børsnoterte og der det ikkje er ein aktiv marknad nyttar konsernet verdsettingsteknikkar for å fastsette verkeleg verdi. Konsernet vurderer og vel metodar og tek føresetnader som så langt som mogleg er basert på marknadsforholda på balansedagen. For rentepapir som ikkje er handla aktivt i tida nær rapporterings-tidspunktet hentar me inn verdivurderingar og spreadestimat frå ulike meklarføretak og Norsk Fondsmeglarforbund, og nyttar desse til verdsetting. Verdivurdering av unoterte aksjar byggjer på siste emisjonskurs, omsetnings-verdiar me har kunnkap om, og neddiskonterte kontantstraumar. Verdipapir utan omsetning er verdsett med utgangspunkt i tilgjengeleg rekneskapsinformasjon. Verkeleg verdi av forpliktingane for finansielle garantiar blir verdsett med teknikkar slik som for nedskrivingar på utlån omtalt nedanfor. Sjå òg note 20 for sensitivitetsanalyse knytt til kursendringar nivå 3 verdsetjing.

b) Nedskriving på utlån

2018 etter IFRS 9

Under IFRS 9 skal tapsavsetningane innrekna basert på forventa kredittap. Den generelle modellen for nedskrivingar av finansielle

eigendelar omfattar finansielle eigendelar som blir målt til amortisert kost eller til verkeleg verdi med verdiendringar over utvida resultat. I tillegg er òg lånetilsagn, finansielle garanti-kontraktar som ikkje blir målt til verkeleg verdi over resultatet og fordringar på leigeavtalar omfatta.

Ved førstegongs balanseføring skal det avsettast for tap tilsvarande 12-månaders forventa tap. 12-månaders forventa tap er det tapet som er forventa å inntreffa over levetida til instrumentet, men som kan knytast til misleg-haldshendingar som inntreff dei første 12 månadane.

Dersom kreditrisikoen for ein eigendel eller gruppe av eigendelar ser ut til å ha auka vesentleg sidan første gongs innrekning, skal det gjerast ei tapsavsetning tilsvarande heile den forventa levetida til eigendelen. Dersom det oppstår eit kredittap skal renteinntekter innrekna basert på bokført beløp etter justering for tapsavsetning.

2017 etter IAS 39

Nedskriving på utlån skal skje når objektive bevis for verdifall kan identifiserast. Objektive bevis for verdifall på eit utlån omfattar vesentlege finansielle problem hjå debitor, betalingsmisleghald eller andre vesentlege kontaktsbrot, tilfelle der det blir vurdert som sannsyleg at debitor vil innleie gjelds-forhandling eller andre konkrete hendingar. Som kriterium på objektive bevis for gruppenedskrivingar i konsernet, blir det nyttta modellverk som er utvikla for å rekna ut kreditrisiko, og eigne data for statistisk



restløpetid for låna. Alle nedskrivningar er basert på neddiskonerte verdiar, med låna si effektive rente før verdifall som diskonteringsrente. I prinsippet skal alle kontantstraumar på engasjement og grupper identifiserast, og det må gjerast ei vurdering av kva kontantstraumar som er utsett. Med det store talet engasjement som er gjenstand for vurdering, må slike utrekningar skje med utgangspunkt i tilnærmingar og erfaringsmateriale.

Modellverket for utrekning av kredittrisiko vert vurdert og validert jamleg. Slik vert

øg modellen for nedskriving på grupper av utlån vurdert. Endringar vert gjort for å gi forventningsrette estimat utifra erfarringsdata og kunnskap om banken si portefølje og dei makroøkonomiske framtidsutsiktene. For ytterlegare omtale av metode for individuelle nedskrivningar og gruppenedskrivningar, sjå øg Rekneskapsprinsipp, note 1 om Risikoforhold, og note 18 om Utlån til kundar m.m. og note 37 Rekneskapsprinsipp - Informasjon om prinsippendring IFRS 9 frå 01.01.2018.

3. NETTO RENTE- OG KREDITTPROVISJONSINNTEKTER

i 1.000 kr.

| | Morbank | | Konsern | |
|--|---------------|---------------|---------------|---------------|
| | 2018 | 2017 | 2018 | 2017 |
| Renteinntekter | | | | |
| Renter og liknande inntekter av utlån til og fordringer på kreditinstitusjonar | 2 333 | 1 841 | 2 296 | 1 841 |
| Renter og liknande inntekter av utlån til og fordringer på kundar | 91 869 | 88 090 | 91 869 | 88 064 |
| Renter og liknande inntekter av sertifikat og obligasjoner | 1 066 | 1 084 | 1 066 | 1 084 |
| Sum renteinntekter | 95 267 | 91 016 | 95 230 | 90 990 |
| Rentekostnader | | | | |
| Renter og liknande kostnader på gjeld til kreditinstitusjonar | 357 | 299 | 357 | 299 |
| Renter og liknande kostnader på innskot frå og gjeld til kunder | 23 111 | 20 629 | 23 111 | 20 629 |
| Renter og liknande kostnader på verdipapir | 7 201 | 8 503 | 7 201 | 8 503 |
| Renter og liknande kostnader på ansvarleg lån | 1 372 | 1 351 | 1 372 | 1 351 |
| Andre rentekostnader og liknande kostnader | 4 | 0 | 4 | 0 |
| Sum rentekostnader | 32 045 | 30 783 | 32 045 | 30 783 |
| Netto renteinntekter | 63 221 | 60 233 | 63 184 | 60 207 |
| Av dette renteinntekter på nedskrivne lån | | 132 | | 132 |



4. UΤBYTE

i 1.000 kr.

| | 2018 | 2017 |
|--|--------------|--------------|
| Verkeleg verdi over resultatet | 8 011 | 51 |
| Tilgjengeleg for sal | - | 7 259 |
| Sum utbyte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning | 8 011 | 7 310 |

5. PROVISJONSINNTEKTER MED VIDARE

i 1.000 kr.

| | Morbank | | Konsern | |
|---|---------------|---------------|---------------|---------------|
| | 2018 | 2017 | 2018 | 2017 |
| Garantiprovisjon | 2 178 | 1 704 | 2 178 | 1 704 |
| Betalingsformidling | 5 334 | 6 452 | 5 334 | 6 452 |
| Verdipapirteneste og forvaltning | 1 965 | 901 | 1 965 | 901 |
| Forsikringsprodukt | 4 957 | 5 070 | 4 957 | 5 070 |
| Provisjon Eika Boligkredit AS | 6 504 | 6 031 | 6 504 | 6 031 |
| Andre provisjonar og gebyr | 1 730 | 1 901 | 1 730 | 1 901 |
| Sum provisjonsinntekter med vidare | 22 668 | 22 059 | 22 668 | 22 059 |

6. PROVISJONSKOSTNADER MED VIDARE

i 1.000 kr.

| | Morbank | | Konsern | |
|---|--------------|--------------|--------------|--------------|
| | 2018 | 2017 | 2018 | 2017 |
| Nets kostnader | 2 158 | 2 524 | 2 158 | 2 524 |
| Formidlingsprovisjon | 222 | 228 | 222 | 228 |
| Verdipapirkostnader | 1 764 | 1 329 | 1 764 | 1 329 |
| Andre kostnader | 120 | 120 | 120 | 120 |
| Sum provisjonskostnader med vidare | 4 264 | 4 201 | 4 264 | 4 201 |



7. NETTO VINST/TAP PÅ FINANSIELLE INSTRUMENT

i 1.000 kr.

| | Morbank | Konsern | |
|---|--------------|--------------|--------------|
| | 2018 | 2017 | 2018 |
| | 2018 | 2017 | 2017 |
| Netto vinst/tap på sertifikat og obligasjoner | -209 | 339 | -209 |
| Netto vinst/tap på aksjer og andre verdipapir med variabel avkastning | 1 171 | 3 981 | 1 171 |
| Netto vinst/tap på valuta | 359 | 328 | 359 |
| Netto vinst/tap på finansielle instrument | 1 321 | 4 648 | 1 321 |
| | | | |
| | 2018 | 2017 | 2018 |
| | 2018 | 2017 | 2017 |
| Netto vinst/tap på finansielle instr. til verkeleg verdi over resultatet | 963 | 2 807 | 963 |
| Netto vinst/tap på finansielle instr. tilgjengelig for sal | 0 | 1 512 | 0 |
| Netto vinst/tap på valuta | 359 | 328 | 359 |
| Netto vinst/tap på finansielle instrument i driftsresultat før skatt | 1 321 | 4 648 | 1 321 |
| | | | |

8. ANDRE DRIFTSINNTEKTER

i 1.000 kr.

| | Morbank | Konsern | |
|---|------------|--------------|--------------|
| | 2018 | 2017 | 2018 |
| | 2018 | 2017 | 2017 |
| Husleigeinntekter | 408 | 532 | 258 |
| Salsinntekter eigedomsmekling | | | 5 908 |
| Inntektsført badwill kjøp av ISSB Eigedom | | | 3 290 |
| Vinst sal av fast eigedom | 1 394 | 0 | 1 394 |
| Sum andre driftsinntekter | 408 | 1 926 | 6 166 |
| | | | |
| | | | |

9. LØN- OG PERSONALKOSTNADER

i 1.000 kr.

| | Morbank | Konsern | |
|------------------------------------|---------------|---------------|---------------|
| | 2018 | 2017 | 2018 |
| | 2018 | 2017 | 2017 |
| Løn og personalkostnader | 2018 | 2017 | 2018 |
| Løn til tilsette | 20 250 | 19 263 | 23 044 |
| Honorar til styre og tillitsmenn | 393 | 362 | 393 |
| Pensjonar | 4 958 | 3 286 | 4 958 |
| Arbeidsgjeveravgift og finansskatt | 4 138 | 4 177 | 4 138 |
| Andre personalkostnader | 995 | 1 265 | 995 |
| Løn og personalkostnader | 30 734 | 28 353 | 33 528 |
| | | | |
| Tal årsverk pr 31.12. | 30,4 | 33,6 | 34,4 |
| Lærling | 1,0 | 2,0 | 1,0 |
| Gjennomsnittleg tal årsverk i året | 32,7 | 34,2 | 37,2 |
| | | | |
| | | | |



10. SEGMENT

Banken føl IFRS 8 og morbank utarbeider rekneskap for segmenta privatmarknad (PM) og bedriftsmarknad (BM). Personkundar som blir følgde opp av næringsavdelinga inngår i bedriftsmarknaden. Etter vurderinga til banken, ligg det ikkje føre vesentlege forskjellar i risiko og avkastning på produkt og tenester som inngår i hovudmarknadane til banken. Banken opererer i eit geografisk avgrensa område, og rapportering på geografiske segment gir lite tilleggsinformasjon. Stab morbank omfattar administrasjon, forvalting, investeringstenester, strategi, eigarskap og økonomi funksjonar i banken. Tabellen viser segmentfordelinga i morbank.

i 1.000 kr.

| RESULTAT | 31.12.2018 | | | 31.12.2017 | | |
|---|---------------|------------------------------|---------------|---------------|------------------------------|---------------|
| | PM | Andre område BM i morbank | Totalt | PM | Andre område BM i morbank | Totalt |
| Renteinntekter | 45 445 | 15 804 | 1 972 | 95 267 | 20 472 | 8 650 |
| Netto renteinntekter | 45 445 | 15 804 | 1 973 | 63 221 | 42 592 | 15 824 |
| Utbyte | 618 | 0 | 7 393 | 8 011 | 1 387 | 0 |
| Provisjonsinntekter m.v. | 18 637 | 3 905 | 126 | 22 668 | 18 414 | 3 490 |
| Provisjonskostnader m.v. | 2 233 | 392 | 1 639 | 4 264 | 2 288 | 442 |
01.01.2019 etter prinsippa i IFRS 16. Det er høve til å unnlata å utarbeida samanlikningstal for historiske periodar, og banken har vald å ikkje utarbeida samanlikningstal. Effektane av nye prinsipp i opningsbalansen for 2019 vert ført mot eigenkapitalen.

Overgangseffektar

Leigerettane til banken er i vesentleg grad leigde eigendomar i Øvre Årdal, Sogndal og Bergen.

Effekt av IFRS 16 for banken er utrekna ei balanseføring av leigerett med MNOK 12,0 og tilsvarande auka balanseført leigeforplikting på MNOK 12,0. Eigenkapitalen vil ikkje bli påverka. Implementering av IFRS 16 vil ha uvesentleg påverknad på banken sin soliditet.



38. HENDING ETTER BALANSEDAG

Det har ikke førekome hendingar etter utløp av perioden som medfører justeringar av, eller tilleggsopplysninga i rekneskapet eller i notar til rekneskapet.

FUSJON

I 2019 vil Indre Sogn Sparebank bli samanslått med Aurland Sparebank og Vik Sparebank til Sogn Sparebank. Juridisk fusjon er sett til 01.04.2019.

DISPONERING AV OVERSKOT

Styret tilrår generalforsamlinga at det for rekneskapsåret 2018 vert avsett NOK 7,93 pr. eigenkapitalbevis til utjamningsfondet. Styret vil tilrå generalforsamlinga å betala ut utbyte NOK 2,00 per eigenkapitalbevis for 2018.





REVISJONSmelding FOR 2018



Til generalforsamlinga i Indre Sogn Sparebank

Melding frå uavhengig revisor

Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert Indre Sogn Sparebank sin årsrekneskap som er samansett av:

- selskapsrekneskapen, som er samansett av balanse per 31. desember 2018, resultatrekneskap, eigenkapitaloppstilling og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoен og notar, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp, og
- konsernrekneskapen, som er samansett av balanse per 31. desember 2018, resultatrekneskap, eignkapitaloppstilling og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår mening:

- er årsrekneskapen gitt i samsvar med lov og forskrifter
- gir selskapsrekneskapen som følgjer med eit rettvisande bilet av den finansielle stillinga til Indre Sogn Sparebank per 31. desember 2018 og av selskapet sine resultat og kontantstraumar for rekneskapsåret som blei avslutta per denne datoen i samsvar med International Financial Reporting Standards som fastsett av EU.
- gir konsernrekneskapen som følgjer med eit rettvisande bilet av den finansielle stillinga til konsernet Indre Sogn Sparebank per 31. desember 2018 og av konsernet sine resultat og kontantstraumar for det avsluttande rekneskapsåret i samsvar med International Financial Reporting Standards som fastsett av EU.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet og konsernet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Sentrale tilhøve ved revisjonen

Sentrale tilhøve ved revisjonen er dei tilhøva vi meiner var av størst betydning ved revisjonen av årsrekneskapen for 2018. Desse tilhøva blei handtert då revisjonen vart utførd og då danna vi oss ei mening om årsrekneskapen totalt sett. Vi konkluderer ikkje særskilt på desse tilhøva.

Verksemda i banken har i hovudsak vore uendra samanlikna med fjoråret. Det har ikkje vore regulatoriske endringar, transaksjonar eller hendingar av vesentleg innverknad på årsrekneskapen



som har leia til nye fokusområder. I lys av dette har fokusområda vore dei same i 2018 som for fjoråret.

Sentrale tilhøve ved revisjonen

Korleis vi i vår revisjon handterte sentrale tilhøve ved revisjonen

Verdien av utlån til kundar

Utlån utgjer ein vesentleg del av verdien av eigendelane i balansen. Vurdering av nedskrivninger er basert på eit modell-basert rammeverk med elementer som krev at leiinga brukar skjønn. Rammeverket er komplekst og omfattar store mengder data og skjønnsmessige parametere.

Vi fokuserte på verdsettinga av utlån på grunn av innverknaden nedskrivnings-vurderingane har for verdien, og det faktum at bruk av skjønn har ein mogeleg verknad på resultatet for perioden. I tillegg er det ein ibuande risiko for feil på grunn av kompleksiteten og mengden data som vert nytta i modellen.

IFRS 9 vart implementert med verknad frå 1. januar 2018. Den største endringa dette medfører samanlikna med det tidlegare regimet er at nedskrivningsmodellen no skal reflektere forventa kredittap mot tidlegere vart utrekna nedskrivningane basert på kredittap som har skjedd.

Bruk av modellar for å rekne ut venta kredittap omfattar bruk av skjønn. Vi har særleg fokusert på:

- klassifisering av porteføljene etter risiko og type segment;
- identifisering av lån der det har vore ein vesentleg auke i kreditrisikoen,
- korleis låna vert kategorisert i ulike trinn;
- ulike parametere som tapsgrad, nedbetalingsfaktorar og scenario

Ved vår revisjon av tapsavsetningane har vi vurdert og testa utforminga og effektiviteten av kontrollar for kvalitetssikring av nyttå føresetnader og utreknings-metodar. Vidare har vi testa detaljar både i avsetningane som er utrekna ved bruk av modellen og i avsetningane som er utrekna individuelt.

Vi har opparbeidd oss ein detaljert forståing av prosessen og testa relevante kontrollar retta mot å sikre:

- kalkulasjonar og metode som vart nytta
- at modellen som vart nytta var i samsvar med rammeverket og at modellen fungerte som den skulle
- truverde av og presisjonen i data som vart nytta i modellen.

Vår testing av kontrollane ga ingen indikasjon på vesentlege feil i modellen eller avvik frå IFRS 9.

For utlån der nedskrivningsbeløp var individuelt utrekna testa vi eit utval ved å vurdere realisasjonsverdien som leiinga hadde lagt til grunn for å underbygge utrekninga av nedskrivningsbeløpet. Vi utfordra dei føresetnadane som leiinga hadde lagt til grunn ved å intervjuje kredittmedarbeidarar og leiinga.

Vidare testa vi om utlån med individuelle tapsavsetningane var korrekt klassifisert i modellen og vurderte rimeligheta av dei totale tapsavsetningane.

Avvik som vart avdekka i vår testing var ikkje vesentlege.

Konsernet sin og morbanken sin note 1 og note 18 til rekneskapen er relevante for å skildre selskapet sin tapsmodell og for å skildre korleis selskapet estimerer sine tapsavsetningane etter IFRS 9. Vi har lest notane og fann at informasjonen knytt til tapsmodell, ulike parametre og skjønnsmessige vurderingar var tilstrekkelege og dekkande.



I tillegg vert det gjort individuelle avsetningar for utlån der det ligg føre objektive indikasjonar på verdifall. Denne vurderinga krev også at leiinga brukar skjønn.

IT system som støttar finansiell informasjon

Vi har fokusert på dette området fordi banken sine finansielle rapporteringssystem og verksemd er avhengig av komplekse IT-system. Eventuelle manglar i automatiserte prosessar og tilhøyrande IT avhengige manuelle kontrollar kan medføre problem knytta til den løpende drifta av IT-systema og risiko for feil.

Banken nyttar eksterne serviceleverandørar for å drifte enkelte sentrale IT-system. Revisor hos dei relevante serviceorganisasjonane er nytta til å evaluere design og effektivitet av interne kontrollar og for å teste etablerte kontrollar som skal sikre integriteten av IT-systema som er relevante for finansiell rapportering. Desse revisorane testar også integriteten i systema for utrekning av renter og provisjonar. Vi har gått gjennom tilsende rapportar og vurdert moglege avvik og tiltak. Vi har også gjennomført testing av tilgangskontrollar til IT-system og arbeidsdeling der det var nødvendig av omsyn til vår revisjon.

Våre vurderingar og kontrollar viser at vi kan bygge på banken sine system for IT og betalingsformidling i vår revisjon.

Ytterlegare informasjon

Leiinga er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga.

Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje ytterlegare informasjon, og vi atesterer ikkje den ytterlegare informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon.

Dersom vi konkluderer med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagde å rapportere det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at han gir eit rettvisande bilet i samsvar med International Financial Reporting Standards som fastsett av EU. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilskikt.

Ved utarbeidingsa av årsrekneskapen er leiinga ansvarleg for å ta standpunkt til selskapet og konsernet si evne til å halde fram med drifta, og opplyse om tilhøve av betyding for dette. Føresetnaden om at



drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen med mindre leiinga enten har til hensikt å avvikle konsernet eller legge ned verksemda, eller ikkje har noko realistisk alternativ til dette.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Målet med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilskikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisionsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilskikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjørder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisionsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoene for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilskikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoene for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekkja, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilskikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei mening om effektiviteten av selskapet og konsernet sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er formålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningane som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av framleis drift-føresetnaden ved fastsetting av årsrekneskapen er formålstenleg og om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betyding om selskapet og konsernet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer konklusjonen vår om årsrekneskapen og årsmeldinga. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoane for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet og konsernet ikkje held fram med drifta.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggende transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvisande bilet.
- innhentar vi tilstrekkeleg og formålstenleg revisjonsbevis knytt til den finanzielle informasjonen til einingane eller forretningsområda i konsernet for å kunne gi uttrykk for ei





pwc

meining om den konsoliderte årsrekneskapen. Vi er ansvarlege for å leie, følge opp og gjennomføre konsernrevisjonen. Vi åleine er ansvarlege for vår revisjonskonklusjon.

Vi kommuniserer med styret mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betyding som vi har avdekka i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betyding i den interne kontrollen.

Vi gir styret ei melding om at vi har etterlevd relevante etiske krav til uavhengighet, og om at vi har kommunisert og vil kommunisere med dei alle relasjonar og andre tilhøve som innanfor rimelege grenser kan tenkast å kunne påverke uavhengigheten vår, og, der det er relevant, om tilhøyrande åtgjerder.

Av dei sakene vi har kommunisert med styret, tar vi standpunkt til kva for saker som var av størst betydning for revisjonen av årsrekneskapen for den aktuelle perioden, og som derfor er sentrale tilhøve ved revisjonen. Vi omtaler desse sakene i revisjonsmeldinga om ikkje lov eller forskrift hindrar at saka vert gjort offentleg, eller dersom vi, i ekstremt sjeldne tilfelle, avgjer at ei sak ikkje skal omtala i revisjonsmeldinga sidan ein må rekne med at dei negative følgjene av ei slik offentleggjering innanfor rimelege grenser oppveg allmenta si interesse av at saka vert omtala.

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, meiner vi at opplysningsane i årsmeldinga og i utgreiingane om føretaksstyring og samfunnsansvar om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget til resultatdisponering er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «*Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenkle revisorkontroll av historisk finansiell informasjon*», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Bergen, 6. mars 2019
PricewaterhouseCoopers AS

Jon Haugervåg
Statsautorisert revisor



TEMASIDER

- EIN STØTTESPELAR GJENNOM GENERASJONAR



Langrenn: Om det er offisielle krinsrenn, skileik eller påskerenn – Indre Sogn Sparebank står distansen ut. Eik Ibsen, 7 år, går i mål på Aosanrennet 2018.

- *Indre Sogn Sparebank er ein støttespelar det rett og slett ikkje finst maken til.*

Magne Knudsen er sikker i si sak, og han veit kva han snakkar om. Etter at politibetjenten fra Finnmark kom til Årdal i 1994, vart han raskt engasjert i barneidrettsgruppa til Årdalstangen Idrettslag.

- Då oppdaga eg også fort kor viktig det var og er å ha ein støttespelar som Indre Sogn Sparebank på laget. Samarbeidet oss imellom har vore fantastisk i alle desse åra – og i mange, mange år før mi tid i idrettslaget.

Knudsen trekk fram Seimsåsen aktivitetssenter som eit av dei fremste døma på kva slags rolle

ein lokalbank spelar for utviklinga av både idrett, anlegg og lokalsamfunnet.

- I desember 1999 overtok me offisielt Aosahytta, skihytta på Seimsåsen – gjeldfri.

Gjennom heile dette prosjektet, som i hovudsak er utført med fleire tusen dugnadstimar, ein stor bidragsytar. Det handlar ikkje berre om sponsorstøtte til idrettslaget, for oss handla det også om å ha ein trygg og stabil støttespelar som låneytar og garantist. Det har gjort at me har kunna utvikla anlegget rundt Aosahytta til å bli ein regionalt anlegg for ski og friluftsliv som er i bruk sommar som vinter av både bygdefolket og tilreisande.





Aosahytta: Mangeårig leiar i Årdalstangen idrettslag, no leiar i skigruppa, Magne Knudsen framfor Aosahytta, som laget overtok gjeldfri for snart 20 år sidan. Seimsåsen er blitt regionalt hovudanlegg for ski og friluftsliv. (Foto: ÅTIL ski)

Indre Sogn Sparebank har gjennom generasjonar vore ein støttespelar for dei aller fleste frivillige lag i lokalsamfunna i nedslagsfeltet inst i Sognefjorden anten det er snakk om ballspel, skyting, turn, musikkorps eller andre kultur- og fritidsaktivitetar. Banken er også ein viktig bidragsytar i samband med store og små arrangement. Målrock er kanskje det fremste dømet på dette.

- Indre Sogn Sparebank har gjennom alle dei 15 åra festivalen har eksistert vore generalsponsor for Målrock, heilt fantastisk med slik trufast støtte. Indre Sogn Sparebank gjev oss trua og given til å halda fram med festivalen, seier festivalsjef Thomas Norheim Moen.
2018 markerte 15 årsjubileum for Målrock, som i inneverande år går mot sitt 17. arrangement i Meieriparken.

Kjensla er gjensidig, skal ein tru administrerande banksjef Egon M. Moen.
- Som ein ekte lokalbank har Indre Sogn Sparebank stort fokus på lokalsamfunnet. Det betyr mykje for eit lokalsamfunn å ha ein lokalt forankra bank som satsar på å vera til stades og er styrka i trua på at det er mogleg å driva lokal utvikling. Lokal kapital er viktig for eit lokalsamfunn, seier han, og legg til:

- Målrock set Årdal på kartet og det er veldig kjekt å få vera med som ein sentral aktør. Festivalen skapar store verdiar for lag og organisasjonar som kjem lokalmiljøet til gode.

Nettopp dette er også essensen i idrettsleiaren Magne Knudsen sin bodskap. Han er dessutan lensmann i Årdal og framhevar det tette og gode samarbeidet Indre Sogn Sparebank har med Årdal Tenk Trygggleik, paraplyorganisasjonen som syter for at Årdal sin status som Trygt Lokalsamfunn vert halden i hevd.

- Her er det mange som dreg lasset i lag, både politi, beredskap, fleire frivillige lag og ei rekke andre aktørar. Indre Sogn Sparebank har vore med oss heile vegen gjennom dei 30 åra Årdal Tenk Trygggleik har eksistert. Det gjer mellom anna at me kvart einaste år kan dela ut refleksvestar og sykkelhjelmar til dei aller yngste sambygdingane våre – det er verdifullt i forhold til å både knyta band til bygda og når det gjeld førebyggjande arbeid på mange ulike nivå. Forutsigbarheit, trygggleik og stabilitet er så viktige faktorar i alt me gjer, det er Indre Sogn Sparebank vår garantist for, seier Knudsen.



Fargerik fellesskap: Årdalstangen Idrettslag spelar i blått og gult, Jotun spelar i raudt og grønt – Indre Sogn Sparebank spelar på lag med dei alle.



Handbak: I Lærdal har det dei seinare åra utvikla seg eit råsterkt handbakmiljø som gjer seg bemerkja på nasjonalt nivå. Hanbakgruppa er opptekne av å skapa eit tilbod for absolutt alle, uansett alder, kjønn og nasjonalitet.



BÆREKRAFTIG SAMFUNNSENGASJEMENT



Sogn Fridykkarklubb: Medlemstalet er stadig aukande og det kan fort bli rundt 30 unge dykkarar på treningsane i bassenget, dei fleste av dei mellom 9 og 12 år. (Foto: Arvid Mellingen/Sogn Fridykkarklubb)

- Det å kunne gje noko attende, det er bærekraft for oss.

Marknadsansvarleg Laila Hansen har ein tidvis særstak vanskileg jobb. Ho administrerer nemleg banken sitt gavefond, det som blir kalla Gåveinsituttet, og er den som får søknadane på bordet to gonger i året.

Det kan handla om nye vindauge i ungdomshuset, nytt kjøken i skihytta i Fardalen, mini-fotballmål for dei aller, aller minste, støtte til plateinnspeiling, padlekurs, kunst og utsmykking eller datakurs for seniorar. Lista er lang, både over dei som har søkt og fått midlar frå Gåveinsituttet sidan det vart oppretta i 2011 – og over dei som faktisk har høve til å søka.

- Alle lag, organisasjonar og andre som har eit samfunnsnyttig prosjekt kan søka om gåver, er den enkle forklaringa. Vårt mål er at det på eitt eller anna vis skal komma ålmenta til gode.
- Og det rører seg så mykje i bygdene våre at

det er vanskeleg å plukka ut dei som får stønad frå fondet, seier Hansen.

Tanken bak Gåveinsituttet er Indre Sogn Sparebank ynskjer å gje noko attende til dei lokalsamfunna der banken har sitt nedslagsfelt. I motsetjing til sponsing, som handlar om gjensidige avtalar om profilering, er det her snakk om reine gåver.

- Indre Sogn Sparebank vil gje noko attende, vera ein bidragsytar og ein samfunnsaktør. Det ynskjer me fordi det er viktig for oss å kunna bidra til å bevare og utvikla lokalsamfunna våre – det er bærekraft for oss, seier Hansen.

Det er generalforsamlinga som avgjer kor stor del av banken sitt overskot som skal plasserast i gavefondet. Målet har i ei årrekke vore å komma opp i 20 millionar kroner. Lista over dei som har motteke gåver til no er





Indre Sogn Kystlag: Restaurerer gamle båtar og byggjer nye som eit ledd i å leggja til rette for auka turisme langs fjordane i Sogn. (Foto: Sogn Avis)



Rock camp: Hugin Musikkforum skipa til rock camp for unge rockarar med proffe instruktørar, mellom anna takka vera støtte frå Gåveinsituttet. Produsent Alf Magne Hillestad instruerer unge trommistalent. (Foto:Hanne Stedje/Sogn Avis)



Sogndal skulemusikk: Instrument er kostbare, men resultatet av investeringa er verdifullt både for dei som spelar – og for publikum. (Foto: Sogn Avis).



Doktarheimen aktivitetssenter: Det betyr så mykje å ha ein stad å vera. I Lærdal har Doktarheimen no fått opparbeidd eit flott uteområde som vert mykje nytta. Her frå sjørøvarfest der gruppa Longhorn spelte opp til dans.(Foto: Sogn Avis)

lang. Seniornett i Lærdal, til dømes, har fått støtte til innkjøp av datamaskiner og opplæring for seniorar. Indre Sogn Kystlag som tilrettelegg for økoturisme på og ved fjordarmane i Sogn, Hegg skyttarlag fekk til innkjøp av resultat- og visningsutstyr.

Sogn fridykkarklubb og Sogndal idrettsråd fekk midlar til utstyr, opplæring og aktivitetar for born og unge, Doktarheimen aktivitetssenter som jobbar med psykisk helse i Lærdal, dei fekk midlar til opparbeiding av uteområdet, Hugin musikkforum som fekk støtte til Rock camp for ungdom eller Sogndal musikkforum som var med på å arrangera ein fantastisk konsert i samband med Stedje kyrkje sitt 150 årsjubileum.

Årdal gålag ville utbetra stien oppover mot Nystølen i Indre Ofredal, Bulder og Brak ville

arrangera kajakkskule for born og unge, Indre Sogn Asvo ville engasjera ein lokal kunstnar til å smykka ut lokala sine ved Hæreidselvi. Ketil Thorbjørnsen, kjend som Verdsmannen, ville spela inn plate. Felles for dei alle er at dei syslar med sitt som på eitt eller anna vis er med på å glede og tena ålmenta, og overalt i Indre Sogn finst det synlege bevis på kva Gåveinstituttet står for i praksis.

- Å spa pengar ved å stogga sponsing og tiltak som Gåveinstituttet, vil vera som å stogga klokka for å spa tid. Eg er sikker på at banken har att for dette i stor grad, meiner Laila Hansen.

Til no kan rundt 140 mottakarar av gaver garantert skriva under på at det er sant.



- SAMAN ER ME STERKE



Lagar storbank: Representantar for styra i dei tre bankane vedtok i juni fusjonsplanen. Frå venstre Banksjef i Aurland, Gunnar Skahjem, styreleiar i Aurland Sparebank, Arve Tokvam, administrerande banksjef i Indre Sogn Sparebank, Egon M. Moen, nestleiar i styret Siv Enerstvedt, styreleiar i Vik Sparebank, Olav Vikøren og banksjef i Vik Sparebank, Mads Arnfinn Indrehus. (Foto: Kjell Eldegård/Sogn Avis)

1. april 2019 blir sjølve merkedagen for nye Sogn Sparebank.

Det er så langt frå nokon aprilspøk som det er mogleg å komma. I staden blir det ein merkedag og ein milepæl på tvers av kommunegrensene i Årdal, Lærdal, Aurland, Vik og Sogndal – i tillegg til Bergen. 1. april 2019 er dagen då Indre Sogn Sparebank, Vik Sparebank og Aurland Sparebank formelt blir Sogn Sparebank.

I juni 2018 kom meldinga om at dei tre bankane hadde vedteke å gå i tingingar om ein mogleg fusjon. Den endelege avtalen vart lagt fram for dei respektive generalforsamlingane og signert den 18. desember 2018, også det ein milepæl for Indre Sogn Sparebank.

Målet med fusjonen er å bevare lokalbanken og rigga seg for framtida.
Me vil bevare lokal styring og vera ein

slagkraftig bank. Alternativet er å bli slukt av dei store, seier styreleiar i Indre Sogn Sparebank, Morten Kristiansen, som også vert styreleiar i nye Sogn Sparebank. Nestleiar vert Arve Tokvam.

- Den fusjonerte banken blir ein solid sparebank som er godt forankra i midtre og indre Sogn. Sogn Sparebank vil styrka konkurransen til fordel for både privat-kundar og næringslivet i regionen, seier administrerande banksjef Egon M. Moen. Han overlet dermed roret og tittelen til Mads Arnfinn Indrehus.

Det nye bankkonsernet vil ha 52 tilsette i fem kommunar og ein forvaltningskapital på 7,8 milliardar kroner.
Viktige faktorar for fusjonen har vore å få

etablert eit større fagmiljø, bli meir konkuransedyktige og få større løfteevne overfor lokalt næringsliv. Sogn Sparebank skal vera til stades der kundane bur med dyktige rådgjevarar for både privatkundar og bedrifter, seier Egon M. Moen.

Konklusjonen er at Sogn Sparebank er eit samlande namn som tydeleg viser kva som er nedslagsfeltet til den nye banken.

- Den nye banken skal sikra eit godt og breitt

banktilbod. Difor er Sogn Sparebank rett namn for vidare utvikling, både som merkevare og med tanke på geografisk plassering, seier Moen, som meiner fusjonsavtalen dannar eit godt grunnlag for både banken, dei tilsette, regionen og alle kundane.

- Me ser fram til å bli ein større bank med eit sterkare fagmiljø. Me skal henta det beste frå dei tre bankane for å bidra til vekst og utvikling i Sogn. Saman er me sterke, seier Egon M. Moen.



18. desember 2018: Ein historisk dag for Indre Sogn Sparebank då funsionsplanane vart endelege vedtekne i generalforsamlinga. (Foto: Indre Sogn Sparebank)



Over 50 tilsette: Den nye banken får over 50 tilsette i tilSAMAN seks kommunar. Denne blide gjengen held hus ved avdelinga på Tangen. Frå venstre: Stine Fossen, Ruth Laberg, Egon M. Moen, Catrin Sandnes og Marianne Sundal.



MILEPÆLAR I SOGA OM INDRE SOGN SPAREBANK

- Opna 18.mars 1972 etter ein fusjon mellom Årdal Sparebank, Lærdal Sparebank og Borgund Sparebank. Banksjefen i Årdal, John Enerstvedt, vart Indre Sogn Sparebank sin første administrerande direktør.
- I 1973 kom avdelinga i Øvre Årdal inn i nye lokale.
- 9. desember 1974 vart eit heilt nytt ekspedisjonsbygg i filialen på Borgund klart til innflytting.
- Fasaden ved hovudkontoret på Årdalstangen vart endra i 1977 som følgje av ei millioninvestering.
- I 1979 dukka den første minibanken opp ved filialen i Øvre Årdal. I 1985 fekk også Tangen og Lærdal eigne minibankar.
- Datterselskapet Indre Sogn Sparedata, seinare Sogn Sparedata, vart etablert i januar 1986.
- I 1986 starta banken fusjonstingingar med Sparebanken ABC etter at banken trekte seg ut av arbeidet med å få etablert ein fylkesbank. Desse tingingane stranda før dei kom skikkeleg i gang. I ettertid ser ein at det var eit gode at Indre Sogn Sparebank heldt fram som sjølvstendig bank, for sjølv om bankkrisa også nådde Indre Sogn, overlevde banken i motsetnad til mange sparebankar rundt om i landet. Sparebanken Sogn og Fjordane vart etablert i 1988, der åtte sparebankar var med i fusjonen, men Indre Sogn Sparebank valde å halda fram på eigahand.
- Ved hjelp av grunnfondsbevis vart eigenkapitalen styrka i 1989.
- I 1996 vedtok forstandarskapet å gjennomføra ny emisjon av grunnfondsbeviskapitalen på 25 millionar kroner. I vedtaket låg det også at banken skulle på børs gjennom å få grunnfondsbevisa notert på Oslo Børs. Dette skjedde 20.januar 1997. Med det vart banken den einaste verksemda med hovudkontor i fylket som var notert på børsen.
- 2. mai 1996 etablerte Indre Sogn Sparebank kontor i Sogndal.
- I 1997 var Indre Sogn Sparebank ein av åtte bankar som etablerte Sparebankenes investeringsselskap, seinare Terra-gruppen.
- I juni 2003 var det duka for ny eigenkapital-emisjon, der eigenkampitalen vart utvida med ytterlegare 25 millionar kroner. Neste milliard vart passert 31.desember 2005.
- 8. august 2007 markerte Indre Sogn Sparebank 100-årsjubileet til gamle Årdal Sparebank ved å henta supergruppa Toto til bygda. Forstandarskapen løyde ein betydeleg sum på bortimot ein halv million kroner og ønskte at det skulle brukast på eit stor kulturarrangement for heile bygda. Samlede billettinntekter gjekk uavkorta attende til lag- og organisasjonslivet i Årdal. Morten Abel og Popscore varma opp for Toto. Over 2000 menneske deltok i feiringa i Meieriparken.
- I oktober 2007 etablerte Indre Sogn Sparebank kontor i Valkendorfsgaten i Bergen.
- Banken passerte tre milliardar i forvaltningskapital i 2008.
- Gåvefondet, også kalla Gåveinsituttet, vart etablert i 2011.
- 1. april 2012 vart filialen på Borgund lagt ned og dei tilsette overførde til avdelinga i Lærdal.
- I 3. kvartal 2012 leverte Indre Sogn Sparebank eit historisk godt resultat med 31,8 millionar kroner i overskot etter skatt.
- I mars 2017 hadde Indre Sogn Sparebank æra og gleda av å vera vertskap for Norges Bank og Statens Pensjonsfond utland, som kom på vitjing til Sogndal. Det var fyrste gongen representantar for Norges Bank vitja ein lokalbank i Sogn.
- 18. desember 2018 vedtok generalforsamlinga i Indre Sogn Spank fusjonsplanen som gjer banken til ein del av nye Sogn Sparebank frå 1. april 2019.

SAMFUNNSANSVAR FOR FOLKEHELSE OG JULEGLEDE



MR-maskina: Eit spleiselaag Sogn har knapt makan til sytte for at Lærdal sjukehus no har tilbod om MR. Det var ein stor dag då direktør i Helse Førde, Arve Varden, tenestastadsleiar Margun Thue og ordførar Jan Geir Solheim stod for den offisielle opninga i desember 2018. (Foto: Sogn Avis)

- Det er vel neppe vanskeleg å skjønna at Indre Sogn Sparebank er banken for meg - for alltid!

Ordførar i Lærdal, Jan Geir Solheim, kvir seg ikkje for å snakka med store ord. Han meiner han har minst to store, synlege og handfaste grunnar akkurat i dette tilfellet.

Ordføraren var nemleg den som tok i mot gåva på ein million kroner som Indre Sogn Sparebank gav Lærdal kommune etter storbrannen i 2014. Han var også den som fekk klippa snora då den splitter nye MR-maskina endeleg kunne innvigast ved Lærdal sjukehus like før jul i 2018.

- Det å få den millionen betydde enormt mykje for oss i den situasjonen me var i, reint økonomisk, sjølv sagt – men også på eit psykologisk plan: me trengte verkeleg å vita at me hadde – og framleis har – slike støttespelarar iblant oss, seier ordførar Solheim.

Han har framleis kopi av sjekken hengande på kontoret sitt.

Etter at Lærdal vart råka av den altopp-slukande brannen i januar 2014, fann ordføraren seg med eit i spissen for det som





Store tap: Lærdal gjekk på store materielle tap etter brannen, men Jan Geir Solheim fekk ikkje den hjelpa han hadde håpa på frå regjeringen Solberg med statsminister Erna i spissen. (Foto: Sogn Avis)

ikkje var eit opprydningsarbeid, men eit attreisingsprosjekt.

- Me fekk beskjed frå høgste hald i regjeringa at me skulle legga ein samla plan i lag med fylkesmannen for korleis dette skulle gjerast. Men då me hadde planen klar, fekk me ikkje dei pengane me var lova, ikkje i ein slik grad at det kunne dekka alt me hadde bruk for, fortel Solheim.

Han gløymer ikkje den dagen under Lærdalsmarknaden då administrerande banksjef Egon M. Moen tok ordet og overrekte ein sjekk på ein million kroner som skulle gå til å gjenreisa lærdalssamfunnet.

- Eg var heilt himmelfallen over storleiken på den summen, innrømmer ordføraren.

- Og det var noko heilt spesielt i den symbolikken med at me befann oss i ei forferdeleg tid og møtte motstand frå staten – og så har me ein lokalbank som gjer dette for oss. Det var næraast surrealisk, må eg seia.

Milliongåva frå Indre Sogn Sparebank gjekk inn på den store kontoen som skulle nyttast til alle moglege attreisingsføremål.

- Det handla om heilskapen, og den var stor. Men desse midlane gjekk ikkje til å reparera utstyr som var øydelagt eller slike ting, den gjekk med til det me kallar dei myke verdiane. Me hadde behov for å syta for at spesielt borna våre og ungdommen fekk støtte og oppfølging, det handla om psykisk ettervern og omsorg – det brukte me mykje av denne summen på. Det var utruleg viktig og ei heilt rett prioritering, meiner ordføraren.

- Lærdal kommune treng støtte, både moralsk og økonomisk i denne tida. Dette er noko me i Indre Sogn Sparebank ynskjer å bidra med, sa administrerande banksjef Egon M. Moen. Gåva frå Indre Sogn Sparebank var den gongen også ein del av eit større bilet, eit spleiselag som verkeleg kom lokalsamfunnet og ålmænt til uvurderleg nytte. Det same skjedde då folk i Indre Sogn sette i verk ein det som næraast vart ein folkeaksjon tre år seinare for å få etablert eit MR-tilbod ved sjukehuset i Lærdal.

- Det hadde neppe gtt nokon annan stad, eg er mekig imponert, sa direktør i Helse Førde, Arve Varden, då han ønskte velkommen til

opning av MR-maskina ved Lærdal sjukehus. Innsamlingsaksjonen samla inn ti millionar kroner på tre månader og var eit spleislag dette fylket knapt har sett makan til.

Indre Sogn Sparebank støtta innsamlinga med 200.000 kroner.

Assisterande banksjef Karin Vikane sa under opninga i november 2018 at resultatet vitnar om at Sogn er ein region med menneske som bryr seg.

- Difor ville me også ta eit samfunnsansvar her.

Ordførar Jan Geir Solheim var stolt og glad då han fekk klippa snora. Tre månader seinare er han like stolt og glad for at MR-maskina verkeleg har styrka tilbodet ved Lærdal sjukehus, noko som også i stor grad er med på å utvikla lokalsamfunnet.

Også i Sogndal var Indre Sogn Sparebank ein viktig støttespelar då flammane råka.

Etter at Stedjetunet brann ned i desember 2017, var det fare for at Open julefeiring for

alle kanskje måtte avlyst. Takka vera stor frivillig innsats og ei flott gave frå Indre Sogn Sparebank, vart det ei gledeleg jul likevel.

Til saman 20 store og små samla seg i eit privathus i nærleiken og feira julekvelden i lag med tradisjonsrik meny, song, gåver og hyggjeleg samvære.

- Det var ei fin blanding av nokre familiar med born, ungdommar, nokre med utanlandsk opphav, andre på mellombels arbeidsoppdrag i Noreg, pensjonistar og einslege, fortel soknediakon Gitte Th. Torstad.

Saman fekk dei alle hjaarterom i julegåve og tilbakemeldingane har vore både mange og rørande.

- Det er så viktig at me øver oss på å vera gjestfrie og tenka litt vidt om dei tradisjonane me vil ivareta, legg ho til og rettar ein stor takk til huseigar Nils Stedje, alle dei frivillige og Indre Sogn Sparebank.

- Det var verkeleg til glede og oppmuntring for oss alle.



Takkar for gåva: Soknediakon Gitte Th. Torstad saman med Hilmar Bruheim og Ailin Kollsete Wiborg i Indre Sogn Sparebank, avdeling Sogndal.



FORHOLDSTAL



FORHOLDSTAL¹ (TAL I MILL.KR)

| | *2014 | *2015 | *2016 | 2017 | 2018 |
|--|-------------|-------------|-------------|--------------|-------------|
| Resultat i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital | | | | | |
| Renteinntekter | 3,97 | 3,17 | 2,81 | 2,62 | 2,59 |
| Rentekostnader | 2,28 | 1,61 | 1,01 | 0,88 | 0,87 |
| Netto renteinntekter | 1,69 | 1,56 | 1,80 | 1,73 | 1,72 |
| Utbute | 0,12 | 0,18 | 0,12 | 0,21 | 0,22 |
| Provisjonsinntekter m.v. | 0,62 | 0,60 | 0,65 | 0,63 | 0,62 |
| Provisjonskostnader m.v. | 0,08 | 0,09 | 0,09 | 0,08 | 0,08 |
| Netto vinst/tap på finansielle instrument | 0,17 | -0,04 | 0,00 | 0,09 | 0,09 |
| Resultatandel i investering tilknytt selskap | | | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| Andre driftsinntekter | 0,12 | 0,14 | 0,17 | 0,30 | 0,17 |
| Netto andre driftsinntekter | 0,94 | 0,80 | 0,85 | 1,14 | 0,92 |
| Løn og personalkostnader | 0,78 | 0,71 | 0,89 | 0,88 | 0,91 |
| Avskrivninger på driftsmidler | 0,11 | 0,11 | 0,13 | 0,11 | 0,07 |
| Andre driftskostnader | 0,74 | 0,86 | 1,00 | 0,91 | 0,85 |
| Sum driftskostnader før tap på utlån | 1,63 | 1,68 | 2,02 | 1,90 | 1,83 |
| Tap på utlån | 0,12 | 0,03 | 0,13 | 0,11 | 0,13 |
| Driftsresultat før skatt | 0,88 | 0,65 | 0,50 | 0,86 | 0,68 |
| Skattekostnad | 0,17 | 0,12 | 0,10 | 0,14 | 0,13 |
| Resultat etter skatt | 0,71 | 0,53 | 0,40 | 0,72 | 0,55 |
| Pensjonskostnad | -0,09 | -0,03 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| Finansielle eigendeler tilgjengeleg for sal | 0,22 | 0,28 | 0,06 | -0,24 | 0,25 |
| Utvda resultat etter skatt | 0,14 | 0,25 | 0,06 | -0,24 | 0,25 |
| Totalresultat | 0,84 | 0,78 | 0,46 | 0,48 | 0,80 |
| Hovudtal fra rekneskapet i MNOK. | | | | | |
| Netto utlån pr. 31.12 | 2 629,8 | 2 604,1 | 2 768,1 | 2 837,2 | 3 067,7 |
| Innskot pr. 31.12 | 2 402,9 | 2 395,3 | 2 446,7 | 2 703,2 | 2 853,5 |
| Gjennomsnittleg eigenkapital | 357,0 | 332,2 | 351,7 | 367,6 | 390,0 |
| Gjennomsnittleg forv.kapital | 3 493,6 | 3 412,6 | 3 322,9 | 3 478,8 | 3 677,5 |
| Forholdstal | | | | | |
| Kapitaldekning i % | 15,98 | 15,04 | 17,61 | 18,96 | 19,87 |
| Eigenkapital i % av forv.kap | 9,05 | 10,42 | 10,80 | 10,70 | 10,79 |
| Kostnadsprosent | 66,48 | 70,02 | 74,45 | 68,27 | 70,34 |
| Eigenkapitalrentabilitet i % etter skatt | 8,42 | 6,03 | 5,30 | 7,04 | 5,23 |
| Resultat pr. eigenkapitalbevis | 11,77 | 9,11 | 8,75 | 11,29 | 8,67 |
| Kurs pr. eigenkapitalbevis/Resultat pr. eigenkapitalbevis | 6,01 | 7,63 | 8,83 | 7,22 | 12,00 |
| Årsverk pr. 31.12 | 36,5 | 39,0 | 40,1 | 37,6 | 34,4 |

¹ Viser til notat «alternative resultatmål i Indre Sogn Sparebank pr. 31.12.2018»

* Åra 2013–2016 har omarbeida forholdstal etter prinsippending der renter fondsobligasjon blir ført mot eigenkapital.





TILLITSVALDE I INDRE SOGN SPAREBANK



TILLITSVALDE

Gjeld fra 04.04.2018

Generalforsamling

Kommunevalde

| MEDLEMER | | VARAMEDLEMER | | |
|---------------------|-------|--------------|------------------------|-------|
| Anne Kauppi | 16/19 | KOÅ | Ørjan Stedje Ylvisåker | 16/19 |
| Thomas Norheim Moen | 16/19 | KOÅ | Knut Opdal | 16/19 |
| Anne Inge Nedrehegg | 16/19 | KOL | | |

Kundevalde

| MEDLEMER | | VARAMEDLEMER | | |
|--------------------------|-------|--------------|-----------------|-------|
| Niels H. Larsen | 17/20 | KUÅ | Martin Andersen | 16/18 |
| Stine Dokken Andersen | 15/18 | KUÅ | Inger Bakken | 18/21 |
| Bente Kristin Øien Hauge | 18/21 | KUL | | |

Eigenkapitalbeviseigarvalde

| MEDLEMER | | VARAMEDLEMER | | |
|--------------------|-------|--------------|-------------------|-------|
| Jarle M. Teigen | 18/21 | | Tor Magne Gjerde | 18/21 |
| Ståle Øvstetun | 17/20 | | Kjell Arne Vigdal | S18 |
| Grzegorz Stefanski | S18 | | | |

* Håkon Seim Lysne vart vald til 1. varamedlem i styret for 18/19, det vart gjort suppleringsval for året 2018. Grzegorz Stefanski vald som varamedlem for perioden 17/20 vart vald som medlem i 2018 suppleringsval for Håkon Seim Lysne. Kjell Arne Vigdal suppleringsval for Gregoroz Stefanski for 2018.

Tilsettevalde

| MEDLEMER | | VARAMEDLEMER | | |
|--------------------|-------|--------------|-------------------------|-------|
| Svein Arve Myrland | 18/21 | | Hilmar Bruheim | 16/18 |
| Malene Ålhus | 18/21 | | Catrin Hestetun Sandnes | 17/20 |
| Magne Klepp | 16/18 | | | |

Valnemnd

| MEDLEMER | | VARAMEDLEMER | | |
|-----------------------|-------|--------------|---------------------|-------|
| Anne Inge Nedrehegg | 18/19 | KO | Thomas Norheim Moen | 17/18 |
| Stine Dokken Andersen | 18/20 | KU | Svein Arve Myrland | 18/21 |
| Ståle Øvstetun | 17/18 | EK | | |
| Malene Ålhus | 17/18 | T | | |

Styret

| MEDLEMER | | VARAMEDLEMER | | |
|------------------------|-------|--------------|---------------------|-------|
| Morten Kristiansen | 18/19 | | 1. Håkon Seim Lysne | 18/19 |
| Siv Enerstvedt | 17/18 | | 2. Mona K. Nytn | S18 |
| Jorunn Irene A. Nilsen | 18/19 | | Ruth Laberg | 18/19 |
| Torgeir Strypet | 17/18 | | | T |
| Anette Huun Jevnaker | S18 | T | | |

Leiarverv

| | | |
|-----------------------------------|---------------------|-------|
| Leiar for generalforsamlinga: | Anne Inge Nedrehegg | 17/18 |
| Nestleiar for generalforsamlinga: | Anne Kauppi | 18/19 |
| Styreleiar: | Morten Kristiansen | 18/19 |
| Nestleiar i styret: | Siv Enerstvedt | 17/18 |
| Leiar i valnemnda: | Ståle Øvstetun | 18/19 |

Forkortinger

| | | | |
|-----|---------------------------------------|----|-------------------------|
| KO | = kommunevald | KU | = kundevald |
| KOÅ | = kommunevald Årdal | KÅ | = kundevald Årdal |
| KOL | = kommunevald Lærdal | KL | = kundevald Lærdal |
| EK | = representant eigenkapitalbeviseigar | T | = representant tilsette |
| S | = suppleringsvalt | | |





INDRE SOGN SPAREBANK

Ekte lokalbank ved di side

ORG. NR.: 837 897 912

TELEFON: 57 64 85 10

WWW.ISSB.NO

NETTPOST@INDRESOGNSPAREBANK.NO

Øvre Årdal – Årdalstangen – Lærdal – Sogndal – Bergen

